

ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2025

Luster Sparebank 



Table of Contents

Bankåret 2025	4
Hovudtrekk i rekneskapen for 2025	6
Økonomiske utviklingstrekk 2025	7
Økonomiske utsikter frametter	7
Næringslivet 2025	8
Banken og lokalsamfunnet	9
Samfunnsansvar og berekraft	12
Banken og digitale løysingar	15
Føretaksstyring og organisering	15
Risikostyring, internkontroll og compliance	16
Samarbeidspartnarar	19
Personale – arbeidsmiljø	21
Utsiktene framover	23
Takk til kundar, tillitsvalde og tilsette	25
Resultatrekneskap	26
Balanse	27
Endring i eigenkapital	29
Kontantstraumoppstilling	30
Notar	31
Note 1 Generell informasjon	31
Note 2 Informasjon om vesentlege rekneskapsprinsipp	31
Note 3 Kritiske estimat	40
Note 4 Kapitalstyring og kapitaldekning	41
Note 5 Risikostyring	42
Note 6 Netto renteinntekter	47
Note 7 Segmentinformasjon	48
Note 8 Andre inntekter	48
Note 9 Løn og andre personalkostnader	49
Note 10 Lån og godtgjersle til tillitsvalde og leiande personar	49
Note 11 Pensjon	51
Note 12 Andre driftskostnader	52
Note 13 Transaksjonar med nærstående partar	52
Note 14 Leigeavtalar	53
Note 15 Varige driftsmidler	53
Note 16 Kredittrisiko	54
Note 17 Engasjement fordelt på kundegrupper og geografi	57
Note 18 Mislighaldne og tapsutsette engasjement	58
Note 19 Nedskrivingar og tap	60
Note 20 Sensitivitet	63
Note 21 Skattar	65

Note 22 Verkeleg verdi av finansielle instrument.....	66
Note 23 Klassifikasjon av finansielle instrument i balansen	69
Note 24 Likviditetsrisiko	69
Note 25 Renterisiko	70
Note 26 Valutarisiko.....	72
Note 27 Kursrisiko.....	72
Note 28 Renterisiko i utlånsporteføljen	72
Note 29 Store Engasjement	72
Note 30 Verdipapirer til verkeleg verdi over resultatet.....	72
Note 31 Andre eigendeler	74
Note 32 Innlån frå kredittinstitusjonar og finansforetak	74
Note 33 Innskot frå og gjeld til kundar	74
Note 34 Verdipapirgjeld.....	75
Note 35 Anna gjeld	76
Note 36 Garantiar og pantsetjingar.....	76
Note 37 Hending etter balansedagen	77
Nøkkeltal.....	78
Revisors beretning	80

Bankåret 2025

Styret i Luster Sparebank har gleda av å leggja fram banken sin rekneskap for 2025. Rekneskapen syner at banken er ein solid bank som gjennom god underliggjande drift leverer eit godt økonomisk resultat.

Som lokalbank er utviklinga til Luster Sparebank nær knytt til både dei økonomiske tilhøva i kommunen og regionen og den generelle økonomiske utviklinga i landet. Geopolitisk uro og auka proteksjonisme i handelspolitikken har påverka både norsk og internasjonal økonomi siste året. Saman med eit stort teknologisk skifte knytt til utvikling og bruk av kunstig intelligens, medfører dette uvisse knytt til den økonomiske utviklinga i norsk og internasjonal økonomi frametter. Prisveksten, som auka kraftig både i Noreg og hjå våre viktigaste handelspartnerar i etterkant av covid-19-pandemien, har no falle tilbake til lågare nivå. Norges Bank kutta som følgje av dette styringsrenta to gonger i 2025. Prisveksten er likevel framleis høgare enn inflasjonsmålet til Norges Bank. Dette medfører større grad av uvisse også knytt til den vidare renteutviklinga i Noreg. Den økonomiske aktiviteten lokalt og nasjonalt har vore god, men det er i større grad enn tidlegare større skilnadar mellom aktiviteten i ulike næringar. Medan auke i offentleg etterspurnad, positive bidrag frå ein svak kronekurs for eksportretta industri og god vekst i privat forbruk har gitt positive vekstimpulsar for ei rekkje næringar, har på den andre sida aktiviteten i mellom anna byggje- og anleggsbransjen vore svakare grunna eit høgare rentenivå og høg vekst i byggjekostnadar.

Konkurransen i bankbransjen er hard. Utviklinga av nye digitale løysingar, nye aktørar som utfordrar dei etablerte bankane og auka digital kompetanse i samfunnet, har medført at konkurransen mellom bankane i større grad er vorte nasjonal. I dette biletet er det avgjerande at banken kan tilby gode løysingar for kundane, og samstundes ha ei kostnadseffektiv drift. Styret er nøgde med å registrera at banken sitt løysingsforslag til kundane står seg godt i denne konkurransen, både lokalt og nasjonalt. Luster Sparebank har hovudmarknaden sin i Luster, men har over tid fått fleire og fleire kundar utanfor kommunen. 34 prosent av innskota og 60 prosent av utlåna kjem frå kundar utanfor kommunen.

«Saman når me måla dine!»

Bankens visjon

Styret legg vekt på at banken også frametter skal vera ein god og løysingsorientert medspelar som gjennom god lokalkunnskap og kjennskap til kundane, skal finna gode løysingar i tråd med banken sin visjon – «Saman når me måla dine!»

Banken sitt totalresultat for rekneskapsåret 2025 er på kr 76,40 millionar. For rekneskapsåret 2024 var totalresultatet på kr 77,53 millionar. Rentenettoen for 2025 er på 2,40 prosent. Rentenettoen er dårlegare enn i 2024. Hovudårsakene er sterk konkurranse om både innskot og utlån, samt eit lågare rentenivå

Andre driftsinntekter har auka i forhold til 2024. Utbytte på banken sin aksjeportefølje har vore høgare i 2025 enn i 2024. I tillegg har inntektene frå forsikring auka som følgje av lite skader i banken sin forsikringsportefølje.

Driftskostnader har gått opp frå kr 57,79 millionar i 2024 til kr 63,79 millionar i 2025. Styresmaktene krev at bankane må auke innsatsen mot kvitvasking, svindel og terrorfinansiering. Dette har medført fleire tilsette og auka investeringsbehov i system for å forebygge dette.


Kostnadsprosenten er definert som tilhøvet mellom driftskostnader og driftsinntekter. Driftsinntekter er definert som summen av rentenetto og andre driftsinntekter utanom vinstar på verdipapir. Luster Sparebank har ein kostnadsprosent på 43,17 prosent for 2025. Kostnadsprosenten til Luster Sparebank er låg i forhold til samanliknbare bankar og syner at Luster Sparebank har ei nøktern og kostnadseffektiv drift.

Etter tap er resultatet kr 95,91 mill. som er kr 3,92 millionar dårlegare enn resultat i 2024. Etter skatt og andre inntekter og kostnader er resultatet på kr 76,40 millionar.

Resultatet for år 2025 tilrår styret å nytte slik:

Avsetjing til gåver	kr 7.000.000
Overført til sparebanken sitt fond	kr 69.404.325
Sum disponert	kr 76.404.325

Forvaltningskapital, utlån inkludert overføring til bustadkredittselskap og innskot har alle auka i 2025. Forvaltningskapitalen har auka med 6,66 prosent. Utlån inklusiv overføring til Verd Boligkreditt AS har auka med 3,73 prosent. Innskota har auka med 8,94 prosent.



Banken har to utestående obligasjonslån i tillegg til innlån via Kredittforeningen for Sparebanker (KfS). Samla har banken ved årskiftet innlån frå verdipapirmarknaden inkl. KfS for kr 215,94 millionar. Av dette har kr 140,00 millionar forfall i 2026.

Konsolidert rein kjernekapitaldekning til banken pr. 31.12.2025 er 29,39 % mot 24,90 % pr. 31.12.2024. Eigenkapital i prosent av eigen balanse pr. 31.12.2025 er på 16,67 %. Luster Sparebank har ved utgangen av 2025 ein bokført eigenkapital på kr 855,71 millionar.

Rekneskapen er sett opp under føresetnad om vidare drift.

Hovudtrekk i rekneskapen for 2025

(tal i millionar kr)	2025	2024	2023	2022
Netto renteinntekter	120,7	118,5	102,1	78,9
Netto andre driftsinntekter	44,7	43,1	43,7	31,0
Sum driftsinntekter	165,4	161,6	145,8	109,9
Driftskostnader	63,8	57,8	50,7	47,4
Driftsresultat før tap og skatt	101,6	103,8	95,2	62,5
Nedskrivningar og tap på utlån	5,7	4,0	6,0	4,7
Resultat før skatt	95,9	99,8	89,1	57,8
Skatt	20,6	21,0	20,4	11,9
Andre inntekter og kostnader	1,1	-1,3	1,0	2,0
Totalresultat for rekneskapsåret	76,4	77,5	69,9	47,9

(i prosent av gj. forvaltningskapital)	2025	2024	2023	2022
Netto renteinntekter	2,40 %	2,52 %	2,25 %	1,80 %
Netto andre driftsinntekter	0,89 %	0,92 %	0,96 %	0,71 %
Sum driftsinntekter	3,29 %	3,44 %	3,21 %	2,51 %
Driftskostnader	1,27 %	1,23 %	1,12 %	1,08 %
Driftsresultat før tap og skatt	2,02 %	2,21 %	2,10 %	1,42 %
Nedskrivningar og tap på utlån	0,11 %	0,08 %	0,13 %	0,11 %
Resultat før skatt	1,91 %	2,13 %	1,96 %	1,32 %
Skatt	0,41 %	0,45 %	0,45 %	0,27 %
Andre inntekter og kostnader	0,02 %	-0,03 %	0,03 %	0,04 %
Totalresultat for rekneskapsåret	1,52 %	1,65 %	1,54 %	1,09 %

Gjennomsnittleg forvaltningskapital	5 021	4.692	4.538	4.388
-------------------------------------	-------	-------	-------	-------

Nøkkeltal (kr-beløp i mill.)	2025	2024	2023	2022
Forvaltningskapital	5 132	4.809	4.490	4.371
Brutto utlån til kundar	4 035	3.898	3.681	3.559
Innskot frå kundar	4008	3.679	3.373	3.250
Eigenkapital	856	785	712	647
Eigenkapitalprosent	16,67 %	16,33 %	15,85 %	14,79 %
Konsolidert rein kjernekapitaldekning	29,39 %	24,90 %	24,97 %	24,16 %
LCR	198 %	282 %	268 %	235 %
NSFR	138 %	141 %	147 %	148 %
Eigenkapitalrentabilitet etter skatt	9,17 %	10,53 %	10,12 %	7,36 %
Årsverk	27,0	25,0	23,3	21,6
Driftskostnader i % av inntekter eks. verdipapir	43,17 %	41,36 %	41,32 %	46, 77%
Driftskostnader i % av inntekter inkl. verdipapir	38,57 %	35,78 %	34,75 %	43,01 %

Økonomiske utviklingstrekk 2025

Året 2025 har vore kjenneteikna av omstilling på mange område. Norsk og internasjonal økonomi har måtta navigere i ei meir uforutsigbar verdsorden prega av geopolitisk uro, auka proteksjonisme og eit teknologisk skifte innan utvikling og bruk av kunstig intelligens. Verdsøkonomien har samstundes vist seg overraskande stabil i lys av dette. Vekstbiletet framover er likevel prega av uvisse.

Etter ein lang periode med uendra styringsrente valde Norges Bank i 2025 å setje renta ned i to omgangar til 4,0 prosent. Rentenedgangen har likevel vore mindre enn korleis ein antok den ville vera ved inngangen til året, hovudsakleg fordi prisveksten har halde seg høg og over målsetnaden til Norges Bank. Prisveksten (KPI) enda på 3,1 prosent i 2025 og ser ut til å bli liggjande over målet også i 2026. Det tekniske berekningsutvalet (TBU) anslår ei prisvekst på 3,0 prosent i 2026. Samstundes var den berekna årslønnsveksten 4,8 prosent frå 2024 til 2025, noko som gav reallønnsvekst for mange. Dette har styrkt kjøpekrafta til hushalda og bidrege til høgare privat forbruk. Saman med god fart i fastlandseksporten og auka offentleg etterspurnad har dette bidrege til at aktiviteten i norsk økonomi tok seg opp gjennom året. Førebelse nasjonalrekneskapstal viser at BNP for Fastlands-Noreg auka med 1,8 prosent frå 2024 til 2025, målt i faste prisar. Arbeidsmarknaden har også halde seg sterk, men arbeidsløysa har likevel auka noko. AKU-arbeidsløysa var 4,5 prosent ved utgangen av året, mot 4,0 prosent året før. Ei viktig forklaring er at arbeidsstyrken har vakse, særleg ved at fleire unge har kome inn og søkt arbeid.

Renteoppgangen dei siste åra har ført til at gjeldsveksten har avteke mykje både for hushald og verksemdar. For hushalda er rentebelastninga, målt som renteutgifter etter skatt i prosent av disponibel inntekt, på sitt høgaste nivå sidan 1990-talet. Samstundes blir kreditttilgangen for etablerte føretak vurdert som generelt god. For nystarta selskap og vekstbedrifter er situasjonen derimot meir krevjande. Dei opplever at tilgangen på risikovillig kapital og ventureinvesteringar i Noreg er markant lågare enn hos nabolanda og handelspartnerane våre.

Norske bankar hadde også i 2025 god lønsemd og låge utlånstap. Eigenkapitalbevisindeksen for norske bankar på Oslo Børs hadde ein oppgang på over 30 prosent i 2025. Soliditeten og likviditeten i bankane gjer dei godt rusta til å yte kreditt sjølv i tider med moderat økonomisk vekst. I 2026 vil Norges Bank truleg redusere likviditeten i pengemarknaden ved bruk av sentralbanksertifikat, noko som truleg vil bidra til auka påslag i pengemarknaden. Dette vil igjen kunne auka bankane sine finansieringskostnader.

Bustadmarknaden var prega av ei tydeleg todeling i 2025. Medan prisane på brukte bustader enda året med ein oppgang på 5 prosent, var nybustadmarknaden framleis prega av låg aktivitet, mellom anna fordi høge byggekostnader har gjort det lite lønsamt å starte nye prosjekt. For 2026 er det venta at kombinasjonen av auka kjøpekraft i hushalda og avgrensa tilbod av nye bustader vil halde fram med å presse prisane på brukte bustader oppover. Bustadinvesteringane er venta å få ei tydelegare gjeninnhenting først i 2027.

Økonomiske utsikter frametter

Det er stor uvisse rundt den økonomiske utviklinga frametter, men hovudbiletet for fastlandsøkonomien er moderat, men stabil vekst dei næraste åra. Den viktigaste motoren i denne utviklinga er venta å vere

forbruket i hushalda, støtta av at lønningane har stige raskare enn prisane. Samstundes vil offentleg etterspurnad, særleg knytt til forsvar og beredskap, kunne gi drahjelp til aktiviteten i fastlandsøkonomien.

Norges Bank har signalisert ei forsiktig normalisering av rentenivået framover. Tempoet i denne nedtrappinga vil likevel vere avhengig av at prisveksten fell vidare ned mot målet på 2 prosent, og at krona ikkje svekkjer seg vesentleg. Sjølv om renta er venta å kome noko ned frå dagens nivå, må hushalda rekne med at rentebelastninga vil forbli høg samanlikna med det førre tiåret.

Vi står òg framfor eit tydeleg skifte i det norske investeringsbiletet. Etter fleire år med svært høg aktivitet på norsk sokkel, er petroleumsinvesteringane venta å avta gradvis etter kvart som dei store utbyggingsprosjekta blir ferdigstilte. Dette vil merkast særleg i leverandørindustrien, som i aukande grad må sjå etter oppdrag i andre marknader. På den andre sida er forsvarsinvesteringane venta å vere høge, og bustadbygginga vil gradvis ta seg opp att. Kombinasjonen av auka kjøpekraft, stigande bruktustadprisar og truleg etter kvart lågare lånekostnader vil føre til at det blir meir lønsamt for utbyggjarar å setje i gang nye prosjekt, men det er venta at det vil ta lang tid før aktiviteten når tidlegare nivå.

Situasjonen i arbeidsmarknaden er venta å forbli relativt stabil. Sjølv om det kan bli noko fleire arbeidsledige i ein overgangsfase der fleire kjem inn i arbeidsstyrken, er det lite som tyder på eit kraftig tilbakeslag i sysselsetjinga. Den største uvissa på lang sikt er knytt til korleis kunstig intelligens vil endre arbeidslivet. Teknologien har potensial til å løfte produktiviteten, men vil òg krevje omfattande kompetanseutvikling og kunne endre inngangsporten til mange yrke.

Utsiktene for norsk økonomi heng tett saman med utviklinga internasjonalt, der geopolitisk uro framleis er den største nedsiderisikoen. Vedvarande handelsspenningar og auka bruk av tollbarrierar kan mellom anna forstyrre forsyningskjeder, svekkje etterspurnaden etter norske eksportvarer og påverke investeringsviljen. IMF anslår ein vekst i verdsøkonomien på 3,3 prosent i 2026, om lag på line med veksten i 2025.

Næringslivet 2025

Trass i to rentekutt i løpet av året er utfordringane med høgare kostnads- og rentenivå framleis gjeldande for næringslivet. Dette har påverka aktiviteten i enkelte bransjar, men med lokale variasjonar. Luster kommune har vidareført straumstøtta til det lokale næringslivet. Sjølv om straumprisane ikkje har vore like høge som for nokre år sidan, så er dette til god hjelp for verksemdene i kommunen. Sysselsetjinga lokalt har halde seg stabil i løpet av året.

Reiselivsnæringa

I 2025 var talet på gjestedøgn i Luster kommune høgt. Talgrunnlaget oppgitt i tabellen under gjeld hotell, camping og hytter i perioden januar t.o.m. august, og baserer seg på statistikk frå SSB. For mange reiselivsverksemdar i Luster var 2019 «all time high», før koronapandemien kom og skapte store utfordringar. I 2022 var ein tilbake på nivået før pandemien, og sidan den tid har talet gjestedøgn stige jamt. I 2025 har talet gjestedøgn nådd ein ny høgde, med 132.381 gjestedøgn per august.

Tal gjestedøgn på hotell, hytter og camping i Luster

År	2025	2024	2023	2022	2021	2020
Tal gjestedøgn	132 381	124 955	128 649	104 369	70 395	60 271

Statistikk for utanlandske gjestedøgn i 2025 syner at det er Tyskland med 21 225 gjestedøgn som er størst, etterfølgt av Nederland med 12 604, Frankrike med 6 927, Belgia med 5 801 og USA med 5 315.

Landbruk

I dei seinare åra har fleire bønder gjort betydelege investeringar innan mjølkeproduksjon, med investeringar i mellom anna mjølkerobotar. Banken har også i år hatt bønder som har investert både innan mjølkeproduksjon og nybygg innan sauenæringa.

Handel og teneste

Eit lokalt tilbod frå handels- og tenestebedrifter er viktig for innbyggjarane i Luster kommune, og me ser at verksemdene stadig gjer tiltak for å tilpasse seg endringar i marknaden. Slik sikrar ein at ein kan halde fram med å tilby eit breitt spekter av produkt og tenester til konkurransemessige vilkår.

Bygg- og anleggsbransjen

På nasjonalt plan er byggebransjen ein av næringane som har vorte sterkt råka av det høge rentenivået, og trenden med lågt tal nybygg frå 2023 og 2024 haldt fram i 2025 trass i to rentekutt. Dette skuldast blant anna at materialkostnadene i dag er vesentleg høgare enn for nokre år sidan. Lokalt har aktiviteten innan byggebransjen halde seg rimeleg bra, med nokre ferdigstilte byggeprosjekt og andre under utbygging. Mykje tyder på at rentenivået nådde toppen i 2024, og det vert spanande å sjå effekten frå kutta i 2025 perioden som kjem.

Oppsummering

2025 har jamt over vore eit bra år for næringslivskundane til Luster Sparebank. Banken har nokre bedrifter som har utfordringar med å betene sine låneengasjement, og slik vil det alltid vere. Årsakene til dette varierer frå bransje til bransje. Enkelte har over tid hatt for dårleg inntening og opparbeidd seg for mykje gjeld. Fleirtalet av verksemdene leverer likevel stabile og gode resultat over tid. Luster Sparebank har også bedrifter som satsar på utviding og auka aktivitet. Som lokalbank prøver Luster Sparebank etter beste evne å hjelpe etablerte og nye verksemdar med finansiering og råd, og på den måten bidra til eit aktivt næringsliv. Det er såleis gledeleg å sjå at størrelsen på næringslivsporteføljen har auka. Dette er ei stadfesting på at banken sitt beteningskonsept med rask og personleg service vert verdsett både hjå eksisterande og nye kundar.

Banken og lokalsamfunnet

Luster Sparebank bidreg årleg med betydelege midlar til frivillige lag, organisasjonar og aktivitetar i lokalsamfunnet. Banken er hovudsponsor for alle dei fem idrettslag i Luster kommune, samt Sogndal

Idrettslag og Studentspreten i Sogndal kommune. Vidare har banken samarbeidsavtalar med Luster Røde Kors, Luster Turlag, Sogndal Turlag, Lustrabadet, Sogn Skisenter, Hafslo Skyttarlag, Luster Sportsskyttarlag, Sogndal Fotball, Luster Folkeakademi, ViteMeir, Stiftinga Wittgenstein i Skjolden og Luster Sykkellubb.

Alle samarbeidsavtalane med idrettslaga vart i 2025 fornya for fire nye år.

Avtalane med Luster Røde Kors, Hafslo Skyttarlag, Luster Folkeakademi og Stiftinga Wittgenstein vart også fornya i 2025. Dei resterande avtalane er framleis aktive.

I tillegg til dei faste samarbeidsavtalane har banken gjennom året støtta ei rekke små og store enkeltarrangement.

Gåver og tilskot

Luster Sparebank deler kvart år ut ein del av overskotet som gåver til allmennyttige føremål. I 2025 fekk omlag 170 lag og organisasjonar gåvemidlar. Av desse fekk 113 ulike lag og organisasjonar tildeling ved den årlege gåvetildeling vedteken av Generalforsamlinga, medan resterande gåver vart handsama og vedtekne av styret.

Av gåvene styret har løyvd, kan det nemnast:

- **Stiftinga Ormeli** – Oppattbygging av løe i Ormeli
- **Hafslo Sogelag** – Oppattbygging av husmannsplassen Kvalen
- **Jostedal Ungdomslag** – Restaurering av Dølaheimen
- **Botn Vel** – Bygging av pumptrack og leikeplass
- **Kvitevodl Velforeining** – Bygging av leikeplass
- **Fortun Bygdalag** – Fortunsdalen besøkssenter (klatreparken i Krukla)
- **IL Bjørn** – Oppgradering av område rundt pumptracken i Gaupne
- **Luster Idrettslag** – Oppattbygging av lysløypa på Jøng
- **Furåsen/Fuglesteg Fortun Veglag** – Oppattbygging av veg
- **Hjartestartarar** – Hodlekve og Jostedalen
- **Sogndal Idrettslag** (orientering, langrenn og alpint)
- **Ungdomsklubbane i Luster** (Gaupne og Hafslo)

I tillegg til desse har styret løyvd gåvestøtte til ei rekke andre gode føremål. Det er løyvd totalt kr 6 016 903,- til gåver i 2025.

Banken vil òg trekke fram utdelinga av kultur- og næringsstipend til ungdom, som fann stad under Lustramarknaden i 2025. Stipenda skal støtte unge mellom 16 og 25 år som har ambisjonar om å

vidareutvikle talentet sitt. Stipendet går til dei som satsar målmedvite for å ta eit steg vidare innan song, musikk eller anna kultur, vil utvikle seg innan idrett/sport, eller har gode idéar og planar om å drive eiga næringsverksemd.

I 2025 fekk seks talentfulle ungdommar stipend på kr 10 000,- kvar, som ei anerkjenning av innsatsen deira og motivasjon til vidare utvikling.

Sparebankveka

Sparebankveka i 2025 vart gjennomført 3. – 7. november. Alle som kan syne til at dei har spart noko i løpet av året, enten i sparegrisen sin eller rett på konto, fekk premie. Årets tømmepræmie var turbestikk, som vart svært godt motteke. I tillegg vart det trekt ut to vinnarar som fekk kvar sin iPad.

Sparebankveka er framleis eit av årets store høgdepunkt for mange, og både i Gaupne og på Hafslo var det godt besøk gjennom heile veka.

Temamøte for næringslivet

Luster kommune og Luster Sparebank har i mange år samarbeidd om å arrangere møte og kurs for næringslivet i kommunen og Sogn elles. Tema har variert breitt gjennom åra, og både interessa og tilbakemeldingane har vore svært gode. I 2025 vart det arrangert to temamøte for næringslivet.

Det første møtet var på Eikum Hotell, der Ragnar Torvik gav ei oppdatering på dei globale og nasjonale økonomiske utsiktene, og korleis dette påverkar oss i Luster og Sogn. Odd-Bjørn Hjelmeset delte deretter historia om reisa si frå å vere verdas raskaste på ski til å skape dei raskaste leveringstidene i etikettbransjen.

Det andre temamøtet vart arrangert på Gaupnetunet, med temaet «Vasskraft og betydninga denne har for Luster». Her orienterte representantar frå dei store aktørane innan vasskraft om status, framtidsplanar og betydninga av vasskraft for lokal verdiskaping.

Begge møta hadde svært godt oppmøte, noko som understrekar engasjementet og interessa i det lokale næringslivet.

Lokalmarknaden

Folketalsutvikling i Luster:



År	Innbyggjarar	År	Innbyggjarar
1970	5.126	2021	5.246
1980	5.102	2022	5.302
1990	5.172	2023	5.371
2000	5.003	2024	5.432
2010	4.945	2025	5.478

Det er svært viktig for utviklinga i kommunen at folketalet vert oppretthalde. Det er då gledeleg å sjå at det har vore ei positiv folketalsutvikling dei siste åra. Statistisk Sentralbyrå (SSB) sine framskrivingar syner likevel at kommunen kan få ein nedgang i folketalet på lengre sikt, særleg etter 2030. Luster kommune har ein relativt høg andel innbyggjarar i aldersgruppa over 65 år, og har dermed ei aldrande befolkning i følgje tal frå SSB.

Ei utfordring for Luster, til liks med mange andre distriktskommunar, er at ein svært stor del av ungdommane tek høgare utdanning i andre delar av landet, og at arbeidsmarknaden for personar med slik utdanning er avgrensa. Luster er likevel i ein betre posisjon enn mange andre distriktskommunar grunna kort avstand til Sogndal og Leikanger. Det er viktig at Luster klarar å halde på den yngre delen av befolkninga for å sikre ein folketalsvekst også i tida framover.

NAV sin statistikk syner at det var registrert 69 arbeidsledige i Luster kommune ved utgangen av 2025. Arbeidsledigheita held seg stabilt samanlikna med året før. Tilsvarende tal for 2024 var 67.

Samfunnsansvar og berekraft

Luster Sparebank skal vere ein sjølvstendig og frittståande bank som skal spela ei aktiv rolle i utviklinga av lokalsamfunn og næringsliv. Arbeid med berekraft, likestilling og å forhindre økonomisk kriminalitet ligg sentralt til banken sitt samfunnsansvar.

Berekraft

Luster Sparebank har som ambisjon å bidra til eit betre miljø, støtta opp under EU sitt mål om reduksjon av klimautslepp, identifisere klimarisiko, styrke konkurransekrafta til banken og vere attraktiv for kundar og andre interessentar. Dette skal me nå ved å redusere eigne utslepp, gjere ansvarlege investeringar, gåvetildelingar, sponsorverksemd og ved å påverke og legge til rette for at leverandørar og kundar kan gjere berekraftige val og investeringar. Banken tilbyr ulike produkt til kundane, som grønt bustadlån, grønt billån, miljølån og grønt næringslån, for å stimulere kundane til å gjere berekraftige val og investeringar. Banken har ein styrevedteken strategi for berekraft.

Banken har vore sertifisert som Miljøfyrtårn sidan 2011 og blei resertifisert i 2025. Sertifiseringa inneber dokumentasjon og vurderingar innan verksemdsstyring, arbeidsmiljø, innkjøp, ressursbruk, sirkulærøkonomi,

klimagassutslepp og verdikjeder. Miljøfyrtårn fungerer som eit viktig kvalitetsstempel for bankens arbeid med klima, miljø og arbeidsmiljø, og bidreg til redusert miljøbelastning og styrkt konkurransekraft.

Banken har i 2025 rapportert i samsvar med openheitslova. Dette inneber mellom anna gjennomføring av aktsemdsvurderingar knytte til anstendige arbeidsforhold og menneskerettar i eiga verksemd og i den øvrige verdikjeda. Banken arbeider kontinuerleg med å vidareutvikle metodar for oppfølging av leverandørar og samarbeidspartnarar, og har som mål å gjere arbeidet meir risikobasert, slik at rapporteringa blir mest mogleg treffsikker og påliteleg. I juni 2025 publiserte banken sine aktsemdsvurderingar knytte til leverandørar og samarbeidspartnarar. Desse er tilgjengelege under «Om Luster Sparebank» på banken sine nettsider. Det er ikkje avdekt vesentlege brot gjennom kartlegginga i 2025.

2025 har vore eit år prega av vesentlege endringar i EU sine regulatoriske krav til rapportering. Det er vedteke endringar i direktivet for berekraftsrapportering (CSRD), som inneber at eit betydeleg mindre tal verksemdar vil vere omfatta av dei regulatoriske rapporteringskrava innan berekraft, inkludert banken.

Indikasjonar på at EU sitt fokus i aukande grad vert flytta frå rapportering til risikostyring, påverkar banken sitt arbeid med berekraft. Dette må sjåast i samanheng med kapitalkravsdirektivet (CRD 6), som skjerpar krava til både små og store bankar når det gjeld handtering av ESG-risiko. Krava inneber at banken skal ha robuste strategiar, retningslinjer, prosessar og system for identifisering, måling, styring og overvaking av berekraftsrisiko. Scenarioanalysar, stresstestar og vurderingar over ulike tidshorisontar skal leggjast til grunn i dette arbeidet. Banken skal, i samarbeid med Lokalbanksamarbeidet, tilpasse seg dei komande krava i løpet av 2026.

Klimarisiko utgjer ein stadig større del av bankens totale risikobilete, og blir følgjeleg eit viktig område framover. Klimaendringar påverkar banken direkte, men også indirekte gjennom eksponeringar til både private hushaldningar og næringsliv. Klimarisiko skal i større grad integrerast i bankens risikovurderingar og kredittprosessar. Klimarisiko blir rapportert i samsvar med Task Force on Climate-related Financial Disclosures (TCFD), og banken har publisert sin TCFD-rapport på bankens heimeside.

Banken si direkte påverknad på ytre miljø er avgrensa, då verksemda i hovudsak omfattar finansiell tenesteyting utan vesentleg fysisk produksjon eller utslepp. Miljørelaterte forhold er vurderte gjennom den doble vesentligheitsanalysen som banken gjennomførte i 2024, der klimaendringar vart identifiserte som vesentleg tema, medan øvrige miljøtema ikkje vart vurderte som vesentlege for banken si verksemd.



Frå 2024 til 2025 har bank- og finanssektoren opplevd ei auke i talet på svindelforsøk. Ifølgje Finanstilsynet sine rapportar har det samla tapet for svindel med kontooverføringer og bruk av betalingskort auka betydeleg. Svindelmetodane har blitt meir sofistikerte, og kriminelle aktørar utnyttar stadig nye teknologiar og metodar for å gjennomføre svindel. Samstundes har bankane styrka sine forsvarsmekanismar gjennom investeringar i avanserte system og forbetra rutinar.

Økonomisk kriminalitet

I 2025 har Luster Sparebank, i likskap med resten av finansnæringa, opplevd eit vedvarande høgt omfang av svindelforsøk mot kundane. Tala frå Finanstilsynet viser at svindelnivået nasjonalt framleis er betydeleg: I første halvår 2025 vart det registrert svindel knytt til kontooverføringer og betalingskort for 404 millionar kroner, og bankane hindra svindel for ytterlegare 1,517 milliardar kroner i same periode. Dette illustrerer at svindlarar forsøker seg hyppig, men òg at førebyggjande tiltak i næringa har god effekt.

Det er venta at svindelmetodane vil halde fram med å utvikle seg i takt med teknologi, og det digitale trusselbiletet blir omtalt som vedvarande høgt i Finanstilsynet si risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) for 2025. Her blir det understreka at kriminelle aktørar stadig tek i bruk nye verktøy, og at samla tap ved svindel i finanssektoren held fram med å auke. For bankane inneber dette eit kontinuerleg behov for investering i tryggleik, samarbeid og overvaking.

Arbeidet med å førebyggje kvitvasking og terrorfinansiering er framleis eit høgt prioritert ansvarsområde for banken. Nasjonale trusselvurderingar peikar på at slike former for økonomisk kriminalitet er eit aukande problem, og krev styrka intern kontroll, kompetanse og risikobasert tilnærming. Alle tilsette i banken får difor jamleg opplæring i regelverk, rutinar og relevante arbeidsoppgåver for å sikre god etterleving og evne til å avdekkje mistenkelege forhold.

Likestilling og inkluderende arbeidsliv

Luster Sparebank er oppteken av at tilsette og tillitsvalde i banken har stillingar og verv etter kompetanse. Ut frå eit likestillingsperspektiv har banken prøvd på best mogeleg måte å legge tilhøva til rette både for kvinner og menn.



Funksjon	Kvinner	Menn
Generalforsamling	63%	37%
Styret	44%	56%
Tilsette	48%	52%

Banken skal ta vare på dei tilsette og vere ein inkluderande arbeidsplass som fremjar likestilling. Det er eige verneombod i banken, og banken er registrert som IA-bedrift.

Banken og digitale løysingar

Luster Sparebank sitt største konkurransefortrinn er å kombinere digital sjølvbetening og personleg sørvis.

I mobil- og nettbank kan kundane søke om lån, gjera endringar på eksisterande lån, legge bankkortet til i digitale lommebøker, spare på konto og i fond, kjøpe aksjar i Norne, sjekke forsikringar og be om tilbod på nye forsikringar i Frende Forsikring, ha dialog med banken, signere dokumenter og søke i eigne arkiv av kontoutskrifter og andre dokumenter.

Luster Sparebank støttar dei aller fleste betalingsmetodane, og betalingskort kan leggst til og nyttast i digitale lommebøker som Vipps, Google Pay®, Apple Pay®, Garmin Pay® og Fitbit Pay® for bruk både på telefon og smartklokker.

Kunstig intelligens både utfordrar og gir moglegheiter. Banken skal ha ei god etisk tilnærming til bruken av KI. I Luster Sparebank blir KI nytta innanfor banken sine retningslinjer for dette.

Føretaksstyring og organisering

Luster Sparebank sitt føremål går fram av banken sine vedtekter. Banken skal utføre forretningar og tenester som det er vanleg eller naturleg at sparebankar kan utføre i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande lovgjeving og dei til ei kvar tid gjevne konsesjonar.

Det øvste styringsorganet i Luster Sparebank er generalforsamlinga. Generalforsamlinga er sett saman av 12 medlemmar. Seks medlemmar vert valde av og blant innskytarane, tre medlemmar vert valde av Luster kommune, og tre medlemmar vert valde av og blant dei tilsette. Medlemmane vert valde for fire år om gongen.

Generalforsamlinga fastset banken sin årsrekneskap og vel medlemmar og varamedlemmar til banken sitt styre. Generalforsamlinga vel også ei valnemnd som skal førebu valet av medlemmar til banken sitt styre.

Generalforsamlinga vedtek retningslinjer for valnemnda, fastset godtgjersle til banken sine tillitsvalde og revisor, og vel revisor eller revisjonsfirma. Vidare skal generalforsamlinga handsama andre saker som etter lov eller vedtekter høyrer inn under denne.

Styret er på fem medlemmar der fire er vald av generalforsamlinga og ein er vald av og blant dei tilsette i banken. For styremedlemmar vald av generalforsamlinga skal det verta vald to varamedlemmar, og for dei tilsette sin representant vert det av og blant dei tilsette vald eitt varamedlem. Styremedlemmar og varamedlemmar vert valde for to år.

Styret skal syta for forsvarleg organisering av føretaket, sjå til at organisering av verksemda og etablering av forsvarlege styrings- og kontrollsystem vert etterlevd, og elles fylgja dei til ei kvar tid gjeldande lover, reglar og retningslinjer. Det er etablert eigen instruks for styrearbeidet. Styret har vedteke ein overordna strategi for banken med sentrale måltal, i tillegg til sentrale styringsdokument for ulike risiko- og forretningsområder.

Banken har teikna ansvarsforsikring, som også gjeld for styret, og som omfattar mogleg erstatningskrav knytt til styret og administrasjonen sitt arbeid.

Styret får ikkje godtgjersle utover godkjend honorar. Honorara er ikkje resultatavhengig. Banken har ikkje noko opsjonsordning. Det samla styret i banken er banken sitt revisjonsutval, risikoutval og godtgjersleutval.

Banken har i høve krava i finansføretakslova ein eigen risiko- og compliancefunksjon, som ikkje skal delta i risikotaking i banken, er uavhengig av banken sin administrasjon og rapportera direkte til banken sitt styre. I samsvar med krava i kvitvaskingslova har banken ein person i leiinga som innehar rolla som kvitvaskingsansvarleg.

Revisor vert vald av generalforsamlinga. Revisor gjev sine merknader og meldingar gjennom styret til generalforsamlinga. Revisor har årleg gjennomgang med styret og revisjonsutvalet om banken sitt interne kontrollarbeid, og deltek i møter med revisjonsutvalet.

Styret tilset banksjef, og fastset denne si godtgjersle/løn. Banksjefen (administrerande direktør) har den daglege leiinga av bankverksemda i samsvar med lovgjeving, vedtekter og dei retningslinjer og pålegg som styret gjev. Banksjef har fullmakt til å avgjera alle vanlege bankforretningar etter retningslinjer som styret dreg opp. Banksjef skal førebu alle styresaker og pliktar å retta seg etter dei vedtak styret har gjort, og konferera med styret i viktige saker. Instruks for banksjef vert fastsett av styret.

Risikostyring, internkontroll og compliance

Risikostyring, internkontroll og compliance er prioriterte områder for banken. Overordna rammer for banken sin risikoeksponering og styring blir årleg vurdert og fastsett gjennom banken sine styrande dokument, og blir følgde opp gjennom regelmessig rapportering til styret, årleg budsjettering og gjennom banken sin kvalitetssikring. Styret har behandla den årlege internkontrollrapporten og kan stadfeste at den, etter styret si meining, er gjennomført og dokumentert i samsvar med CRR/CRD IV-forskrifta.

Styret har gjennomgått og vurdert banken sin risiko- og kapitalvurderingsprosess (ICAAP). ICAAP er integrert som ein del av styret og leiinga sine rutinar for overordna styring og kontroll. Styret meiner at banken har tilpassa seg regelverket på ein god måte ut frå banken sin storleik og risikoprofil.

Kredittrisiko

Kredittrisiko er risikoen for at ein kunde eller motpart ikkje kan gjere opp sine forpliktingar ovanfor banken. Risikoen relaterer seg i hovudsak til utlån og garantiar ovanfor kundar. Styret vurderer kredittrisiko til å vere låg for lån til personmarknaden, men noko høgare på utlån til bedriftsmarknaden. Av samla utlån er 72,02 prosent til personmarknaden og 27,66 prosent til bedriftsmarknad og det offentlege.

Styret vurderer utlåna som godt sikra. Banken har få store engasjement til bedriftsmarknaden. Misleghald og tapsutsette person- og næringslivslån er redusert i høve til fjoråret.

Det er utarbeida strategi for kredittrisiko, samt kredittpolicy og kreditthandbok. For å halde oversikt over risikoeksponeringa til banken har styret fastsett fleire rammer og måltal som vert rapportert regelmessig til styret. Rapporteringa viser mellom anna porteføljeutvikling, store engasjement, engasjement fordelt på risikoklasse, utsette og misleghaldne engasjement. For utlån til privatmarknaden vert det i tillegg rapportert status for etterleving av utlånsforskrifta.

Samla tapsnedskrivningar på kr 32,6 millionar er etter styret si vurdering tilstrekkeleg til å dekke banken sin kredittrisiko på utlån. Banken har ei langsiktig målsetjing at tapsnedskrivning i prosent av brutto utlån på eigen balanse ikkje skal vere over 0,5 prosent.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko oppstår som følge av opne posisjonar i valuta-, rente- og eigenkapitalinstrument. Risikoen er knytt til tap som følge av svingingar i marknadsprisar og kursar. Styret har utarbeida policy for marknadsrisiko som fastset styringsmål og risikotoleranse for banken sin marknadsrisiko.

Renterisiko

Renterisiko vert målt som avvik i rentebindingstid mellom utlån, renteberande verdipapir, innskot og marknadsrisiko. Udekka renterisiko inneber ein risiko som banken ikkje vil kunna ta betalt for i form av avkastning. Renterisikoen skal vera så låg som mogeleg, men samstundes verta vegen opp mot kostnadane ved full rentesikring.

I henhold til EBA sine retningslinjer for styring av renterisiko i bankporteføljen (GL 2022/14), ref. rundskriv 3/2022, måler banken effekt av endringar i renter både som eit verditap - effekt på økonomisk verdi av eigenkapitalen (EVE) og som ein endring i innteningseffekt på netto renteinntekter dei neste 12 månadane (NII). Samla maksimale ramme for renterisiko vert sett til inntil kr. 5,5 mill. Pr 31.12.2025 er banken sin renterisiko målt ved NII kr 5,0 millionar og tilsvarande målt ved EVE kr 4,7 millionar. Dette er innafor banken si ramme for renterisiko.

Banken har ved utgangen av 2025 lånt ut kr 58 millionar i fastrentelån mot kr 70,9 millionar i 2024. På innlånssida har banken kr 469 millionar i innskot med rentebinding frå kundar og kr 215 millionar i innlån og utferda obligasjonslån med kvartalsvise renteendringar.

Aksjerisiko

Banken har òg risiko knytt til aksjar, aksjefond og grunnfondsbevis. Papira har god spreining og volumet er delt på fleire sektorar. Dei største sektorane er bankar, andre finansinstitusjonar og kraft. Styret får månadlege rapportar om behaldning og avkastning på verdipapira.

Valutarisiko

Banken har for tida ikkje valutarisiko.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er definert som risikoen for at banken ikkje er i stand til å innfri forpliktingar og/eller evne til å finansiere auke i eigendelar, utan at det oppstår vesentleg auke i kostnader i form at prisfall på eigendelar som må realiserast, eller i form av auka finansieringskostnader.

Banken si utlånsportefølje har lang løpetid, medan størstedelen av banken sine innskot ikkje har oppseiingstid. Dette medfører likviditetsrisiko. Då innskota er fordelt på mange uavhengige innskytarar, er risikoen mindre for at ein stor del av innskota skal bli tatt ut samtidig.

Luster Sparebank har etablert lånerammer i norske finansinstitusjonar, samt fleire konkrete rammer på likviditetsområdet. Banken har ein tilfredsstillande forfallsstruktur på lån utferda i finansmarknaden. Banken har pr. 31.12.2025 ein LCR på 195 prosent og ein NSFR på 138 prosent. Som ein del av banken sin likviditetsstrategi skal innskot utgjere minimum 80 prosent av brutto utlån. Per 31.12.2025 var innskotsdekninga 99,32 prosent (94,39 prosent i 2024). Inkluderer ein utlån i Verd Boligkreditt er innskotsdekninga 79,88 prosent (76,06 prosent i 2024).

Det blir lagt til grunn i banken sin likviditetsstrategi at det til ei kvar tid skal vera klargjort lån tilsvarande minst kr 100 millionar som kan verta overførte til Verd Boligkreditt.

Det er utarbeida eigen policy for likviditetsrisiko med beredskapsplan. I tillegg skisserer banken sin gjenopprettingsplan ulike tiltak for å gjenopprette banken sin likviditetssituasjon ved ei likviditetskrise. Det vert utarbeida kvartalsvise risikorapportar med status for risikoområdet.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko kan definerast som risikoen for tap som skuldast utilstrekkeleg eller sviktande interne prosessar, svikt hjå menneske og i system eller eksterne hendingar.

Styret har utarbeida policy for operasjonell risiko. Ein vesentleg del av den operasjonelle risikoen i banken er knytt til bruk av IKT. Banken nyttar Tieto som IT-leverandør. Gjennom Lokalbanksamarbeidet vert det

kontinuerleg jobba med utvikling av kontinuitetsløysingar og katastrofeberedskap, som er viktige for å sikre stabilitet og tilgjengelegheit.

Det vert samstundes jobba internt med å sikre tilstrekkeleg kompetanse for å redusere den operasjonelle risikoen. Banken sine sikkerheitssystem er omfattande og vert vedlikehaldne og testa periodisk. Styret vurderer den operasjonelle risikoen som tilfredsstillande.

Samarbeidspartnarar

Luster Sparebank er ein sjølvstendig og frittståande sparebank. For å styrka tenestetilbodet til kundane og støtta opp under drifta av banken, har ein likevel knytt til seg samarbeidspartnarar innan ei rekkje ulike område.

Lokalbanksamarbeidet

Lokalbanksamarbeidet vart oppretta i 2024 etter at LOKALBANK-alliansen og De Samarbeidende Sparebankene (DSS) vart samde om å slå seg saman. Samanslåinga vart gjennomført ved at DSS AS og LB Selskapet AS fusjonerte til LB Selskapet AS. Samarbeidet består av 16 frittståande og lokale sparebankar i Norge. Bankane i samarbeidet består per 31.12.2025 av: Luster Sparebank, Voss Sparebank, Flekkefjord Sparebank, Søgne & Greipstad Sparebank, Spareskillingsbanken, Lillesands Sparebank, Aasen Sparebank, Askim & Spydeberg Sparebank, Drangedal Sparebank, Nidaros Sparebank, Selbu Sparebank, Sparebank 68° Nord, Sparebanken DIN Telemark, Stadsbygd Sparebank, Tolga – Os Sparebank, og Ørland Sparebank.

Lokalbanksamarbeidet har som målsetnad å vera det føretrekte samarbeidet for sjølvstendige lokalbankar. Føremålet er å styrke konkurransekrafta og sikra langsiktig sjølvstende hjå medlemsbankane. Sentralt for å oppnå dette er tilgang til og realisering av stordriftsfordelar, tilgang på kompetanse, effektivisering og standardisering på tvers av medlemsbankane, og tilgang til relevante produkt.

LB Selskapet AS

Bankane i den gamle LOKALBANK-alliansen stifta LB Selskapet AS i 2019. Selskapet er bankane i Lokalbanksamarbeidet sitt verktøy for å realisere dei strategiske føringane for samarbeidet. Selskapet leverer tenester til bankane i Lokalbanksamarbeidet gjennom eigne oppdragsavtalar. Medlemsbankane i Lokalbanksamarbeidet har lik eigardel i LB Selskapet AS.

Frendegruppen

Frendegruppen vart etablert av bankane i Lokalbanksamarbeidet, Sparebanken Vest, Sparebanken Sør og Varig i 2024. Sparebanken Vest og Sparebanken Sør fusjonerte i 2025 til Sparebanken Norge. Frendegruppen skal bidra til å ytterlegare å styrke konkurransekrafta og forhandlingsposisjonen til medlemsbankane. Gruppa skal koordinere og utvikle samarbeidet mellom medlemmane, representera bankane på utvalde område og synleggjere samarbeidet som eit attraktivt alternativ til tett integrerte alliansar. Gruppa skal vera ein paraplyorganisasjon utan mål om eige overskot, og der det er medlemmane sjølve som har direkte og valfritt eigarskap til produktselskapa ein samarbeidar om.

Frende Forsikring AS – Frende Holding AS

Luster Sparebank gjekk i 2007 inn på eigarsida i forsikringsselskapet Frende Forsikring. Frende Holding, som er eigar av dei to selskapa Frende Skadeforsikring AS og Frende Livsforsikring AS, har i dag 21 eigarar og distributørar av forsikringsprodukt. Frende har avtale om formidling av pensjonssparing og pensjonsforsikring for bedrifter gjennom Nordea Liv AS. For banken betyr dette at me via Frende kan tilby eit totalt forsikringsprodukt med både liv- og skadeforsikring og pensjonssparing. Banken har brukt ressursar på forsikringssatsinga, og det er gledeleg å sjå at det har gjeve resultat.

Norne Securities AS

Luster Sparebank er eigar i verdipapirføretaket Norne. Via Norne kan Luster Sparebank tilby kundar som ynskjer å handle fond eller enkeltaksjar eit svært godt handels- og porteføljesystem. Her ligg og sals- og kjøpsretteiingar med utfyllande kommentarar.

Verd Boligkreditt AS

Luster Sparebank eig saman med 17 andre bankar bustadkredittføretaket Verd Boligkreditt AS. Verd Boligkreditt AS har konsesjon som kredittføretak med rett til å utferda obligasjonar med fortrinnsrett. Overføring av utlån frå banken til Verd, som igjen utferdar obligasjonar med fortrinnsrett, er med på å sikre banken tilgang til gunstig finansiering.

Brage Finans AS

Brage Finans er eit frittståande finansieringsselskap med hovudvekt på billån til privatmarknaden og leasing til bedriftsmarknaden. Selskapet vart etablert i 2010 av Luster Sparebank saman med mellom anna DSS-bankane, Fana Sparebank og Sparebanken Vest. Gjennom Brage Finans AS kan me tilby gode løysingar for denne typen finansiering, mellom anna sjølvbeteningsløysing for billån på nettsidene våre.

Eiendomskreditt AS

Luster Sparebank er eigar i Eiendomskreditt AS som held til i Bergen. Eiendomskreditt AS er ein aktuell partner for banken i samband med finansiering av større kredittengasjement. Datterselskapet Kredittforeningen for Sparebanker vert nytta i samband med innlån av midlar.

Balder Betaling AS

Luster Sparebank er saman med ei rekkje andre bankar eigarar av Balder Betaling AS. Selskapet forvaltar bankane sin eigarskap i Vipps, BankID og BankAxept. Vipps slo seg i 2022 saman med danske MobilePay og danna selskapet Vipps MobilePay AS. Dei tidlegare aksjonærane i Vipps eig 72,2 % av det nye selskapet gjennom selskapet Vipps Holding AS. I samband med fusjonen vart Bank ID og BankAxept skilt ut som eit eige selskap som er 100 prosent eigd av aksjonærane i Vipps Holding AS. Selskapet endra i 2025 namn til Stø AS.

Finans Norge og Sparebankforeningen

Finans Norge representerer heile finansnæringa i Noreg og tek vare på både det næringspolitiske og arbeidsgjevvarmessige samarbeidet. Finans Norge vart frå 1. januar 2023 ein eigen landsforeining i NHO.

Sparebankforeningen utviklar og styrkar norske sparebankar og sparebankstiftingar gjennom næringspolitisk arbeid og tett samarbeid med Finans Norge. Finans Norge tek i vare hovudparten av Sparebankforeningen sine arbeidsoppgåver.

Personale – arbeidsmiljø

Ved utgangen av 2025 hadde Luster Sparebank 29 fast tilsette medarbeidarar. Av dei fast tilsette var 6 deltidstilsette. Det var ingen avgang i 2025 - ingen gjekk av med pensjon eller sa opp stillinga si. I løpet av 2025 fekk banken tre nye faste medarbeidarar, og ein ny marknadsførar er tilsett med oppstart 02.01.26.

Gjennomsnittsalderen blant dei tilsette i 2025 var 47 år, og gjennomsnittleg tenestetid var 14 år. Per 31.12.25 hadde banken 27 årsverk, ein auke frå 25 i 2024.

Banken hadde også to sommarvikarar – ein på kundesenteret og ein i IT-avdelinga.

Luster Sparebank legg vekt på å fremje god fysisk og psykisk helse blant dei tilsette. Banken gir støtte til medarbeidarar som nyttar treningssenter. Ein har også i 2025 hatt sjølvregistrering av trim under mottoet «Ut på tur der du bur». Banken er med på opplegget «prosjekt sjukefråvær» ved Luster Treningssenter. Fleire av dei tilsette har i løpet av året nytta seg av tilbodet og tilbagemeldingane er gode.

Korttidssjukefråveret var på 1,69 prosent i 2025 (1,78 prosent i 2024) og langtidssjukefråveret var på 2,92 prosent i 2025 (0,47 prosent i 2024). Samla sjukefråver i 2025 har vore 4,61 prosent (2,25 prosent i 2024).

Luster Sparebank følgjer Hovudavtalen og Sentralavtalen som er utarbeida mellom Finans Norge (arbeidsgjevvarorganisasjon) og Finansforbundet (arbeidstakarorganisasjon). I tillegg har banken eiga personalhandbok, HMS-handbok, bedriftsavtale og velferdsreglement som er utarbeidd mellom leiing og tillitsvalde.

Banken er ei IA-verksemd (inkluderande arbeidsliv) og har eigne mål og rutinar i samsvar med IA-avtalen. Banken er medlem av Bedriftshelse 1, som leverer bedriftshelsetenester.

I desember 2024 vart det utført ei arbeidsmiljøundersøking, som kom ut med eit framifrå resultat. Me er stolte av at Luster Sparebank er ein god arbeidsplass med eit godt arbeidsmiljø. Det er ikkje utført arbeidsmiljøundersøking i 2025, men det er planlagt ei ny undersøking i 2026. Administrasjonen har eit godt samarbeid med dei tillitsvalde i Luster Sparebank.

I 2025 har første etasje i bankbygget gjennomgått ei større ombygging. Arbeidet skapte periodevis støy, men løysingar som heimekontor og mellombelse arbeidsplassar gjorde at banken kunne halde ope gjennom heile

byggeperioden. Ombygginga har ført til at dei tilsette har fått større og betre arbeidsplassar. Banken set stor pris på dei tilsette sin positive haldning og tilpassingsdyktigheit i denne perioden.

Den tradisjonelle familieturen i 2025 gjekk til Storefjell på Golsfjellet. Turen hadde god deltaking, og både små og store fekk ei triveleg oppleving i flotte omgjevnader.

Kompetanseutvikling

Den viktigaste ressursen til Luster Sparebank er medarbeidarane sin kompetanse. Solid og oppdatert fagkunnskap er avgjerande både for å avdekke og møte kundane sine behov, og for å sikre god verksemdsstyring.

Banknæringa er prega av sterk konkurranse og rask utvikling. Dette stiller høge krav til fleksibilitet og kontinuerleg kompetansebygging. Banken arbeider målretta for at kvar kunderådgjevar skal ha brei og relevant produktkunnskap, slik at kundane kan forhalde seg til ein fast, trygg og kompetent rådgjevar.

Luster Sparebank har eiga utdanningsavtale og legg aktivt til rette for tilleggsutdanning. God bankfagleg kompetanse er ein føresetnad for å kunne tilby kundane best mogleg rådgeving og service. Administrasjonen og tillitsvalde er difor einige om ein eigen kompetanseavtale som understøttar dette arbeidet.

I 2025 vart ein tilsett autorisert som kredittrådgjevar. Dette er eit utdanningsløp gjennom FinAut (Finansnæringens autorisasjonsordninger) og krev eitt års relevant praksis, fleire teoretiske eksamenar og ein praktisk prøve. Autorisasjonen er eit krav for å kunne drive sjølvstendig kredittrådgeving.

Fleire tilsette er i eit autoriseringsløp og det har blitt utført mange teoretiske eksamenar i 2025. For 2026 er målet at ytterlegare ein tilsett skal autoriserast i kreditt, fire innan forsikring og ein innan sparing.

Luster Sparebank legg vekt på at både dei tilsette og tillitsvalde skal ha stillingar og verv som samsvarar med kompetansen deira, og at utviklingsarbeidet skal bidra til eit sterkt og framtidsretta arbeidsmiljø.

Styret sitt arbeid

Banken sitt styre består av fem medlemmar. Banksjef deltek på styremøta, men utan stemmerett. I 2025 vart det gjennomført 12 styremøte, alle etter ein fastsett årsplan.

Styret evaluerer årleg si eiga samansetjing og arbeidsform, og følgjer kontinuerleg opp vedtekne planar, strategiar og budsjett. Styret fungerer òg som revisjon-/og risikoutval, og godtgjersleutval.

I 2025 har styret lagt særskilt vekt på arbeidet med antikvitvask og svindelførebygging, utkontakteringar, rekneskap, internkontroll, risikostyring, og oppfølging av likviditet-, marknads-, kreditt- og operasjonell risiko. Det er også gjennomført ei eiga strategisamling mellom styret og administrasjonen for å sikre felles retning og vidareutvikling av banken.

Utsiktene framover

Sparebankane i Noreg har lange og stolte tradisjonar som tilbydarar av finansielle tenester til personar og bedrifter landet rundt i over 200 år. Sparebanktradisjonen står også sterkt i Luster kommune, der den første sparebanken vart oppretta i 1848 ved etableringa av Hafslo Sparebank. Hafslo Sparebank danna for 50 år sidan saman med Jostedal Sparebank og Luster Sparebank den Luster Sparebank ein i dag kjenner. Sparebankmodellen har stått seg godt både i Noreg og Luster desse åra, trass store endringar i både samfunnet, økonomien og bankbransjen. Gjennom lokalt forankra eigarskap, gode tenestetilbod og bidrag til økonomisk tryggleik har sparebankane bidrege positivt til nærings- og samfunnsutvikling både lokalt og nasjonalt. Samanlikna med tidlegare er Luster Sparebank i dag ein bank med og for kundar over heile landet.



Det økonomiske resultatet syner at banken sin forretningsmodell og løysingsforslag til kundane står seg godt også i 2025. Banken lever godt som sjølvstendig og frittstående sparebank i samarbeid med andre sparebankar. Luster Sparebank har sidan 2024 vore del av Lokalbanksamarbeidet. Samarbeidet består av 16 sjølvstendige sparebankar frå heile landet. Gjennom samarbeidet får banken tilgang til stordriftsfordelar gjennom samarbeid med andre tilsvarande sparebankar, samstundes som ein framleis bevarer sjølvstende, sjølvråderett og den lokale profilen. Gjennom produkselskapa banken er medeigar i og distributør for får også kundane eit utvida tilbod av finansielle tenester frå den lokale sparebanken, i tillegg til at banken får fleire bein å stå på gjennom inntekter frå desse. Vidare vekst og lønnsemd er viktig for å kunne hente ut auka stordriftsfordelar i ein bransje prega av store strukturelle endringar, og for å kunne yte lån til fleire kundar og såleis bidra til vidare vekst og utvikling i lokalsamfunna.

Arbeidet med å kjempe mot kvitvasking, svindel og anna økonomisk kriminalitet er viktigare enn nokon gong. Arbeidet med dette har høg prioritet i banken. Prinsippet om å kjenne sin kunde står først, anten kunden nyttar digitale tenester, eller kjem innom banken. Sjølv om rådgjevinga i større grad skjer digitalt, skal

kombinasjonen av gode digitale løysingar med god personleg rådgjeving og oppfølging vere banken sitt største konkurransefortrinn også frametter. Banken er tilgjengelege for kundane våre og alle skal oppleve banken som ein god støttespelar.

Dei viktigaste verdiane våre er personleg, ansvarleg og kompetent. Ut frå verdien ansvarleg har banken definert strategi for berekraft. Med banken sin berekraftstrategi ynskjer banken å etablere produkt som skal bidra til at banken sine kundar kan ta berekraftige val og realisere berekraftige investeringar. Arbeidet med berekraft er og viktig for å ha kontroll på risikoen som ligg klimaendringar og omstillinga til eit samfunn med lågare utslepp.

Luster Sparebank vil framleis vere ein pådrivar for levande lokalsamfunn gjennom mellom anna sponsoravtalar og gåvetildelingar, og eit godt samarbeid med andre lokale aktørar. Ein anna viktig del av levande lokalsamfunn er eit velfungerande næringsliv, noko banken ynskjer å leggja til rette for.

Dei økonomiske utsiktene frametter er usikre. Geopolitisk uro, utsikter til mindre frihandel og eit stort teknologisk skifte gjennom utvikling og bruk av kunstig intelligens, er blant faktorane som både påverkar og vil påverka norsk og internasjonal økonomi. I Noreg har den økonomiske veksten vore god i 2025, men prisveksten er framleis høgare enn inflasjonsmålet til Norges Bank. Starten på 2026 er såleis prega av stor uvisse knytt til vidare utvikling i både rentenivå og økonomisk aktivitet. Perioden med eit høgare rentenivå og fallande aktivitetsnivå i enkelt næringar har så langt ikkje hatt negativ innverknad på kredittkvaliteten i banken sin utlånsportefølje. Det vert viktig å halde fram det gode arbeidet med overvaking og oppfølging av kreditt risikoen i utlånsporteføljen også frametter.

Kredittveksten i norsk økonomi har teke seg opp, men er framleis på eit moderat nivå. Sterk konkurranse mellom bankane og eit lågare rentenivå har redusert bankane sine netto renteinntekter. Samstundes har kostnadsveksten vore høg dei siste åra, først og fremst grunna auka personalkostnader og høg vekst i samarbeids- og IT-kostnader. Det er likevel gledeleg å registrera at banken sitt løysingsforslag til kundane står seg godt gjennom god kundevekst, samstundes som banken leverer eit godt økonomisk resultat. Med kunden i fokus og sterkt fokus på effektiv drift skal banken framleis vere ein føretrekt leverandør av finansielle tenester. Luster Sparebank skal vere ein god og løysingsorientert medspelar som bidreg til at både eksisterande og nye kundar kjenner økonomisk tryggleik og kan realisere sine draumar i tråd med banken sin visjon - «Saman når me måla dine!».

Takk til kundar, tillitsvalde og tilsette

Med dette takkar me kundane og bygdefolket for svært god oppslutnad om Luster Sparebank. Me rettar og ei varm takk til alle tillitsvalde for innsatsen, og ikkje minst dei tilsette for stor innsats og godt samarbeid i året som har gått. Luster Sparebank er ein solid bank, og med kompetente og serviceinnstilte medarbeidarar er me godt rusta til å møta framtidige utfordringar og kundane våre sine behov.

Luster Sparebank ser fram til stort engasjement og godt samarbeid i 2026 til beste for kundane og interessegruppene elles.

Gaupne 31.12.25 / 13.03.26
STYRET FOR LUSTER SPAREBANK

Elektronisk Signert	Elektronisk signert	Elektrisk signert
Svein Ove Slinde <i>Leiar</i>	Thomas Dalsøren <i>Tilsettrepresentant</i>	Gry Høyheim
Elektronisk signert	Elektronisk signert	Elektronisk signert
Tom Dyrdal <i>Nestleiar</i>	Anette Stegegjerdet Norberg	Jermund Lien Molland <i>Banksjef</i>

Resultatrekneskap

(NOK 1 000)	Noter	2025	2024
Renteinntekter og liknande inntekter	6, 7	260 610	253 502
Rentekostnader og liknande kostnader	6, 7	139 916	135 033
Netto renteinntekter	6, 7	120 693	118 468
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	8	20 027	16 708
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	8	2 342	2 231
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		9 236	6 566
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	8	17 604	21 830
Andre driftsinntekter	8	146	214
Løn og andre personalkostnader	9, 10, 11	29 461	26 529
Andre driftskostnader	12, 13, 14	33 699	30 706
Av-/nedskrivningar, verdiendringar og vinst/tap på ikkje-finansielle eigendeler	15	628	562
Kredittap på utlån, garantier mv. og renteberande verdipapir	16, 17, 18, 19,20	5 665	3 923
Resultat før skatt		95 912	99 836
Skatt på resultat	21	20 684	21 035
Resultat etter skatt		75 228	78 801
Resultat før andre inntekter og kostnader		75 228	78 801
Andre inntekter og kostnader			
Andre inntekter og kostnader som ikke blir omklassifisert til resultatet			
Estimatendringar knyttet til ytelsesbaserte pensjonsordninger	11	1 627	-1 972
Skatt på andre inntekter og kostnader som ikke kan bli omklassifisert til resultatet	21	-407	493
Andre inntekter og kostnader som kan bli omklassifisert til resultatet			
Øvrige andre inntekter og kostnader	19	-58	281
Skatt på andre inntekter og kostnader som kan bli omklassifisert til resultatet	21	15	-70
Sum andre inntekter og kostnader		1 177	-1 268
Totalresultat for rekneskapsåret		76 404	77 532

Balanse

(NOK 1.000)	Noter	31.12.2025	31.12.2024
EIGENDELER			
Kontantar og kontantekvivalentar	22,23,24,25	80 825	79 072
Utlån og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	22,23,24,25	321 427	291 503
Utlån til og fordringar på kundar			
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi		2 904 565	2 857 721
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost		1 099 050	1 012 666
Sum utlån til og fordringar på kundar	3,16,17,18,18,10,20,22,23,24,25,29	4 003 615	3 870 387
Renteberende verdipapir			
Renteberande verdipapir til verkeleg verdi	22,23,24,25,30	484 650	345 394
Sum renteberende verdipapir		484 650	345 394
Aksjar og andre eigenkapitalinstrument	22,23,24,25,30	209 065	194 100
Varige driftsmidler			
Eigendom nytta av eigar	15	4 818	5 059
Andre varige driftsmidler	15	3 082	1 387
Sum varige driftsmidler	15	7 900	6 446
Andre eigendeler			
Eigendeler ved utsatt skatt	21	3 598	3 702
Andre eigendeler	11,31	21 064	18 703
Sum andre eigendeler		24 662	22 405
SUM EIGENDELER		5 132 144	4 809 309

Balanse	Noter	31.12.2025	31.12.2024
GJELD OG EIGENKAPITAL			
GJELD			
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	22,23,24,25,32	80 241	80 256
Innskot og andre innlån fra kundar	22,23,24,25,33	4 007 724	3 678 990
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	22,23,24,25,34	135 703	211 048
Anna gjeld	35	16 797	17 472
Avsetningar			
Pensjonsforpliktingar	11	13 921	14 569
Forpliktingar ved betalbar skatt	21	20 928	20 438
Avsetningar på garantier og unytta rammekredittar	16,17,18,19	1 121	1 319
Avsetningar		35 970	36 326
SUM GJELD		4 276 435	4 024 092
EGENKAPITAL			
Opptent egenkapital			
Fond for urealiserte gevinstar		68 791	63 270
Sparebankens fond		757 930	694 046
Gåvefond		28 988	27 901
Sum opptent egenkapital		855 709	785 217
SUM EGENKAPITAL		855 709	785 217
SUM GJELD OG EGENKAPITAL		5 132 144	4 809 309

Gaupne 31.12.25 / 13.03.2026
STYRET FOR LUSTER SPAREBANK

Elektronisk Signert	Elektronisk Signert	Elektronisk signert
Svein Ove Slinde <i>Leiar</i>	Thomas Dalsøren <i>Tilsettrepresentant</i>	Gry Høyheim
Elektronisk signert	Elektronisk signert	Elektronisk signert
Tom Dyrdal <i>Nestleiar</i>	Anette Stegegjerdet Norberg	Jermund Lien Molland <i>Banksjef</i>

Endring i egenkapital

(NOK 1 000)	Fond for urealiserte gevinster	Bankens fond	Gavefond	Sum egen- kapital
Eigenkapital pr. 31.12.2021	38 414	540 589	23 009	602 012
Resultat før andre inntekter og kostnader	4 299	41 633	0	45 932
Poster ført over andre inntekter og kostnader	0	1 965	0	1 965
Avsetnad til gåver	0	-4 000	4 000	0
Gåver utdelt av styret i 2022	0	0	-3 294	-3 294
Eigenkapital pr. 31.12.2022	42 713	580 187	23 715	646 615
Resultat før andre inntekter og kostnader	6 162	62 577	0	68 739
Poster ført over andre inntekter og kostnader	0	1 145	0	1 145
Avsetnad til gåver	0	-5 500	5 500	0
Gåver utdelt av styret i 2023	0	0	-4 871	-4 871
Eigenkapital pr. 31.12.2023	48 875	638 409	24 344	711 628
Resultat før andre inntekter og kostnader	14 395	64 405	0	78 800
Poster ført over andre inntekter og kostnader	0	-1 268	0	-1 268
Avsetnad til gåver	0	-7 500	7 500	0
Gåver utdelt av styret i 2024	0	0	-3 942	-3 942
Eigenkapital pr. 31.12.2024	63 270	694 046	27 901	785 217
Resultat før andre inntekter og kostnader	5 521	69 707	0	75 228
Poster ført over andre inntekter og kostnader	0	1 177	0	1 177
Avsetnad til gåver	0	-7 000	7 000	0
Gåver utdelt av styret i 2025	0	0	-5 913	-5 913
Eigenkapital pr. 31.12.2025	68 791	757 930	28 988	855 709

Kontantstraumoppstilling

	2025	2024
Renteinnbetalinger frå utlån til kundar	230 720	228 478
Inn/utbetalinger på utlån til kundar	-137 103	-221 907
Renteutbetalinger på innskudd frå kundar	-123 622	-109 194
Inn/utbetalinger på innskot frå kundar	327 259	301 062
Netto rentebetalinger på lån/innskot frå kredittinstitusjonar og sentralbank	16 183	14 780
Netto inn-/utbetaling av lån/innskot til/frå kredittinstitusjonar	-6 525	-17 000
Renteinnbetalinger på sertifikat, obligasjonar og rentefond tilknytta likviditetstyring	20 735	8 259
Kjøp og sal av sertifikat, obligasjonar og rentefond tilknytta likviditetsstyring	-137 858	-25 062
Andre innbetalinger	20 565	17 400
Driftsutbetalinger	-70 977	-63 362
Betalte skattar i perioden	-20 482	-19 590
Betalte gåver	-5 913	-2 017
Netto likviditetsendring frå operasjonell aktivitet (A)	112 982	111 847
Kontantstraum frå investeringsaktivitet		
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmidlar	-2 082	0
Kjøp av verdipapir tilknytta investeringsaktivitet	-7 433	-8 539
Sal av verdipapir tilknytt investeringsaktivitet	755	10 687
Utbytte frå aksjar	9 236	6 566
Likviditetsendring vedk. investeringar (B)	476	8 714
Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar		
Innbetalinger ved utstedelse av verdipapirgjeld	75 000	0
Utbetalinger ved innfriing av verdipapirgjeld	-150 000	0
Renteutbetalinger og over-/underkurs på verdipapirgjeld	-9 189	-11 206
Nye lån frå kredittinstitusjonar	0	0
Innbetaling på lån fra kredittinstitusjon	0	-65 000
Renteutbetalinger på lån fra kredittinstitusjon	-4 119	-7 453
Likviditetsendring vedk. finansiering (C)	-88 308	-83 659
Sum endring likviditet i året (A+B+C)	25 150	36 902
Likviditetsbeholdning 1.1	273 701	236 799
Likviditetsbeholdning pr 31.12.	298 851	273 701
Likviditetsbeholdningen er samansett slik:		
Kontantar og fordringar på sentralbanken	80 825	79 073
Inneståande på oppgjerskonto i oppgjersbank	218 026	99 628
Tidsinnskot i oppgjersbank	0	95 000
Sum likviditetsbeholdning	298 851	273 701
Unytta trekkrettar	0	70 000

Kontantstraumoppstilling er sett opp ved å nytte den direkte metode.

Notar

Note 1 Generell informasjon

Luster Sparebank er en sjølvstendig sparebank lokalisert i Luster og med hovudkontor i Gaupne. Banken tilbyr banktenester for person- og bedriftsmarkedet i Norge.

Årsrekneskapet for 2025 vart godkjent av styret 13. mars 2026.

Note 2 Informasjon om vesentlege rekneskapsprinsipp

Denne noten gir ei oversikt over vesentlege rekneskapsprinsippa nytta ved utarbeiding av rekneskapen. Desse prinsippa blir nytta konsekvent i alle periodar dersom ikkje anna framgår.

2.1 Grunnlag for utarbeiding av årsrekneskapen

Frå 2021 har banken utarbeida årsrekneskap i samsvar med § 1-4, 2. ledd b) i Forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittforetak og finansieringsforetak ("Forskriften") gjeldande frå 1.1.2020. For å sette opp rekneskap i samsvar med forskrift må ein nytte estimat. Område der estimat er vesentleg for rekneskapet er drøfta i note 3.

Banken har også valgt, i samsvar med forskrifta § 7-2, å fråvike følgande notebestemmelser under IFRS:

1. IFRS 13. Det blir i staden gitt opplysningar om verkeleg verdi i samsvar med forskrifta § 7-3
2. IFRS 15.113-128
3. IAS 19.135 litra c og IAS 19.145-147

Banken rekneskapsfører utbytte i samsvar med rekneskapsloven sine bestemmelsar.

2.2 Nye og endra standarder som er teke i bruk av banken i 2025

Ingen nye eller endra standarder er blitt teke i bruk av banken i 2025.

2.3 Vedtekne standardar og fortolkingar som trer i kraft i framtida

Vedtekne standardar og fortolkingar som trer i kraft i framtida er vurdert ikkje å ha vesentleg betyding for banken og blir difor ikkje nærmare omtalt.

2.4 Omrekning av transaksjonar i utenlandsk valuta

Rekneskapen blir presentert i norske kroner (NOK) som er banken sin funksjonelle valuta.

Pengepostar i utanlandsk valuta blir omrekna til kurs på balansedagen. Verdiendringar som følgje av kursendringar mellom transaksjonsdag og balansedag blir resultatført."

2.5 Inntektsføring

Renteinntekter blir inntektsført ved bruk av effektiv rentes metode. Den effektive renta blir fastsett ved diskontering av kontraktsfesta kontantstraumar innanfor forventa løpetid. Kontantstraumane inkluderer etableringsgebyr og eventuell restverdi ved slutten av forventa løpetid. Inntektsføring av renter etter effektiv rentes metode blir nytta for balansepostar som blir vurdert til amortisert kost og til verkeleg verdi med verdiendringar over andre inntekter og kostnader. For renteberande balanseposter som blir vurdert til verkeleg verdi over resultatet, blir den nominelle renta inntektsført løpande, mens verdiendringar blir regnskapsført som "Netto verdiendringar og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument". Renteinntekter på engasjement i trinn 3 i tapsmodellen blir berekna som effektiv rente av nedskriven verdi. Banken inntektsfører renter basert på brutto bokførte verdier på engasjement som inngår i trinn 1 og 2. Inntekter frå gebyr og provisjonar knytt til betalingsformidling, kredittformidling og verdipapirtenester blir resultatført i den perioden tenesta blir ytt. Utbytte frå aksjeinvesteringar blir resultatført på det tidspunkt utbytte er vedteke på generalforsamlinga.

Sal av lån til Verd Boligkreditt

Verd Boligkreditt AS har inngått forvaltningsavtalar med alle sine eigarbankar om sal av utlån og forvaltninga av desse. Etter avtalen forvaltar bankane selde utlån og opprettheld kundekontakten etter sal. For dette arbeidet mottek bankane vederlag i form av kvartalsvis provisjonsbetalingar. Det ligg føre ein begrensa fortsatt involvering (continuing involvement under IFRS) gjennom en moglegheit for å avrekne tap mot provisjonane. For meir informasjon blir det synt til note 36 Garantiar. Kjøpa blir handsama som kjøp for Verd, og sal frå bankane si side. Utlånene er derfor frårekna frå bankane sine balansar og innrekna i balansen til Verd Boligkreditt.

2.6 Finansielle instrument

Innrekning og frårekning av finansielle instrument

Finansielle eigendeler og forpliktingar blir balanseført på tidspunktet banken blir part i instrumentet sine kontraktsmessige avtalevilkår. Vanlege kjøp og sal av investeringar blir rekneskapsført på avtaletidspunktet. Finansielle eigendeler blir fjerna frå balansen når rett til å ta i mot kontantstraumar frå investeringa fell vekk eller når disse rettane er blitt overført og banken i hovudsak har overført risiko og hele gevinstpotensialet ved eigarskapet. Finansielle forpliktingar blir frårekna på tidspunktet rettane til dei kontraktsmessige avtalevilkåra er oppfylt, kansellert eller utløpt.

Klassifisering av finansielle instrument

Finansielle instrument blir ved innrekning første gang klassifisert i ein av følgande målekategoriar:

Finansielle eigendeler:

- Finansielle eigendelar målt til amortisert kost
- Finansielle eigendelar målt til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet (FVPL)
- Finansielle eigendelar målt til verkeleg verdi med verdiendringar over andre
- inntekter og kostnader (FVOCI)

Finansielle forpliktingar:

- Finansielle forpliktingar målt til amortisert kost

For finansielle eigendelar blir skilt mellom:

- Gjeldsinstrument (Lån, obligasjonar og liknande)
- Derivat
- Eigenkapitalinstrument (Aksjar og liknande).

Finansielle eigendeler blir klassifisert ut frå ei vurdering av banken sin forretningsmodell for styring av eigendelane og instrumentet sine kontraktsmessige kontantstraumkarakteristikkar.

Finansielle eigendeler med kontraktsfesta kontantstraumar som berre er betaling av rente og hovudstol på gitte datoar og som blir holdt i en forretningsmodell med formål å ta i mot kontraktsmessige kontantstraumar, blir målt til amortisert kost. Finansielle eigendeler med kontraktsfesta kontantstraumar som berre er betaling av rente og hovudstol på gitte datoar og som blir holdt i ein forretningsmodell med formål både å ta i mot kontraktsmessige kontantstraumar og å selje, blir målt til verkeleg verdi med verdiendringar over andre inntekter og kostnader. Renteinntekt, valutaomrekningseffektar og eventuelle nedskrivingar blir presentert i det ordinære resultatet. Verdiendringar ført over andre inntekter og kostnader blir reklassifisert til resultatet ved sal eller anna avhending av eigendelane."

Tapsnedskrivingar

Etter IFRS 9 blir tapsavsetjingane innrekna basert på forventa kredittap. Den generelle modellen for tapsavsetjingar av finansielle eigendelar i IFRS 9 gjeld for finansielle eigendelar som blir målt til amortisert kost eller til verkeleg verdi med verdiendringar over andre inntekter og kostnader (FVOCI), og som ikkje hadde inntrufne tap ved første gongs innrekning. I tillegg er lånetilsegn og finansielle garantikontraktar som ikkje blir målt til verkeleg verdi over resultatet omfatta.

Målinga av avsetninga for forventa tap i den generelle modellen er avhengig av om kredittrisikoen har auka vesentleg sidan førstegangsinnrekning. Ved førstegangsinnrekning og når kredittrisikoen ikkje har auka vesentleg etter førstegangsinnrekning, skal det avsettast for 12 månaders forventa tap. 12 månaders forventa tap er det tapet som er forventa å inntreffe over levetida til instrumentet, men som kan knytast til misleghald som inntreff dei neste 12 månadene.

Hvis kredittrisikoen har auka vesentleg etter førstegangsinnrekning, skal det avsetast for forventta tap over heile levetida. Forventa kredittap er berekna basert på noverdien av alle kontantstraumar over gjenværende forventta levetid, dvs. forskjellen mellom dei kontraktsmessige kontantstraumar i henhold til kontrakten og den kontantstraumen som banken forventar å motta, diskontert med effektiv rente på engasjementet.

Uavhengig av dette kan ein gå ut frå at kredittrisiko ikkje har auka vesentleg sidan første gongs innrekning dersom ein vurderer det slik at det finansielle instrumentet har låg kredittrisiko på rapporteringstidspunktet. Banken har difor nytta unntaket om låg kredittrisiko for balansepostane

«Kontantar og kontantekvivalentar» og «Utlån og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak» "

Kontantar og kontantekvivalentar

Balanseposten «Kontantar og kontantekvivalentar» er samansett av kontantar og innskot i Norges Bank. Norges Bank har rating Aaa av Moodys og AAA/A-1+ av S&P. Kredittrisikoen er dermed låg. Banken vurderer det difor slik at det ikkje nødvendig med tapsnedskriving knytt til denne balanseposten.

Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak

Balanseposten «Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak» er fordringar mot norske finansinstitusjonar med god rating. Balanseposten er dermed vurdert til å oppfylle standarden sin presumpsjon om låg kredittrisiko. Banken vurderer det slik at dette vil gi uvesentlege tapsnedskrivingar og det er difor ikkje gjort tapsnedskrivingar knytt til denne posten.

Utlån til og fordringar på kundar

"Etter reglane i IFRS 9 har banken nytta tapsgradmetoden for å estimere forventta kreditt-tap. Ved bruk av tapsgradmetoden blir utlånsportefølja delt inn i segment med felles kredittrisikoeigenskapar og forventta tap blir estimert med utgangspunkt i historiske tapstal for dei ulike segmenta.

Banken har delt utlånsportefølja i følgjande seks segment:

PM – Personmarknad

BM - Bedriftsmarknad andre

BM - Eigedom (kjøp/sal og utleige av eigedom og eigedomsformidling)

BM - Turistnæring (Hotell, servering og anna turistnæring)

BM - Jordbruk

Offentleg - Offentleg og finansiell sektorar

Ved utrekning av tapsgrad for dei ulike segmenta har banken teke utgangspunkt i gjennomsnittleg konstaterte tap dei siste 10 åra.

Tapsgrad er på PM-Personmarknad lagt inn med 0,038 %.

Dette framkjem ved å ta gjennomsnittleg tap på 0,03 % og så legge til 25 % i 2025 på grunn av forventta svak økonomisk utvikling for forbrukarane og framleis stor usikkerheit om rentereduksjonane

Tapsgrad er på BM bedriftsmarknad andre lagt inn med 1,28 %.

Dette framkjem ved å ta gjennomsnittleg tap på 1,11 % og så legge til 15 % i 2025 på grunn av forventa svak økonomisk utvikling. I segmentet ligg sektor bygg og anlegg som spesielt synest å ha det vanskeleg.

Tapsgrad er på BM-Eigedom lagt inn med 0,19 %.

Dette framkjem ved å ta gjennomsnittleg tap på 0,14 % og så legge til 35 % i 2025 på grunn av forventa svak økonomisk utvikling og framleis betydeleg usikkerheit med rentereduksjonar.

Tapsgrad på BM-Turistnæring lagt inn med 0,56 %.

Dette framkjem ved å ta gjennomsnittleg tap på 0,51 % og så legge til 10 % i 2025 på grunn av forventa økonomisk svak utvikling og usikkerheita med rentereduksjonar

Tapsgrad på BM Jordbruk er lagt inn med 0,05%.

Dette framkjem ved å ta gjennomsnittleg tap på 0 % og så legge til 5 % på grunn av usikkerhet i næringa og når rentereduksjon kjem

Tapsgrad er på offentleg/finans lagt inn med 0 % då banken ikkje har hatt tap i dette segmentet.

Kva tapsgrader som skal nyttast over tidshorisonten i tapsmodellen blir avgjort av banken si leiing ut frå korleis den framtidige makroøkonomiske utvikling på balansedagen blir vurdert. Banken nyttar SSBs prognoser for arbeidsløyse, utlånsrente på rammekredittar, BNP for Fastlands-Norge og endring i bustadprisar som utgangspunkt for leiinga si vurdering av korleis den makroøkonomiske utvikling påverkar modellen.

Banken har komme fram til forventa levetid for segmenta basert på gjennomsnittlege nedbetalingar i utlånsportefølja i perioden 2017-2025. Nedbetalingar i denne samanheng vil seie avdragsbetalingar, innfriing og refinansiering.

I samsvar med IFRS 9 grupperar banken utlåna sine i tre trinn:

Trinn 1:

Dette er startpunktet for alle finansielle eigendelar omfatta av den generelle tapsmodellen. For alle eigendelar som ikkje har vesentlig høgare kredittrisiko enn ved førstegongsregistrering blir det berekna ei tapsavsetjing lik 12 månaders forventa tap. I denne kategorien ligg alle eigendelar som ikkje er overført til trinn 2 eller 3. Banken inntektsfører renter basert på brutto bokførte verdier på låna som inngår i trinnet.

Trinn 2:

Dette trinnet omfattar lån og fordringar som har hatt ei vesentleg auke i kredittrisiko sidan førstegangsinnrekning, men der det ikkje er objektive bevis på tap. For disse eigendelane blir det nedskrive for forventa tap over forventa levetid. Banken har definert at vesentleg auke i kredittrisiko ved utlån til kundar er tilfelle dersom betaling er forsinka med 30 dagar eller meir, og/eller der svekka betjeningsevne blir avdekka i banken sine risikomodellar gjennom auke på to risikoklasser. Renteinntekter knytt til utlån i trinn 1 og trinn 2 blir rekna etter effektivrentemetoden basert på den brutto balanseførte verdien av utlån.

Trinn 3:

Dette trinnet omfattar utlån og fordringar som har hatt ei vesentleg auke i kredittrisiko sidan innvilging, og der det er objektive bevis på tap på balansedatoen. For disse eigendelane blir det nedskrive for forventta tap over heile den forventta levetida. Banken har definert vesentleg auke i kredittrisiko sidan innvilging, og der det er objektive bevis på tap på balansedatoen, til å inntreffe ved overtrekk og restansar eldre enn 90 dagar. Lån merka vesentleg betalingsutsetjing medfører klassifisering i trinn 3. Disse lånene er presentert netto i balansen og renteinntekter på utlån i trinn 3 blir rekna basert på netto balanseført verdi.

Lån som er i trinn 2 eller 3 kan ikkje reklassifiserast til eit lågare trinn før etter minimum 3 månader etter at lånet er friskmeldt.

Misleghald

Ved vurdering av kva som utgjer misleghald la banken i 2020 til grunn standarden sin presumpsjon på at det føreligg eit mislighald dersom dei kontraktuelle kontantstraumane er meir enn 90 dagar etter forfall og/eller for kundar der det er objektive indikasjonar på verdifall som følgje av hendingar etter førstegongsinnrekning av eigendelen.

Det kan vere slik at det ikkje er mogeleg å identifisere ei enkelt, separat hending som årsak til verdifallet. I staden kan den samla verknaden av fleire hendingar ha vore årsak til verdifallet. Objektive indikasjonar på at ein finansiell eigendel eller ei gruppe av eigendelar har falle i verdi inkluderar observerbare opplysningar som banken blir oppmerksam på vedrørande følgjande tapshendingar

- vesentlege finansielle vanskar hos utstedar eller debitor,
- kontraktsbrot, til dømes misleghald eller manglande betaling av forfalte renter eller forfalt hovudstol,
- når banken, av økonomiske eller juridiske grunnar knytta til låntakar sine finansielle vanskar, innviljar endringar for låntakar som långiver ellers ikkje ville ha vurdert,
- når det er truleg at låntakar vil gå konkurs, inngå gjeldsforhandlingar eller vil bli utsett for ei anna form for finansiell omorganisering

Definisjon av misleghald vart endra med verknad fra 1. januar 2021. I ny definisjon er betalingsmisleghald basert på eit minstebeløp på henholdsvis kr 1.000 for personkundar (massemarknad) og kr 2.000 for foretak. Det er og innført ei relativ grense på 1 prosent av kunden sitt engasjement, og begge vilkår må være oppfylt for at betalingsmislighald skal vere tilfelle. I tillegg til direkte betalingsmislighald, vil det også kunne foreligge mislighald dersom andre objektive årsaker eller kvalitative vurderingar og tapsmerkingar ligg føre.

Karantenereglar inneber ein karanteneperiode på minst 3 månader fra eit engasjement ikkje lenger er misleghalde til engasjementet kan bli friskmeldt. Alle engasjement i trinn 3 er definert som mislighaldne.

I samsvar med IFRS 9 blir renteinntekter for finansielle eigendelar i trinn 1 og trinn 2 berekna ved hjelp av effektivrentemetoden på den brutto balanseførte verdien til eigendelen. medan renteinntekter for finansielle eigendelar i trinn 3 blir berekna med utgangspunkt i eigendelen verdsett til amortiserte kost.

Konstatering av tap

Konstatering av tap (frårekning av balanseført verdi) blir gjennomført når banken ikkje har rimelege forventningar om å gjenvinne heile eller deler av eit engasjement. Kriteria for dette er mellom anna:

- Avslutta konkurs i selskap med avgrensa ansvar
- Stadfesta akkord/gjeldsforhandlingar
- Avvikling for andre selskap med begrensa ansvar
- Avslutta bu ved dødsfall
- Ettergjeving av gjeld ved avtalar
- Ved rettskraftig dom
- Pantsette eigedelar er realiserte

Finansielle eigendeler som blir målt til verkeleg verdi over resultatet

Finansielle eigendeler som blir målt til verkeleg verdi over resultatet blir regnskapsført ved anskaffelse til verkeleg verdi og transaksjonskostnader blir resultatført. Postane blir i etterfølgjande periodar målt til verkeleg verdi.

Verkeleg verdi er det beløp en eigendel kan bli bytta i, eller ei forplikting kan bli gjort opp i mellom uavhengige parter. Ved berekninga er føresetnaden om vidare drift lagt til grunn og nedskriving for kredittrisiko i instrumentet blir inkludert ved verdsetjinga.

For finansielle instrument der motsvarande marknadsrisiko kan påvisast med stor nok sannsynlighet, blir midtkursar på balansedagen nytta. Andre finansielle eigendeler og forpliktingar blir verdsett til henholdsvis kjøps- og salskursar. For finansielle instrument der det er eksterne observerbare prisar, kursar eller volatilitetar og disse prisene representerer faktiske og hyppige marknadstransaksjonar, blir den noterte prisen innhenta frå enten børss eller meklar nytta. I den grad det ikkje er notert prisar for instrumentet, vert instrumentet dekomponert, og blir verdsett på bakgrunn av prisar på dei enkelte komponentane. Dette omfattar sertifikat og obligasjonar.

Renteberande verdipapir er del av ei portefølje der verdipapir blir seld og kjøpt løpande, og portefølja blir regnskapsført til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet. Realiserte og urealiserte gevinstar og tap inngår i «Netto verdiendring og gevinst/tap på renteberande verdipapir» mens renteinntekter inngår i linja «Renteinntekter beregnet etter effektivrentemetoden av renteberande verdipapir».

Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument blir målt til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet under IFRS 9. Realiserte og urealiserte gevinstar og tap inngår i netto verdiendring og gevinst/tap på aksjar og andre eigenkapitalinstrument mens motteke utbytte inngår i utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument.

Finansielle eigendeler og forpliktingar som blir målt til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader

Finansielle eigendeler og forpliktingar som blir ført til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader blir ved anskaffelse rekneskapsført til verkeleg verdi og transaksjonskostnader blir resultatført. Finansielle eigendeler og forpliktingar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader blir i etterfølgjande periodar målt til verkeleg verdi. Utlån til kundar med pant i bustad har kontraktsfesta kontantstraumar som berre er betaling av rente og hovudstol på gitte datoar. Desse blir haldne i en forretningsmodell med formål både å motta kontraktsmessige kontantstraumar og sal, då banken sel bustadlån med flytande rente til Verd Boligkreditt AS. Verd Boligkreditt AS kan selje utlån tilbake til banken. Disse utlåna blir rekneskapsført til verkeleg verdi med verdiendringar over andre inntekter og kostnader. Endringar i verkeleg verdi blir ført over andre inntekter og kostnader. Renteinntektene utrekna etter effektivrentemetode blir ført over «Renteinntekter og liknande inntekter» mens nedskrivningar blir presentert som «Kredittap på utlån, garantier mv. og renteberande verdipapir». Verdijusteringa til verkeleg verdi blir ført under «Andre inntekter og kostnader». Verdiendringar ført over andre inntekter og kostnader blir reklassifisert til «Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument» ved sal eller anna avhending av eigendelane.

Finansielle eigendeler og forpliktingar som blir målt til amortisert kost

Alle finansielle eigendeler som ikkje blir regnskapsført til verkeleg verdi, blir første gong balanseført til verkeleg verdi med tillegg av transaksjonskostnader. Andre forpliktingar rekneskapsført til amortisert kost blir første gong balanseført til verkeleg verdi med frådrag for transaksjonskostnader. Utlån til kundar som har kontraktsmessige kontantstraumar som berre er betaling av rente og hovudstol på gitte datoar, og blir heldt i en forretningsmodell med formål å berre å ta i mot kontraktsfesta kontantstraumar, blir rekneskapsført til amortisert kost. Renteinntekter er inkludert i renteinntekter utrekna etter effektivrentemetoden av utlån til og fordringar på kundar. Kontantar og kontantekvivalentar og utlån til kredittinstitusjonar og finansieringsforetak har kontraktsmessige kontantstraumar som berre er betaling av rente og hovudstol på gitte datoar og blir heldt i ein forretningsmodell for å ta i mot kontraktsfesta kontantstraumar, og desse blir rekneskapsført til amortisert kost. Renteinntekter og -kostnader er inkludert i renteinntekter/rentekostnader utrekna etter effektivrentemetoden av utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak. Finansielle forpliktingar består av innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak, innskot og andre innlån frå kundar samt gjeld stifta ved å utferde verdipapir. Alle disse postane blir målt til amortisert kost. Rentekostnader inngår i dei respektive resultatlinjene under rentekostnader utrekna etter effektivrentemetoden. Klassifisering av finansielle instrument blir synt i note 23.

2.7 Nettopresentasjon av finansielle eigendeler og forpliktingar

Finansielle eigendeler og forpliktingar blir presentert netto i balansen i dei tilfelle ein har ein juridisk rett til motrekning som kan handhevast av rettsvesenet og ein har til hensikt å gjere opp netto eller realisere eigendelen og gjere opp forpliktinga samstundes.

2.8 Pensjonar

Banken har ein innskotsordning for sine tilsette. Ordninga blir ivareteken av eit livselskap. Banken betaler eit årleg tilskot til den enkelte tilsette sin pensjonssparing i ein kollektiv avtale. Banken har ingen ytterlegare forplikting etter at det årlege innskotet er betalt. Premie inklusive arbeidsgivaravgift blir kostnadsført direkte.

Bidragsbaserte pensjonsordningar blir utrekna i samsvar med IAS 19.

Estimatavvik blir ført over andre inntekter og kostnader. Banken har ei gåvепensjonsordning for tilsette med tilsetjingsdato før 31.12.2014 som blir utrekna etter IAS 19.

Partane i arbeidslivet har inngått avtale om ny AFP-ordning, og premien blir utrekna av samla utbetalingar mellom 1 G og 7,1 G til dei tilsette i bedrifta. Det er underdekning i ordninga. Ved eventuell avvikling av ordninga har verksemdene som er med i ordninga plikt til vidare premiebetaling for dekning av pensjonsutbetalingar til arbeidstakarar som er tiltrådt eller som fyller vilkåra for avtalefestet pensjon på avviklingstidspunktet. Premie inklusive arbeidsgivaravgift blir kostnadsført direkte.

2.9 Skatt

Årets skattekostnad omfattar betalbar skatt for inntektsåret og endring i utsett skatt på midlertidige forskjellar. Midlertidige forskjellar er forskjellar mellom balanseposter sin rekneskapsførte verdi og skattemessige verdi. Utsett skatt blir fastsett ved å nytte skattesatsar og skattereglar som gjeld på balansedagen og som ein forventar vil gjelde når den utsette skattefordelen blir realisert eller når den utsette skatten blir gjort opp. Utsett skattefordel blir balanseført i den grad det er sannsynleg at den vil kunne bli brukt mot framtidig skattepliktig inntekt.

2.10 Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstilling er utarbeida ved bruk av den direkte metode.

2.11 Hendingar etter balansedagen

Informasjon som framkjem etter balansedagen om banken si finansielle stilling på balansedagen, vil inngå i grunnlaget for vurdering av rekneskapsestimat i rekneskapen og vil såleis vere teke omsyn til i årsrekneskapet.

Hendingar som ikkje påverkar selskapet sin finansielle stilling på balansedagen, men som vil påverke selskapet sin finansielle stilling i framtida er opplyst om dersom disse er vesentlege.

Desse hendingar kan i nokon grad være basert på estimat og skjønnsmessige vurderingar, og det blir synt til note 3: Kritiske estimat.

Note 3 Kritiske estimat

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen har leiinga i banken nytta estimat basert på beste skjønn og føresetnader som er vurdert å være realistiske. Det vil kunne oppstå situasjonar eller endringar i marknadsforhold som kan medføre endra estimat, og dermed påvirke banken sine eigendelar, gjeld, egenkapital eller resultat.

Banken sine mest vesentlege rekneskapsestimat er knytt til følgjande postar:

- Nedskriving for forventta tap på utlån
- Verkeleg verdi for finansielle instrumenter

Nedskriving for forventta tap på utlån

For engasjement som er omfatta av tapsgradsmodellen, bygger modellen på fleire kritiske føresetnader som banken fastset. Disse førsetnadane påvirkar storleiken på forventta tap på utlån. Dei kritiske føresetnadane er risikoklassifiseringa, utvikling i risikoklassifisering, forventta levetid og tapsgrad. I tillegg vil konjunkturutvikling og makrovariablar bli tillagt vekt.

For engasjement som er i mislegald og som er i trinn 3 i modellen blir kontantstraummodellen nytta for å fastsette forventta tap. Tapet blir utrekna som forskjellen mellom balanseført verdi og noverdien av estimerte framtidige kontantstraumar diskontert med den opprinnelege effektive rentesats til utlånet. Estimering av framtidige kontantstraumar blir gjort på grunnlag av skjønn relatert til sannsynlege utfall for mellom anna marknadsutvikling og konkrete forhold for det enkelte engasjement, her under verdivurderingar av trygd.

På grunn av vesentleg usikkerheit blir det vist til sensitivitetsanalysar gitt endring i ulike parametrar og dette fremgår av note 20.

Verkeleg verdi for finansielle instrumenter

Verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje blir handla i ein aktiv marknad blir fastsett ved å nytte ulike verdsetjingsteknikkar. I disse vurderingane søker banken i størst mogleg grad å basere seg på marknadsforholda på balansedagen. I den grad det er praktisk mogleg blir det nytta observerbare data, men på områder som kredittrisiko, volatilitet og korrelasjonar må ein nytte estimat. Endring i forutsetningene om disse faktorane kan påvirke verkeleg verdi på finansielle instrument.

Verkeleg verdi for finansielle instrumenter går fram av note 22.

Note 4 Kapitalstyring og kapitaldekning

Tal i tusen kroner	2025	2024
Bokført egenkapital	855 709	785 217
Frådrag for forsvarlig verdisetting	-3 453	-3 276
Frådrag for immaterielle eiendeler	-562	0
Frådrag for overfinansiering pensjon	-257	0
Frådrag for ikkje vesentleg investeringar i finansiell sektor	-120 415	-106 914
Fråktrekk mislegheldne engasjement utan betalingslette	-4 111	0
Netto ansvarleg kapital	726 912	675 027
Eksponeeringskategori (vekta verdi)		
Lokale og regionale styresmakter	7 253	3 645
Institusjonar	63 170	60 199
Føretak	0	76 390
Massemarked	521 709	379 403
Pant i fast eigendom og ADC-eksponeringar	1 041 488	1 423 088
Forfalne engasjement	53 481	60 201
Høyrisiko	0	51 782
Obligasjonar med fortrinnsrett	10 881	10 876
Andelar verdipapirfond	62 907	16 518
Egenkapitalposisjonar	94 500	95 366
Andre engasjement	20 386	18 430
Foretak u/ kortsiktig kredittvurdering, ekskl. spesialiserte utlån	120 784	0
Eksponeringar i ansvarlig lånekapital	15 055	0
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	2 011 614	2 195 898
Berekningsgrunnlag frå operasjonell risiko - basismetoden	261 694	259 361
Berekningsgrunnlag	2 273 309	2 455 259
Kapitaldekning i %	31,98 %	27,49 %
Kjernekapitaldekning i %	31,98 %	27,49 %
Rein kjernekapitaldekning i %	31,98 %	27,49 %
Uvekta kjernekapital i %	14,14 %	14,00 %

Konsolidering av samarbeidande grupper

Frå 01.01.2018 skal alle bankar rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i

samarbeidsgrupper. Banken har eigarandel på 1,85% i Verd Boligkreditt AS og 1,54 % i Brage Finans AS

	2025	2024
Rein kjernekapital	811 802	761 376
Kjernekapital	822 586	774 490
Ansvarleg kapital	835 655	789 729
Berekningsgrunnlag	2 762 586	3 057 657
Rein kjernekapitaldekning i %	29,39 %	24,90 %
Kjernekapitaldekning i %	29,78 %	25,33 %
Ansvarleg kapitaldekning i %	30,25 %	25,83 %
Uvekta kjernekapital i %	13,32 %	12,75 %
Banken sine kapitalkrav	2025	2024
Minstekrav rein kjernekapital	4,50 %	4,50 %
Bevaringsbuffer	2,50 %	2,50 %
Systemrisikobuffer	4,50 %	4,50 %
Motsyklisk buffer	2,50 %	2,50 %
Krav til rein kjernekapital	14,00 %	14,00 %
Krav til kjernekapitaldekning	15,50 %	15,50 %
Krav til kapitaldekning	17,50 %	17,50 %

Banken sine kapitalmål

Finanstilsynet har vedteke at bakens pilar 2-krav skal utgjere minst 2,1 prosent av konsolidert berekningsgrunnlag frå 31.12.24.

Banken sitt minstekrav til leverage ratio er på 3 % av eksponeringsbeløpet. Sett i samanheng med forventa finansiell utvikling, regulatoriske kapitalkrav og marknaden sin forventning, har styret fastsett mål for rein kjernekapital, kjernekapital, ansvarleg kapital på konsolidert nivå. Styret har vedteke følgjande kapitalmål på konsolidert nivå:

	2025	2024
Rein kjernekapitaldekning	17,70 %	17,70 %
Kjernekapitaldekning	19,20 %	19,20 %
Ansvarleg kapitaldekning	21,20 %	21,20 %
Mål for uvekta kjernekapitaldel konsolidert	7,00 %	7,00 %

Sjå note 5 for meir informasjon.

Note 5 Risikostyring

Risikostyring

Banken sine forretningsaktivitetar fører til at verksemda er eksponert for ei rekkje finansielle risikoar.

Banken si målsetting er å oppnå ein balanse mellom avkastning og risiko, og å minimalisere potensielle negative verknader på banken sitt finansielle resultat.

Banken si finansielle risikostyring er etablert for å identifisere og analysere desse risikoane, samt å etablere passande risikorammer og -kontrollar, og å overvake at reglane vert haldne gjennom bruk av pålitelege og oppdaterte informasjons- system. Ansvar for banken si risikostyring og kontroll er delt mellom banken sitt styre og leiinga.

Styret vedtek banken sine mål og rammestruktur innanfor alle risiko-område, her under retningslinjer for styring av risiko innan kredittgjeving, handel med verdipapir og for renterisiko. Det er fastsett rutinar for rapportering til styret om utviklinga på risikoområda, og det er vedtekne eigne likviditet og marknadsstrategiar. Det er òg utvikla eit eige internkontrollsystem for den totale bank- verksemda. Det er fastsett retningslinjer og prinsipp for internkontroll.

Administrasjonen har ansvar for å følgje opp den daglege risikostyringa. Styret er merksam på risikoen ved høg utlånsvekst og kva verknad det kan ha for kapitaldekninga i banken. I tillegg er styret kjend med risikoen knytt til å vere meir avhengig av pengemarknaden. Styret har difor sett seg mål både på kapitaldekninga og likviditeten i banken, og vil treffa tiltak dersom kapital- dekninga og likviditeten kjem under desse måla. Banksjef har ansvaret for den samla risikostyringa i banken. Alle vedtak knytt til risiko og risikostyring vert normalt fatta av banksjef i samråd med andre medlemmer i banken si leiing. Banksjef har ansvar for utvikling av modellar og rammeverk for styring og kontroll i banken.

Alle leiarar i banken har ansvar for å styra risiko og sikre god intern kontroll innanfor eige område i tråd med banken sin vedtekne risikoprofil.

Drifta av banken er påverka av ei rekke tilhøve. Særleg innverknad har rente- og kredittrisiko. Andre større risikoar er likviditets- og kursrisiko i verdipapir. Bankverksemda medfører òg operasjonell risiko.

Kredittrisiko

Kredittrisiko vert styrd gjennom banken sin kredittstrategi. Det er utarbeidd kredittstrategi med policyar, rutinar og administrativ fullmaktsstruktur for styring av kredittrisiko. Kreditthandboka klargjer mellom anna krav til dokumentasjon og betjeningsevne for kundar som får innvilga kreditt og krav til sikkerheit for engasjementa. Risiko i porteføljen blir kontinuerleg overvaka for å avdekka sannsynlegheit for misleghald, og for å kalkulera tap dersom misleghald inntreff. Kredittrisikoen til banken er hovud- sakeleg små enkeltrisikoar mot privat- og bedriftskundemarknaden. Etablert risiko- handtering skal sikre at kredittrisiko er i samsvar med banken sin risikovilje. Sjå note 2 for definisjonar og prinsipp.

Sikkerheit

Verdien av deponert sikkerheit skal vere tilstrekkeleg til å sikre engasjementet ved eventuell realisering, både på kort og lang sikt. Sikkerheitsobjekt som er ukjende for banken, skal dokumentera verdien sin gjennom offentleg takst der det er relevant.

Som sikkerheit for banken si utlånsportefølje blir det hovudsakleg nytta:

- pant i fast eigedom
- registrerbart lausøyre, landbrukslausøyre og driftslausøyre
- fordringar og varelager
- pant i bankinnskot
- kausjon

Generelt vert det kravd trygd for alle typar lån, med unntak av lønskontokreditt.

Konsentrasjonsrisiko

Med omsyn til banken sin marknadsdel, er eksponeringa er spreidd geografisk, sjå note 17. For å sikre diversifisering, er det gitt rammer for eksponering i bransjar og per kunde. Banken er ikkje generelt eksponert mot få, store næringskundar, sjå note 29 for talfesting av store engasjement.

Engasjementstorleik

Eit engasjement er definert som kunden sitt utlån, garantiar og unytta trekkrammer. Det utgjør banken sin maksimale kredittrisiko. Totale engasjement kjem fram i note 17 fordelt på sektorane næring og privat. Store

engasjement blir rapportert på egne lister og rapportar til styret. Administrasjonen har ansvar for å følgje opp utviklinga i store engasjement. Banken si utlånsverksemd vert styrd av banksjef og leiar BM.

Risikoklassifisering

Modellen

Luster Sparebank nyttar ein sannsynlegheits- basert (PD – probability of default) risikoklassifiseringsmodell på alle kundar der det er risiko for tap for banken. Det betyr at alle kundar med lån, kreditt eller garantiar blir risiko- klassifisert. Risikoklassifiseringsmodellane er delt i to hovudmodellar – ein for personmarknad og ein for bedriftsmarknad

Hovudmodellane er igjen delt i ulike under- modellar. Det vert òg gjort eit modellmessig skilje mellom eksisterande og nye kundar.

Risikoklassifiseringsmodellen som banken nyttar bereknar sannsynlegheit for at kunden går i mislighald i løpet av dei neste 12 månadane.

Luster Sparebank si risikoklassifisering	Sannsynlegheit for misleghald i prosent	
	Frå og med	Til
Risikoklasse		
A	0,01	0,1
B	0,1	0,25
C	0,25	0,5
D	0,5	0,75
E	0,75	1,25
F	1,25	2
G	2	3
H	3	5
I	5	8
J	8	100
K	Misleghald og tapsutsett	

Basert på risikoklassifiseringssystemet til Luster Sparebank der risikoklasse A representerer lågast risiko og risikoklasse

K høgast risiko. I risikoklasse K Misleghald er alle kundar med misleghald over NOK 1.000 i 90 dagar gruppert.

Misleghaldne og tapsutsette engasjement

Kredittrisiko på utlån og garantiar kjem som følgje av at engasjement vert misleghaldne, eller det skjer hendingar som gjer det svært sannsynleg at engasjementet vil bli påført tap på eit seinare tidspunkt. Eit engasjement vert vurdert som misleghalde når kunden ikkje har betalt forfallen termin innan 90 dagar etter forfall, eller når overtrekk på rammekreditt ikkje er dekke inn innan 90 dagar etter at ramme- kreditten vart overtrekt. Misleghaldne engasjement blir gjennomgått og handsama fortløpande av administrasjonen i banken. Styret i banken får kvartalsvis rapportar vedkomande utviklinga på misleghald. Sjå note 19 for

opplysningar om misleghaldne og taps- utsette utlån og trygda for desse. Tapsutsette engasjement er engasjement som ikkje er misleghaldne, men der kunden sin økonomiske situasjon inneber ei stor sannsynlegheit for at eit allereie oppstått tap vil materialisere seg på eit seinare tidspunkt.

Rentene på slike utlån løper som normalt inntil misleghaldet oppstår.

Nedskrivingar

Under IFRS 9 skal tapsavsetningane innreknast basert på forventa kredittap. Den generelle modellen for nedskrivingar av finansielle eigendelar omfattar finansielle eigendelar som blir målt til amortisert kost eller til verkeleg verdi med verdiendringar over utvida resultat. I tillegg er òg lånetilsegn, finansielle garantikontraktar som ikkje blir målt til verkeleg verdi over resultatet og fordringar på leigeavtalar omfatta. Ved førstegongs balanseføring skal det avsetast for tap tilsvarande 12-månaders forventa tap. 12-månaders forventa tap er det tapet som er forventa å inntreffa over levetida til instrumentet, men som kan knytast til misleghaldshendingar som inntreff dei første 12 månadane. Dersom kredittrisikoen for ein eigendel eller gruppe av eigendelar ser ut til å ha auka vesentleg sidan første gongs innrekning, skal det gjerast ei tapsavsetning tilsvarande heile den forventa levetida til eigendelen. Dersom det oppstår eit kredittap, skal renteinntekter innreknast basert på bokført beløp etter justering for tapsavsetning.

Kredittrisiko på verdipapir

Banken ynskjer at porteføljen av finansielle instrument skal ha ein låg kredittrisikoprofil. Det blir fortrinnsvis investert obligasjonsfond med låg risiko. Kredittkvaliteten vert vurdert som tilfredsstillande. Banken har ikkje investeringar i verdipapir i framand valuta.

Ein viser til note 2 for definisjonar og prinsipp.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko kan enkelt forklarast som banken si evne til å gjere opp eiga gjeld ved forfall. Når banken sine lånekundar ynskjer ei langsiktig finansiering, og banken sine innskotskundar vil disponera innskota sine med kort varsling, har banken ein likviditetsrisiko. Finansiering av dette gapet er gjort ved at banken har teke opp lån i den opne marknaden. Likviditetssituasjonen for banken er vurdert tilfredsstillande. Utviklinga av likviditetsrisikoen blir månadleg rapportert til styret. Sjå årsmeldinga frå styret for beskriving av banken si styring av risiko og note 24 for vurdering av likviditetsrisiko.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko er risikoen for tap og vinst i marknadsparemeter som rente, valutakursar, aksje- eller råvareprisar. Marknadsrisiko er knytt til opne posisjonar i rente-, valuta og aksjeprodukt som er eksponert mot endra marknadsprisar.

Marknadsrisiko som banken står overfor, er hovudsakeleg renterisiko og inkluderer potensielle svingingar i verdien av fastrenteinstrument eller finansielle instrument knytt til ein marknadsbenchmark (NIBOR flytande

pengemarknadsrente) som følgje av endringar i marknadsrenter, og i framtidige kontantstraumar for finansielle instrument til flytande rente.

Prisrisiko kjem av endringar i marknadsprisar, enten som følgje spesifikke faktorar knytt til eit individuelt finansielt instrument eller utstedar, eller faktorar som påverkar alle instrument handla i ein marknad. Det kan til dømes handla om endringar i prisar eller volatilitet på aksjar eller aksjeindeksar. Rentepapir, aksjar og aksjefond er eksponert for denne risikoen. Det mest vesentlege av marknadsrisiko relaterer seg til verdipapirmarknaden representert ved eigne verdipapirbehaldningar. Hovudtyngda av porteføljen til banken er plassert i likvide obligasjonsfond og pengemarknadsfond med avgrensa risiko for store fall i marknadsverdien. Forvaltninga er underlagt rapporterings- og posisjonsrammer fastlagt av styret. Rammene skal avgrensa risikoen, og desse rammene blir gjennomgått minst ein gong i året.

Prisrisiko

Banken sin samla marknadsrisiko blir vurdert ut i frå stress-scenario utarbeidd i tråd med tilrådingar frå Finanstilsynet og Baselkomiteen.

Valutarisiko

Luster Sparebank har ikkje valutarisiko.

Renterisiko

Renterisiko er eit resultat av ulik rentebindingstid på ulike aktiva- og passivapostar i og utanfor balansen. Desse er utlån til kundar, garantiar, innskot og verdipapirgjeld. Ei endring i marknadsrenta vil gi auke eller reduksjon i banken sin rentenetto.

Renterisikoen blir kvartalsvis rapportert til styret. Ulik rentebinding og referanserenter på utlån og innlån gir utslag på rentenetto i banken. Renterisiko blir redusert ved at innlån og utlån i høg grad blir tilpassa same rentevilkår. Sjå note 25 Renterisiko.

Operasjonell risiko

Den operasjonelle risikoen til banken er risiko for tap som følgje av utilstrekkelege eller sviktande prosessar eller system, menneskelege feil, eksterne hendingar og juridisk risiko. Denne type risiko og kjelder til tap ligg i den løpande drifta av banken. Banken har utarbeidd policyar, rutinar, fullmaktsstrukturar med vidare. Dette saman med veldefinerte og klare ansvarsforhold, er tiltak som reduserer den operasjonelle risikoen. Det er vidare teikna formålstenlege forsikringsordningar, og utarbeidd relevante beredskapsplanar for å handtera krisesituasjonar.

Kapitalforvaltning

Gjennom lovverket, er banken underlagt eit regelverk for minstekrav til kapitaldekning og soliditet. CEBS har utarbeidd retningslinjer for prosessar for styring av risiko og kapitalbehov i form av ICAAP. Styret har ansvaret

for å initiera ICAAPprosessen og kapitalplanlegginga, og set mål for eit kapitalnivå som er tilpassa banken sin risikoprofil og forretningsmessige rammevilkår. ICAAP-prosessen er ein integrert del av banken si samla risikostyring.

Sjølv om Luster Sparebank prisar inn ein forventa tapskostnad, må banken ha kapitalreservar for å dekke uventa tap.

Gjennom ICAAP vert risikojustert kapital utrekna for alle risikoområde, og banken gjennomfører stresstesting for å identifisera forhold som kan påverka risikobildet og kapitaldekninga i negativ retning. Risikojustert kapital angir kor stort tap som kan oppstå under ekstreme forhold, og er ein sentral storleik i vurderinga av banken sitt behov for eigenkapital for å driva verksemda på ein forsvarleg måte. Den risikojusterte kapitalen og lovmessig minstekrav vert samanhalden mot banken sin faktiske eigenkapital.

Banken skal ha ein spreidd forfallsstruktur på innlåna sine.

Banken har eit internt mål om at LCR skal vere minst lik forskriftskravet pluss ei margin på 60%. For tida er kravet til LCR frå styresmaktene at den skal vere på minimum 100 %, bankens interne mål blir da 160 %. Banken sin LCR er 195% ved årsskiftet.

Omdømerisiko

Omdømerisiko er risiko for at banken kan bli påført tap eller kostnader ved svekka omdøme. Slik svekking av omdøme kan til dømes komme som ei følgje av manglande kontrollrutinar knytt til sal av banken sine produkt.

Klimarisiko

Klimarisiko er risiko knytt til klimaendringar som kan gi auka kredittrisiko og finansielle tap for banken. Banken vurderer det slik at fysisk risiko og overgangsrisiko i utlån og finansielle plasseringar er relevant. Fysisk risiko kan ha finansielle implikasjonar for verksemdar gjennom direkte skade på eigendeler og ha indirekte verknader ved at verdikjeder blir forstyrta. Overgangsrisiko inneberer varierende grad av finansiell og omdømerisiko for verksemdar i overgang til eit lågutsleppssamfunn. Banken arbeider med å gjere vurdering av berekraft og klimarisiko til ein integrert del av banken sin kredittprosess.

Note 6 Netto renteinntekter

Renteinntekter og liknande inntekter	2025	2024
Renteinntekter rekna etter effektiv rentemetoden av utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	16 183	14 882
Renteinntekter rekna etter effektiv rentemetoden av til og fordringar på kundar	231 218	228 711
Renteinntekter av renteberande verdipapir	13 209	9 909
Øvrige renteinntekter	0	0
Sum renteinntekter og liknande inntekter	260 610	253 502

Rentekostnader og liknande kostnader	2025	2024
Rentekostnader rekna etter effektiv rentemetoden på gjeld til kredittinstitusjonat og finansforetak	4 104	6 284
Rentekostnader rekna etter effektiv rentemetoden på innskot frå og gjeld til kundar	125 097	114 146
Rentekostnader rekna etter effektiv rentemetoden på utferda verdipapir	8 844	11 302
Sikringsfondsavgift	1 741	1 942
Andre rentekostnader	130	1 359
Sum rentekostnader og liknade kostnader	139 916	135 033
Netto renteinntekter	2025	2024
Netto renteinntekter	120 693	118 468

Note 7 Segmentinformasjon

Ut frå størrelsen på banken og satsingsområder er alle kredittaktiviteter samla i eitt kredittområde. Banken styrer og følger opp kredittaktivitetane som eit samla forretningsområde.

Note 8 Andre inntekter

Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	2025	2024
Garantiprovisjonar	971	682
Verdipapirtjenester og forvaltning	2 332	2 427
Betalingsformidling	6 875	6 629
Provisjonsinntekter frå Verd Boligkreditt AS	4 557	3 209
Forsikringstjenester	4 628	2 780
Inntekter frå formidling av leasing	507	500
Andre provisjonar og gebyr	157	480
Sum provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	20 027	16 707

Provisjonskostnader	2025	2024
Nets kostnader	886	708
Vedipapirkostnader	134	93
Andre kostnader	1 322	1 430
Sum provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	2 342	2 231

Netto vinst/tap på finansielle instrument	2025	2024
Netto vinst/tap på sertifikat og obligasjoner	-251	-607
Netto vinst/tap på aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning	17 463	22 078
Netto vinst/tap på valuta	392	359
Sum netto vinst/tap på finansielle instrument	17 604	21 830

Andre driftsinntekter	2025	2024
Andre driftsinntekter	146	214
Sum andre driftsinntekter	146	214

Note 9 Løn og andre personalkostnader

Løn og andre personalkostnader	2025	2024
Løn til tilsette	21 618	19 384
Honorar til styre og tillitsmenn	588	490
Pensjonar	2 947	2 549
Arbeidsgivaravgift og finansskatt	3 471	3 256
Andre personalkostnader	837	850
Sum løn og andre personalkostnader	29 461	26 529
Tal årsverk	27	25

Bonusmodell for Luster Sparebank

Styret har sett mål for kor mange kundesamtalar som skal gjennomførast, antal nye kundar i banken og forsikringssal. Måla er sett for banken under eitt og ikkje på individnivå. Dersom banken når alle måla, kan den enkelte få ei bonusutbetaling på kr 50.000,- gitt at vedkommande er i full stilling. Ordninga omfattar alle tilsette. Bonusen blir avkorta etter stillingsprosent. Utfrå oppnådd resultat er det avsett bonus på kr 37.500,- pr årsverk i rekneskapet for 2025.

Lån tilsette

Lån til bankens tilsette pr 31.12.2025 er kr 51,3 mill. (utanom leiande tilsette og tilsettrepresentant i styret). Lån er i samsvar med banken sitt interne regelverk og krav i Finansieringsloven § 2-15.

Lån styremedlemmer

Lån til styrets medlemmer pr 31.12.2025 er kr 6,13 mill.(inkl. tilsettrepresentant).

Lån til medlemmer av generalforsamling

Lån til medlemmer av generalforsamling pr 31.12.2025 er kr 24,8 mill. (ikkje tilsette representantar).

Aksjeverdibasert godtgjersle

Ingen tilsette eller tillitspersonar i banken har denne form for godtgjersle.

Note 10 Lån og godtgjersle til tillitsvalde og leiande personar

Lån til styremedlemmer og leiande tilsette	2025	2024
Balanseført verdi 01.01	49 011	35 292
Lån gjeve i løpet av året	7 162	13 834
Lån tilbakebet i løpet av året	-13 523	-1 880
Lån frårekna på grunn av endringar i styre eller leiging	-11 098	1 765
Belasta renter	1 413	2 183
Innbetalt renter	-1 413	-2 183
Balanseført verdi 31.12.25	31 552	49 011

Banken har ikkje gitt forskotsbetalingar eller stilt trygd for styremedlemmer eller leiande tilsette.

Styret lån og godtgjersle	2025	2025	2024	2024
Namn	lån	ytingar	lån	ytingar
Svein Ove Slinde, styreleiar	0	160	202	140
Tom Dyrdal, nestleiar	0	100		
Anette S. Nordberg	4 500	80	4 500	70
Gry Høyheim	0	80		
Ove Nyland,	0		281	90
Siri Dalehaug			10 817	70
Evelyn Bukve Gunnestad				53
Thomas Dalsøren	1 552	80	1 550	18
Sum	6 052	500	17 350	440

Leiande tilsette lån	2025	2024
	Lån	Lån
Banksjef	3 376	3 519
Leiargruppa utanom banksjef	22 123	28 142
Sum	25 499	31 661

Leiande tilsette 2025 godtgjersle	Løn inkl. naturalyting	Pensjonspremie	Sum
Banksjef	1 818	236	2 054
Leiargruppa utanom banksjef	4 311	373	4 684
Sum	6 129	609	6 738

Godtgjersle til medleamar i generalforsamling og valnemd

Samla godtgjersle for 2025 er kr. 57.500,-.

Lånevilkår til styremedlemmar og leiing

Styremedlemmane i Luster Sparebank har ordinære vilkår på sine lån. Alle tilsette har dei same generelle vilkåra som gjeld for tilsette.

Prinsipp for godtgjersleordningar i banken

Leiande tilsette kan ikkje vere tilsett i, drive verksemd eller yte tjenester til konkurrerande finansverksemdar som bank, forsikring eller liknande som er lokalisert der føretaket har kontora sine.

Endringar i løn til banksjef Jermund L. Molland vert fastsett og godkjent av styret. Det er oppretta ein avtale mellom tilsette og leiing som styrer godtgjerslene til personalet. Løn og godtgjersle til andre leiande tilsette vert fastsett av banksjef innafor rammene gitt av styret. Banken har ei generell fastlønsordning for alle tilsette. Dette for ikkje å gi incentiv til auka risikotaking. Ein har ein avgrensa bonusordning, jamfør omtale i note 9.

Prinsipp for honorering av leiande personale skal rapporterast til styret.

Note 11 Pensjon

AFP-ordning

Tilsette i Luster Sparebank har rett til AFP. AFP-ordninga som gjeld frå og med 1. januar 2011 er å sjå på som ei bidragsbasert fleirforetaksordning, men rekneskapsførast som ei innskotsordning fram til det føreligg påliteleg og tilstrekkeleg informasjon slik at selskapet kan rekneskapsføre sin proposjonale del av pensjonskostnad, pensjonsforplikting og pensjonsmidlar i ordninga. Selskapet si forplikting etter den nye afp-ordningen er dermed ikkje balanseført som gjeld.

Gåvepensjon

Luster Sparebank har ein lukka (2015) gåvepensjonsordning. Luster Sparebank har garantert medlemmer av ordningen 70 % av sluttlønn frå 62 til 67 år dersom dei går av med førtidspensjon. Dette vil seie at summen av folketrygd, AFP og gåvepensjon skal vere minst 70 % av sluttlønn i perioden ein er pensjonist mellom 62 og 67 år. Den berekna forpliktinga knytt til gåvepensjonen utgjer om lag kr 13,9 millionar. 10 tilsette har rett på gåvepensjon. Ordninga vart lukka i 2015.

Innskotsbaserte ordningar

Alle tilsette har innskotspensjon. Innskotsbaserte pensjonar er ordningar der selskapet forpliktar seg til å betale ein årleg premie. Den tilsette sin pensjon vil vere avhengig av innbetalte midlar og avkastninga på midlane. For selskapet er årets kostnad lik årets premie. Banken er pliktig til å ha ei tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Banken sin innskotspensjonsordning tilfredstiller krava i lova.

Pensjonskostnaden

Luster Sparebank har ein samla pensjonskostnad (inkl arbeidsgivaravgift) ført over drift på kr 2,97 millionar i 2025. I tillegg er det inntektsført eit estimatavvik på gåvepensjon på kr 1,62 mill. under andre inntekter og kostnader. Samla pensjonskostnad som er belasta årsresultatet i 2025 er dermed på kr 1,35 mill. Pensjonskostnader ført over drift var i 2024 på kr 2,5 millionar. Det vart kostnadsført eit estimatavvik på gåvepensjon under andre inntekter og kostnader på kr 1,9 mill. Samla pensjonskostnad som vart belasta årsresultatet i 2024 var etter dette på kr 4,4 mill. Luster Sparebank er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon og pensjonsordningane tilfredstillar krava i denne lova.

Pensjonskostnad	2025	2024
Gåvepensjonsavtale	978	829
Avkastning på middel avsett til gåvpensjon	-753	-380
AFP	437	282
Innskotspensjon	1 918	1 535
Arbeidsgiveravgift og finansskatt av AFP og innskotspensjon	367	283
Pensjonskostnad over drift	2 947	2 549
Estimatavvik gåvepensjon ført under andre kostnader og inntekter		
(-) betyr inntekstpost/ manglande fortegn betyr kostnadspost	-1 627	1 972
Samla pensjonskostnad	1 319	4 520

Pensjonsforpliktning	2025	2024
Estimert verdi av gåvепension	12 043	12 604
Arbeidsgiveravgift	1 879	1 966
Sum pensjonsforpliktning	13 921	14 569

Økonomiske føresetnader for berekning av gåvепensionsforpliktning	2025	2024
Diskonteringsrente	3,90 %	3,90 %
Forventa regulering av løn	4,00 %	4,00 %
Forventa auke av pensjonar under utbetaling	3,75 %	3,75 %
Forventa G-regulering	2,80 %	2,40 %
Uttaksrate gåvепension	50,00 %	50,00 %

Pensjonsmidlar

Gåvепension er sikra med innskot i DNB Livsforsikring. Midlane er banken sin eigendom inntil dei kjem til utbetaling.

I tillegg har banken eit innskotsfond som kan nyttas til å dekke innskot i Luster Sparebank sin innskotspensjonsordning.

På eigendelsida i balansen framkjem desse midlane slik:	2025	2024
Innskot i DNB Livsforsikring AS	13 930	13 177
Innskotsfond	247	1 026
Sum pensjonsmidlar	14 177	14 203

Note 12 Andre driftskostnader

Andre driftskostnader	2025	2024
Driftskostnader eigendomar	1 067	970
Anskaffelse og vedlikehold av inventar og utstyr	224	364
IT-kostnader	20 351	16 750
Lisenser, avgifter og kontigenter	698	273
Marknadsføring	3 263	3 651
Honorarer	925	1 087
Andre driftskostnader	7 171	7 611
Sum andre driftskostnader	33 699	30 706
Godtgjersle til ekstern revisor (dette er inkludert i posten honorarer)		
Lovpålagt revisjon	736	763
Andre attestasjonstenester	106	66
Andre tenester utanfor revisjon	60	15
Sum godtgjersle til revisor	902	844

Alle beløp er inklusive meirverdiavgift.

Note 13 Transaksjonar med nærstående partar

Leiande tilsette er definert som nærstående partar. Det er gjort rede for løn, pensjonar, lån og andre transaksjonar mellom leiande tilsette og banken i note 10. Luster Sparebank har ikkje hatt transaksjonar med andre nærstående parter enn leiande tilsette.

Note 14 Leigeavtaler

Inngåtte husleigeavtaler er vurdert som uvesentlege. IFRS 16 er difor ikkje aktuell for Luster Sparebank.

Husleigeavtale Hafslo

Luster Sparebank leiger lokaler som huser fillialen på Hafslo. Luster Sparebank har inngått avtale om å leige lokala i perioden 01.07.2023 til 30.06.2028. Etter dette opphører leigeforholdet uten oppseiing. Leigeforholdet kan ikkje seiast opp i leigeperioden.

Leigetaker har rett til å forlenge leigeavtalen med fem år, men slik at leige blir justert til marknadsleige. Dersom leigetakar ønskjer å nytte retten sin, må dette seiast frå skriftleg til utleigar seinast 30.06.2027. Årsleige har i 2025 utgjort kr 127.550,-. Husleige blir i leigeperioden årleg regulert med konsumprisindeksen.

Note 15 Varige driftsmidler

2025	Maskiner og inventar	Programvare	Fritids eigendom	Bankbygg	Sum
Kostpris 1.1	6 845	998	3 855	14 663	26 361
Tilgang	1 490	592	0	0	2 082
Avgang	0	0	0	0	0
Kostpris pr. 31.12	8 335	1 590	3 855	14 663	28 443
Akkumulerte avskrivningar 1.1	5 458	998	2 002	11 457	19 915
Avgang akkumulerte avskrivningar	0	0	0	0	0
Årets avskrivningar	357	30	48	193	628
Akkumulerte avskrivningar 31.12	5 815	1 028	2 050	11 650	20 543
Bokført verdi 31.12	2 520	562	1 805	3 013	7 900
I årsregnskapet framkjem dette slik:					
Eigendom nytta av eigar	0	0	1 805	3 013	4 818
Andre varige driftsmidler	2 520	562	0	0	3 082
Sum varige driftsmidler	2 520	562	1 805	3 013	7 900
Avskrivningstid	0-10 år	3 år	5-100 år	20-27 år	

2024	Maskiner og inventar	Programvare	Fritids eigendom	Bankbygg	Sum
Kostpris 1.1	6 845	998	3 855	14 663	26 361
Tilgang	0	0	0	0	0
Avgang	0	0	0	0	0
Kostpris pr. 31.12	6 845	998	3 855	14 663	26 361
Akkumulerte avskrivningar 1.1	5 145	998	1 948	11 262	19 353
Avgang akkumulerte avskrivningar	0	0	0	0	0
Årets avskrivningar	313	0	54	195	562
Akkumulerte avskrivningar 31.12	5 458	998	2 002	11 457	19 915
Bokført verdi 31.12	1 387	0	1 853	3 206	6 446
Eigendom nytta av eigar	0	0	1 853	3 206	5 059
Andre varige driftsmidler	1 387	0	0	0	1 387
Sum varige driftsmidler	1 387	0	1 853	3 206	6 446
Avskrivningstid	0-10 år	3 år	5-100 år	20-27 år	

Note 16 Kredittrisiko

Banken nyttar både auke i risikoklassar og forfalte beløp til å vurdere om kredittrisikoen har auka vesentleg sidan førstegangs innrekning. Nedanfor blir det gitt meir opplysningar om eksponering for kredittrisiko.

Tal for 2025:

Pr. klasse finansielt instrument	Samla utlån			
Utlån til kundar fordelt på nivå for kredittkvalitet pr. 31.12.2025	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Sum utlån
Låg risiko (risikoklasse A-D)	2 773 159	155 216	0	2 928 375
Middels risiko (risikoklasse E-G)	441 655	332 578	0	774 233
Høg risiko (risikoklasse H-J)	40 633	220 836	21 430	282 898
Kundar med misleghald/tapsutsette(K)	0	0	49 597	49 597
Sum brutto utlån	3 255 447	708 629	71 027	4 035 103
Nedskrivingar	-5 797	-5 649	-20 042	-31 488
Sum utlån til balanseført verdi	3 249 650	702 980	50 984	4 003 615

Nedskrivingar trinn 3 på utlån i risikoklassane A til og med J.

Finansielt instrument	Bedriftsmarknad målt til amortisert kost			
Utlån til kundar fordelt på nivå for kredittkvalitet pr 31.12.2025	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Sum utlån
Låg risiko (risikoklasse A-D)	424 342	38 839	0	463 181
Middels risiko (risikoklasse E-G)	265 699	116 520	0	382 219
Høg risiko (risikoklasse H-J)	27 647	184 218	17 976	229 842
Kundar med misleghald/tapsutsette (K)	0	0	44 059	44 059
Sum brutto utlån	717 688	339 577	62 035	1 119 300
Nedskrivingar	-5 677	-5 120	-19 647	-30 443
Sum utlån til amortisert kost	712 012	334 457	42 388	1 088 857

Nedskrivingar trinn 3 på utlån i risikoklassane A til og med J.

Finansielt instrument	Offentleg sektor målt til amortisert kost			
Utlån til kundar fordelt på nivå for kredittkvalitet pr 31.12.2025	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Sum utlån
Låg risiko (risikoklasse A-D)	10 192	0	0	10 192
Middels risiko (risikoklasse E-G)	0	0	0	0
Høg risiko (risikoklasse H-J)	0	0	0	0
Kundar med misleghald/tapsutsette (K)	0	0	0	0
Sum brutto utlån	10 192	0	0	10 192
Nedskrivingar	0			0
Sum utlån til balanseført verdi	10 192	0	0	10 192

Finansielt instrument	Personmarknad målt til verkeleg verdi over utvida resultat			
Utlån til kundar fordelt på nivå for kredittkvalitet pr 31.12.2025	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Sum utlån
Låg risiko (risikoklasse A-D)	2 338 625	116 377	0	2 455 002
Middels risiko (risikoklasse E-G)	175 956	216 058	0	392 014
Høg risiko (risikoklasse H-J)	12 986	36 617	3 454	53 057
Kundar med misleghald/tapsutsette (K)	0	0	5 538	5 538
Sum brutto utlån	2 527 567	369 052	8 992	2 905 610
Nedskrivingar	-1 552	-529	-395	-2 476
Sum utlån til amortisert kost	2 526 015	368 523	8 597	2 903 134
Tillegg trinn 1 for å komme fram til verkeleg verdi	1 431	0	0	1 431
Sum utlån til balanseført verdi	2 527 446	368 523	8 597	2 904 565

Nedskrivingar trinn 3 på utlån i risikoklassane A til og med J.

Finansielt instrument	Unyttå kredittar og garantiar målt til amortisert kost eller verkeleg verdi			
	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Sum
Unyttå kredittar og garantiar fordelt på nivå for kredittkvalitet pr. 31.12.2025				
Låg risiko (risikoklasse A-D)	187 114	4 529	0	191 642
Middels risiko (risikoklasse E-G)	45 724	9 496	0	55 220
Høg risiko (risikoklasse H-J)	12 122	39 002	0	51 123
Kundar med misleghald/tapsutsette (K)	0	0	1 169	1 169
Sum brutto utlån	244 959	53 026	1 169	299 154
Nedskrivingar	-801	-308	-30	-1 140
Sum utlån til amortisert kost	244 158	52 718	1 139	298 015
Tillegg trinn 1 for å komme fram til verkeleg verdi	18	0	0	18
Sum unyttå kredittar og garantiar etter nedskriving	244 176	52 718	1 139	298 033

Nedskriving i trinn 3 gjelder unyttå kredittar og garantiar i risikoklassane H til og med J.

Aldersfordeling på forfalte engasjement pr 31.12.2025	Bedriftsmarknad	Personmarknad	Offentleg sektor	Sum
1-30 dagar	54 380	13 605	0	67 985
31-60 dagar	17 883	947	0	18 830
61-90 dagar	2 988	5 131	0	8 119
Over 90 dagar	30 947	2 914	0	33 861
Sum brutto utlån	106 198	22 597	0	128 795

Belåningsgrad (LTV) for utlån til privatmarkedet med pant i fast bolig pr 31.12.2025	Beløp	%
LTV		
0-40 %	424 581	15,3 %
40-50 %	356 645	12,9 %
50-60 %	495 563	17,9 %
60-70 %	533 501	19,2 %
70-80 %	550 129	19,8 %
80-90 %	322 064	11,6 %
90-100 %	83 447	3,0 %
Over 100 %	8 390	0,3 %
Totalt	2 774 320	100 %

Engasjement i trinn 3 fordelt etter sikkerhet pr 31.12.2025	Brutto balanseført engasjement	Tapsavsetning	Netto balanseført engasjement	Verdi av sikkerhet
Utlån med pant i bolig	36 460	3 184	33 276	36 988
Utlån med pant i annen sikkerhet	35 328	16 504	18 824	19 908
Utlån uten sikkerhet	407	384	23	0
Sum	72 195	20 072	52 123	56 896

Banken har kr. 1,15 mill i utlånsengasjement klassifisert i trinn 3 som ikkje er rekna som tapsutsett.
Verdi av sikkerhet er avgrensa til engasjementet sin storleik.

Pr. klasse finansielt instrument	Samla utlån		
Utlån til kundar fordelt på nivå for kredittkvalitet pr. 31.12.2024	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3
Låg risiko (risikoklasse A-D)	2 848 821	107 995	0
Middels risiko (risikoklasse E-G)	400 101	226 053	0
Høg risiko (risikoklasse H-J)	60 609	184 011	13 904
Kundar med misleghald/tapsutsette(K)	0	0	56 010
Sum brutto utlån	3 309 531	518 058	69 914
Nedskrivingar	-5 406	-4 119	-17 591
Sum utlån til balanseført verdi	3 304 125	513 939	52 323

Nedskrivingar trinn 3 på utlån i risikoklassane A til og med J.

Finansielt instrument	Bedriftsmarknad målt til amortisert kost			
Utlån til kundar fordelt på nivå for kredittkvalitet pr 31.12.2024	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Sum utlån
Låg risiko (risikoklasse A-D)	391 040	7 041	0	398 081
Middels risiko (risikoklasse E-G)	287 960	104 615	0	392 575
Høg risiko (risikoklasse H-J)	35 474	135 547	9 325	180 346
Kundar med misleghald/tapsutsette (K)	0	0	55 339	55 339
Sum brutto utlån	714 474	247 204	64 664	1 026 341
Nedskrivingar	-5 271	-3 712	-17 200	-26 183
Sum utlån til amortisert kost	709 202	243 492	47 464	1 000 158
Nedskrivingar trinn 3 på utlån i risikoklassane A til og med J.			0	

Finansielt instrument	Offentleg sektor målt til amortisert kost			
Utlån til kundar fordelt på nivå for kredittkvalitet pr 31.12.2024	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Sum utlån
Låg risiko (risikoklasse A-D)	12 508	0	0	12 508
Middels risiko (risikoklasse E-G)	0	0	0	0
Høg risiko (risikoklasse H-J)	0	0	0	0
Kundar med misleghald/tapsutsette (K)	0	0	0	0
Sum brutto utlån	12 508	0	0	12 508
Nedskrivingar	0			0
Sum utlån til balanseført verdi	12 508	0	0	12 508

Finansielt instrument	Personmarknad målt til verkeleg verdi over utvida resultat			
Utlån til kundar fordelt på nivå for kredittkvalitet pr 31.12.2024	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Sum utlån
Låg risiko (risikoklasse A-D)	2 445 273	100 953	0	2 546 226
Middels risiko (risikoklasse E-G)	126 012	121 438	0	247 450
Høg risiko (risikoklasse H-J)	11 264	48 463	4 579	64 306
Kundar med misleghald/tapsutsette (K)	0	0	671	671
Sum brutto utlån	2 582 549	270 854	5 250	2 858 654
Nedskrivingar	-1 702	-407	-391	-2 500
Sum utlån til amortisert kost	2 580 848	270 447	4 859	2 856 154
Tillegg trinn 1 for å komme fram til verkeleg verdi	1 567	0	0	1 567
Sum utlån til balanseført verdi	2 582 415	270 447	4 859	2 857 721
Nedskrivingar trinn 3 på utlån i risikoklassane A til og med J.			0	

Finansielt instrument	Unyttå kredittar og garantiar målt til amortisert kost eller verkeleg verdi			
Unyttå kredittar og garantiar fordelt på nivå for kredittkvalitet pr. 31.12.2024	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Sum
Låg risiko (risikoklasse A-D)	190 967	2 249	0	193 216
Middels risiko (risikoklasse E-G)	53 154	23 777	0	76 931
Høg risiko (risikoklasse H-J)	10 369	1 791	1	12 161
Kundar med misleghald/tapsutsette (K)	0	0	1 659	1 659
Sum brutto utlån	254 490	27 817	1 660	283 967
Nedskrivingar	-810	-502	-31	-1 344
Sum utlån til amortisert kost	253 680	27 314	1 629	282 623
Tillegg trinn 1 for å komme fram til verkeleg verdi	25	0	0	25
Sum unyttå kredittar og garantiar etter nedskriving	253 705	27 314	1 629	282 648
Nedskriving i trinn 3 gjelder unyttå kredittar og garantiar i risikoklassane H til og med J.				

Aldersfordeling på forfalte engasjement pr 31.12.2024	Bedriftsmarknad	Personmarknad	Offentleg sektor	Sum
1-30 dager	36 891	3 434	0	40 325
31-60 dager	22 319	4 651	0	26 970
61-90 dager	0	0	0	0
Over 90 dager	35 223	384	0	35 607
Sum brutto utlån	94 433	8 469	0	102 902

Belåningsgrad (LTV) for utlån med pant i fast bolig	Beløp	%
LTV		
0-40 %	403 502	14,5 %
40-50 %	307 716	11,1 %
50-60 %	556 273	20,1 %
60-70 %	479 996	17,3 %
70-80 %	586 314	21,1 %
80-90 %	256 716	9,3 %
90-100 %	120 063	4,3 %
Over 100 %	8 181	0,3 %
Totalt	2 718 760	100 %

Engasjement i trinn 3 fordelt etter sikkerhet pr 31.12.2024	Brutto balanseført engasjement	Tapsavsetning	Netto balanseført engasjement	Verdi av sikkerhet
Utlån med pant i bolig	24 005	3 113	20 892	23 104
Utlån med pant i annen sikkerhet	47 185	14 125	33 060	41 773
Utlån uten sikkerhet	385	384	1	0
Sum	71 575	17 622	53 953	64 877

Banken har kr. 1,15 mill i utlånsengasjement klassifisert i trinn 3 som ikkje er rekna som tapsutsett.

Note 17 Engasjement fordelt på kundegrupper og geografi

Konsentrasjonsrisiko oppstår når banken har høg eksponering mot debitorer som har like økonomiske eigenskapar eller er engasjert i like aktivitetar/næringar. Slik konsentrasjon kan gjere at fleire debitorar samstundes kan få problem med å halde sine betalingsforpliktingar med banken.

For å styre risikoen vurderer banken følgande forhold:

- Store enkeltkundar
- Bransjekonsentrasjon
- Geografikonsentrasjon
- Sikkerheit med same eigenskapar

Banken nyttar same metode som Finanstilsynet for å vurdere konsentrasjonsrisiko.

Tabellane nedanfor viser konsentrasjoner av risiko, fordelt på kundegrupper og geografi. Tabellane viser engasjement fordelt på utlån, finansielle garantikontrakter og unytta trekkrettar. Tallene i tabellen er brutto balanseført verdi for utlån og eksponeringen for kredittrisiko for finansielle garantikontrakter og unytta trekkrettar.

Utlån, finansielle garantikontraktar og unytta trekkrettar fordelt på kundegrupper	Utlån målt til amortisert kost eller verkeleg verdi		Finansielle garantikontraktar		Unytta trekkrettar	
	31.12.2025	31.12.2024	31.12.2025	31.12.2024	31.12.2025	31.12.2024
Personkundar	2 905 610	2 858 654	540	625	124 592	131 572
Offentleg sektor	10 192	12 508	77	77	0	0
Finans og andre sektorar	3 106	7 794	0	1 500	1 555	1 209
Næring						
- Primærnæring	187 324	174 798	425	425	17 661	15 361
- Industri	36 425	36 422	232	364	6 117	4 626
- Kraftproduksjon	33 040	29 460	0	0	100	100
- Utvikling byggeprosjekt	43 454	22 414	1 440	5 129	7 753	11 856
- Bygg og anlegg	81 501	62 746	7 840	5 115	11 292	9 022
- Handel	42 828	45 210	6 061	6 168	21 670	20 954
- Hotell og restaurantdrift	47 256	70 863	40	40	2 457	2 299
- Transport	21 578	24 452	2 571	2 248	765	1 595
- Eigedomsdrift	528 546	491 892	27 133	20 800	43 706	33 609
- Informasjon og kommunikasjon	51 780	10 340	2 300	0	87	155
- Fagleg og finansiell tenesteyting	6 982	18 257	0	0	661	318
- Forretningsmessig tenesteyting	4 898	6 264	59	439	0	0
- Tenesteytande næringer ellers	30 583	25 429	6 541	6 541	5 479	1 820
- Interesseorganisasjonar	0	0	0	0	0	0
Sum brutto utlån/eksponering	4 035 103	3 897 503	55 259	49 471	243 895	234 496
Nedskriving/avsetjing	31 488	27 116	724	760	398	559
Sum netto utlån/ eksponering	4 003 615	3 870 387	54 535	48 711	243 497	233 937

Geografisk fordeling av utlån, finansielle garantikontraktar og unytta trekkrettar	Utlån målt til amortisert kost eller verkeleg verdi		Finansielle garantikontraktar		Unytta trekkrettar	
	31.12.2025	31.12.2024	31.12.2025	31.12.2024	31.12.2025	31.12.2024
Kundar i Luster	1 611 364	1 558 440	11 489	10 681	134 213	114 060
Kundar i Sogn og Fj.	588 311	610 309	28 395	27 497	43 368	51 888
Kundar utanfor Sogn og Fj.	1 835 429	1 728 754	15 376	11 293	66 313	68 548
Sum brutto utlån/eksponering	4 035 103	3 897 503	55 259	49 471	243 895	234 496
Nedskriving/avsetjing	31 488	27 116	724	760	398	559
Sum netto utlån/ eksponering	4 003 615	3 870 387	54 535	48 711	243 497	233 937

Note 18 Mislighaldne og tapsutsette engasjement

(Brutto utlån, unytta kredittar og garantiar)

2025	Brutto misleghaldne engasjement		Netto misleghaldne engasjement	
Misleghaldne engasjement		Nedskriving trinn 3		
Personkundar	5 538	390	5 148	
Offentleg sektor	0	0	0	
Finans og andre sektorar	0	0	0	
Næring				
- Primærnæring	0	0	0	
- Industri	7 775	3 790	3 986	
- Kraftproduksjon	4 582	3 081	1 501	
- Bygg og anlegg	0	0	0	
- Handel	0	0	0	
- Hotell og restaurantdrift	0	0	0	
- Transport	2 988	2 443	545	
- Eigedomsdrift	18 591	3 097	15 494	
- Andre tjenestenæringar	0	0	0	
- Interesseorganisasjonar	0	0	0	
Sum	39 473	12 800	26 673	

2025 Tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	Brutto tapsutsette engasjement	Nedskriving trinn 3	Netto tapsutsette engasjement
Personkundar	3 454	5	3 449
Offentleg sektor	0	0	0
Finans og andre sektorar	0	0	0
Næring			
- Primærnæring	0	0	0
- Industri	0	0	0
- Kraftproduksjon	0	0	0
- Bygg og anlegg	0	0	0
- Handel	4 281	3 546	735
- Hotell og restaurantdrift	1 928	41	1 887
- Transport	0	0	0
- Eigedomsdrift	13 638	1 302	12 336
- Andre tjenestenæringar	9 421	2 378	7 043
- Interesseorganisasjonar	0	0	0
Sum	32 722	7 272	25 450

2024 Misleghaldne engasjement	Brutto misleghaldne engasjement	Nedskriving trinn 3	Netto misleghaldne engasjement
Personkundar	385	384	1
Offentleg sektor	0	0	0
Finans og andre sektorar	0	0	0
Næring			
- Primærnæring	0	0	0
- Industri	7 687	3 215	4 472
- Kraftproduksjon	0	0	0
- Bygg og anlegg	0	0	0
- Handel	0	0	0
- Hotell og restaurantdrift	9 217	214	9 003
- Transport	0	0	0
- Eigedomsdrift	18 319	3 087	15 232
- Andre tjenestenæringar	0	0	0
- Interesseorganisasjonar	0	0	0
Sum	35 607	6 899	28 708

2024 Tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	Brutto tapsutsette engasjement	Nedskriving trinn 3	Netto tapsutsette engasjement
Personkundar	4 867	7	4 859
Offentleg sektor	0	0	0
Finans og andre sektorar	0	0	0
Næring			
- Primærnæring	0	0	0
- Industri	0	0	0
- Kraftproduksjon	0	0	0
- Bygg og anlegg	0	0	0
- Handel	5 635	3 233	2 402
- Hotell og restaurantdrift	1 993	41	1 953
- Transport	3 509	2 442	1 067
- Eigedomsdrift	9 323	83	9 239
- Andre tjenestenæringar	9 484	4 917	4 568
- Interesseorganisasjonar	0	0	0
Sum	34 811	10 723	24 088

Note 19 Nedskrivingar og tap

Etter IFRS 9 er banken sine utlån til kundar, unytta kredittar og garantiar gruppert i tre trinn fordelt etter sansynlegheit for misleghald på innrekningstidspunkt samanlikna med sansynlegheitfor tap på balansedagen. Fordelinga mellom trinna vert gjort for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringane i perioden sine nedskrivingar og brutto balanseførte utlån, garantiar og unytta trekkrettar for kvart trinn og inkluderer følgande element:

- Overføring mellom trinna som skuldast endring i kredittisiko , frå 12 månaders forventa kreditttap i trinn 1 til kreditttap over levetida i trinn 2 og trinn 3.
- Auke i nedskrivingar ved utsteding av nye utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivingar ved frårekning av utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Auke eller reduksjon i nedskrivingar som skuldast endringar i inputvariablar, berekningsføresetnader, makroøkonomiske forhold og effekten av diskontering.

Spesifikasjon av balanseførte utlån til kundar pr 31.12.2025	PM-kundar til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader	BM-kundar til amortisert kost	Offentleg/finans til amortisert kost	Sum
Brutto balanseførte utlån til kundar	2 905 610	1 119 300	10 192	4 035 103
Nedskrivingar	-2 476	-30 712	0	-33 188
Tilbakeføring trinn 1 over andre inntekter og kostnader for å justere PM-kundar til verkeleg verdi	1 431	270	0	1 701
Netto balanseførte kundar	2 904 565	1 088 858	10 192	4 003 615
Spesifikasjon av øvrige inntekter og kostnader i resultatet				
Tilbakeføring trinn 1 PM og BM - kundar 01.01.2025				1 752
Tilbakeføring trinn 1 PM og BM -kundar unytta kredittar 01.01.2025				25
Korrigerig feilklassifiserte engasjement i trinn 1				
Tilbakeføring trinn 1 Pmog BM -kundar unytta kredittar 31.12.2025				18
Tilbakeføring trinn 1 PM og BM -kundar 31.12.2025				1 700
Endring blir resultatført over andre inntekter og kostnader i resultatrekneskap				-58

Nedskrivingar	Trinn 1 12 mnd. tap	Trinn 2 Livstid tap	Trinn 3 Livstid tap	Sum nedskrivingar
Personmarknadskundar målt til verkeleg verdi				
Nedskrivingar pr. 01.01.2025	1 702	407	391	2 500
Overføringer:				
Overført til trinn 1	66	-66	0	0
Overført til trinn 2	-73	79	-6	0
Overført til trinn 3	-2	-4	6	0
Netto endring	-41	121	3	82
Nye tap	495	142	3	640
Frårekna tap	-473	-107	0	-580
Endring i risikomodell/parametrar	-122	-42	-1	-165
Andre endringar	0	0	0	0
Nedskrivingar 31.12.2025	1 552	529	395	2 476

Brutto utlån Personmarknadskunder målt til verkeleg verdi	Trinn 1 12 mnd. tap	Trinn 2 Livstid tap	Trinn 3 Livstid tap	Sum utlån
Brutto utlån pr. 01.01.2025	2 582 549	270 854	5 250	2 858 654
Overføringer:				
Overført til trinn 1	45 432	-45 432	0	0
Overført til trinn 2	-110 987	114 613	-3 626	0
Overført til trinn 3	-2 505	-2 553	5 058	0
Netto endringar	-75 130	5 070	-336	-70 396
Nye engasjement	806 150	97 660	2 651	906 461
Frårekna engasjement	-717 942	-71 161	-5	-789 109
Endring i risikomodell/parmetrar	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0
Utlån 31.12.2025	2 527 567	369 052	8 992	2 905 610
Her av kundar med betalingslette personmarknad		14 462	5 968	20 430

Nedskrivingar Bedriftsmarknadskunder målt til amortisert kost	Trinn 1 12 mnd. tap	Trinn 2 Livstid tap	Trinn 3 Livstid tap	Sum nedskrivingar
Nedskrivingar pr. 01.01.2025	5 456	3 712	17 200	26 368
Overføringer:				
Overført til trinn 1	807	-807	0	0
Overført til trinn 2	-706	706	0	0
Overført til trinn 3	-81	-43	124	0
Netto endring	-940	541	2 529	2 130
Nye tap	2 282	1 274	2	3 559
Frårekna tap	-1 128	-655	-233	-2 016
Endring i risikomodell/parmetrar	255	391	25	672
Andre endringar	0	0	0	0
Nedskrivingar 31.12.2025	5 946	5 120	19 647	30 712

Brutto utlån Bedriftsmarknadskunder målt til amortisert kost	Trinn 1 12 mnd. tap	Trinn 2 Livstid tap	Trinn 3 Livstid tap	Sum utlån
Brutto utlån pr. 01.01.2025	714 474	247 204	64 664	1 026 341
Overføringer:				
Overført til trinn 1	20 593	-20 593	0	0
Overført til trinn 2	-108 361	108 361	0	0
Overført til trinn 3	-4 178	-4 365	8 543	0
Netto endring	-22 110	3 397	-1 405	-20 118
Nye engasjement	250 920	42 815	273	294 009
Frårekna engasjement	-133 650	-37 241	-10 040	-180 932
Endring i risikomodell/parmetrar	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0
Utlån 31.12.2025	717 688	339 577	62 035	1 119 300
Her av kundar med betalingslette bedriftsmarknad		87 936	17 107	105 043

Nedskrivningar Offentleg og finans målt til amortisert kost	Trinn 1 12 mnd. tap	Trinn 2 Livstid tap	Trinn 3 Livstid tap	Sum nedskrivningar
Nedskrivningar pr. 01.01.2025	0	0	0	0
Overføringer:				
Overført til trinn 1	0	0	0	0
Overført til trinn 2	0	0	0	0
Overført til trinn 3	0	0	0	0
Netto endring	0	0	0	0
Nye tap	0	0	0	0
Frårekna tap	0	0	0	0
Endring i risikomodell/parmetrar	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0
Nedskrivningar 31.12.2025	0	0	0	0

Brutto utlån Offentleg og finans målt til amortisert kost	Trinn 1 12 mnd. tap	Trinn 2 Livstid tap	Trinn 3 Livstid tap	Sum utlån
Brutto utlån pr. 01.01.2025	12 508	0	0	12 508
Overføringer:				
Overført til trinn 1	0	0	0	0
Overført til trinn 2	0	0	0	0
Overført til trinn 3	0	0	0	0
Netto endring	-2 112	0	0	-2 112
Nye engasjement	0	0	0	0
Frårekna engasjement	-203	0	0	-203
Endring i risikomodell/parmetrar	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0
Utlån 31.12.2025	10 192	0	0	10 192

Avsetningar Unytta kredittar og garantiar	Trinn 1 12 mnd. tap	Trinn 2 Livstid tap	Trinn 3 Livstid tap	Sum avsetningar
Avsetningar pr. 01.01.2025	810	502	31	1 344
Overføringer:				
Overført til trinn 1	269	-269	0	0
Overført til trinn 2	-89	89	0	0
Overført til trinn 3	0	-3	3	0
Netto endring	-144	-102	-1	-247
Nye tap	164	182	0	346
Frårekna tap	-235	-121	-5	-360
Endring i risikomodell/parmetrar	26	30	1	56
Andre endringar	0	0	0	0
Avsetningar 31.12.2025	801	308	30	1 140

Unyttta kredittar, garantiar og lånetilsagn	Trinn 1 12 mnd. tap	Trinn 2 Livstid tap	Trinn 3 Livstid tap	Sum unnytta kredittar og garantiar og lånetilsagn
Unyttta kredittar og garantiar 01.1.2025	325 843	27 844	1 660	355 347
Overføringer:				
Overført til trinn 1	10 151	-10 151	0	0
Overført til trinn 2	-63 873	63 873	0	0
Overført til trinn 3	0	-310	310	0
Netto endring	-5 893	-39 096	-668	-45 657
Nye engasjement	122 224	25 522	0	147 746
Frårekna engasjement	-90 153	-5 556	-133	-95 843
Endring i risikomodell/parametrar-	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0
Sum unnytta kredittar, garantiar og lånetilsagn 31.12.2025	298 299	62 126	1 169	361 593
Unyttta kredittar og garantier	244 959	53 026	1 169	299 154
Lånetilsagn	53 339	9 100	0	62 439
Sum unnytta kredittar, garantiar og lånetilsagn 31.12.2025	298 299	62 126	1 169	361 593

Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar	2025	2024
Endring i perioden i trinn 3 på utlån	4 289	-962
Endring i perioden i trinn 3 på garantiar	-1	-45
Endring i perioden i forventa tap (trinn 1 og 2)	1 667	-327
Konstaterte tap i perioden der det tidligare er gjort individuelle nedskrivingar	21	5 889
Konstaterte tap i perioden der det tidligare ikkje er gjort individuelle nedskrivingar	10	168
Inngang på tidligare konstaterte tap	-321	-801
Tap på utlån m.m. 31.12	5 665	3 922

Endringar trinn 3	2025
Endring i perioden trinn 3 på personmarknadskundar	4
Endring i perioden trinn 3 på bedriftsmarknaddskundar	2 446
Årets resultatført endring av amortisering under renter på lån i trinn 3	1 838
Endring i perioden i trinn 3 på utlån 2025	4 288

Handhevingsaktivitetar

Banken har ikkje uteståande kontraktsmessige beløp for finansielle eigedelar som er nedskreve i 2024 som framleis er underlagt handhevingsaktivitetar.

Note 20 Sensitivitet

Den nytta tapsgradsmodellen for berekning av forventa tap på engasjement byggjer på fleire kritiske estimat som tapsgrad, nedbetalingsprofil, forventa levetid og den makroøkonomiske utvikling.

Tapsestimat vil bli endra dersom desse forutsetningane blir endra. Etter IFRS skal ein gjennomføre analysar for å syne korleis endringar i forutsetningar endrar tapsestimata.

Tabellen syner sentrale føresetnader nytta for tapsmodellen.

Levetid år	Nedbetaling i %	Tapsgrad i scenario PM - 31.12.25			Sannsynlighetsvekting av forventa tap		
		Basis	Negativ	Positiv	Basis	Negativ	Positiv
1	100	0,038 %	0,057 %	0,019 %	60 %	20 %	20 %
2	75	0,038 %	0,057 %	0,019 %	60 %	20 %	20 %
3	50	0,038 %	0,057 %	0,019 %	60 %	20 %	20 %
4	25	0,038 %	0,057 %	0,019 %	60 %	20 %	20 %
Pr. 31.12.24 var tala		0,041 %	0,062 %	0,020 %	60 %	20 %	20 %
Gjenstående levetid er lik som pr. 31.12.24							

Levetid år	Nedbetaling i %	Tapsgrad i scenario BM andre - 31.12.25			Sannsynlighetsvekting av forventa tap		
		Basis	Negativ	Positiv	Basis	Negativ	Positiv
1	100	1,28 %	1,92 %	0,64 %	60 %	20 %	20 %
2	80	1,28 %	1,92 %	0,64 %	60 %	20 %	20 %
3	60	1,28 %	1,92 %	0,64 %	60 %	20 %	20 %
4	40	1,28 %	1,92 %	0,64 %	60 %	20 %	20 %
5	20	1,28 %	1,92 %	0,64 %	60 %	20 %	20 %
Pr. 31.12.24 var tala		1,24 %	1,86 %	0,62 %	60 %	20 %	20 %
Gjenstående levetid er lik som pr. 31.12.24							

Levetid år	Nedbetaling i %	Tapsgrad i scenario BM eigedom - 31.12.25			Sannsynlighetsvekting av forventa tap		
		Basis	Negativ	Positiv	Basis	Negativ	Positiv
1	100	0,19 %	0,285 %	0,095 %	60 %	20 %	20 %
2	80	0,19 %	0,285 %	0,095 %	60 %	20 %	20 %
3	60	0,19 %	0,285 %	0,095 %	60 %	20 %	20 %
4	40	0,19 %	0,285 %	0,095 %	60 %	20 %	20 %
5	20	0,19 %	0,285 %	0,095 %	60 %	20 %	20 %
Pr. 31.12.24 var tala		0,16 %	0,24 %	0,08 %	60 %	20 %	20 %
Gjenstående levetid er lik som pr. 31.12.24							

Levetid år	Nedbetaling i %	Tapsgrad i scenario BM turistnæring - 31.12.25			Sannsynlighetsvekting av forventa tap		
		Basis	Negativ	Positiv	Basis	Negativ	Positiv
1	100	0,56 %	0,84 %	0,28 %	60 %	30 %	10 %
2	80	0,56 %	0,84 %	0,28 %	60 %	30 %	10 %
3	60	0,56 %	0,84 %	0,28 %	60 %	30 %	10 %
4	40	0,56 %	0,84 %	0,28 %	60 %	30 %	10 %
5	20	0,56 %	0,84 %	0,28 %	60 %	30 %	10 %
Pr. 31.12.24 var tala		0,61 %	0,92 %	0,30 %	60 %	30 %	10 %
Gjenstående levetid er auka frå 4 år pr. 31.12.24 til 5 år pr. 31.12.2025							

Levetid år	Nedbetaling i %	Tapsgrad i scenario BM jordbruk - 31.12.25			Sannsynlighetsvekting av forventa tap		
		Basis	Negativ	Positiv	Basis	Negativ	Positiv
1	100	0,05 %	0,075 %	0,025 %	60 %	20 %	20 %
2	80	0,05 %	0,075 %	0,025 %	60 %	20 %	20 %
3	60	0,05 %	0,075 %	0,025 %	60 %	20 %	20 %
4	40	0,05 %	0,075 %	0,025 %	60 %	20 %	20 %
5	20	0,05 %	0,075 %	0,025 %	60 %	20 %	20 %
Pr. 31.12.24 var tala		0,05 %	0,075 %	0,025 %	60 %	20 %	20 %
Gjenstående levetid er auka frå 4 år pr. 31.12.24 til 5 år pr. 31.12.2025							

Sensitivitet tapsmodell

Tapsgradmodellen som er nytta for utrekning av forventta tap på engasjementa bygger på kritiske estimat om tapsgrad, nedbetalingsprofil, forventta levetid og makroutvikling. Modellen og tapsestimata er dermed sårbare for endringar i føresetnader. Banken har dlfor rekna på tapsestimat gitt endringar i sentrale føresetnader for å syne korleis tapsestimata blir påverka.

Endringar i hhv tapsgrad scenario	31.12.2025 Konsekvens Endring i tapsavsetning	31.12.2024 Konsekvens/ Endring i tapsavsetning
Tapsgrad BM blir endra med 50 %	pluss/minus 6.202	pluss/minus 5.875
Tapsgrad PM blir endra med 50 %	pluss/minus 1.056	pluss/minus 1.128
Positive scenario med 100 % sannsynlegheit	-10 255	-9 857
Negative scenario med 100 % sannsynlegheit	+ 27.602	+ 26.056

Note 21 Skattar

Utsatt skattefordel

Netto utsatt skattefordel er utrekna på grunnlag av dei mellombels skilnadene mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiane som eksisterte ved utgangen av rekneskapsåret.

Netto utsatt skattefordel er utrekna på følgjande måte:

Positive mellombels skilnader:	2025	2024	Endring
Vinst/tapskonto bygningar	0	0	0
Skattemessige meiravskrivinger	1 211	1 169	42
Finansielle instrument	0	0	0
Avsetning til pensjonsinnskotsfond	247	1 026	-779
Sum positive mellombels skilnader	1 458	2 195	-737
Utsatt skatt	366	549	-183
Negative mellombels skilnader:	2025	2024	Endring
Rekneskapsmessige avsetjingar	1 214	1 127	87
Finansielle instrument	652	1 243	-591
Ekstraordinær nedskriving leiligheter	65	65	0
Pensjonsforpliktingar	13 921	14 569	-648
Sum negative mellombels skilnader	15 852	17 004	-1 152
Utsatt skattefordel	3 963	4 251	-288
Netto utsatt skattefordel	3 598	3 702	-105

Spesifikasjon av skilnaden mellom det rekneskapsmessige resultatet før skattar og årets skattepliktige inntekt:

Spesifikasjon av skilnaden mellom det rekneskapsmessige resultatet før skattar og årets skattepliktige inntekt:	2025	2024
Resultat før skatt	95 912	99 836
Sum andre inntekter og kostnader	1 177	-1 268
Endring i mellombels skilnader	-417	-696
Permanente skilnader	-12 962	-16 119
Grunnlag for berekning av betalbar skatt	83 710	81 753

Fordeling av skattekostnaden:

Fordeling av skattekostnaden	2025	2024
Inntektsskatt	20 928	20 438
Reduksjon i utsatt skattefordel	104	174
Skatt ført over andre inntekter og kostnader	-392	423
For mykje avsatt tidligare år	43	0
Skatt på resultat	20 684	21 035

Betalbar skatt i balansen:

Betalbar skatt i balansen	2025	2024
Avsatt skatt for inntektsåret	20 928	20 438
Betalbar skatt i balansen	20 928	20 438

Note 22 Verkeleg verdi av finansielle instrument

Verkeleg verdi av finansielle instrument målt til amortisert kost Det er i hovudsak utlån, innskot og innlån med flytande rentevilkår som blir vurdert til amortisert kost. Vurdering av verkeleg verdi blir gjort med utgangspunkt i kontraktsmessige vilkår til det finansielle instrumentet på balansedagen.

Utlån til og fordring på kredittinstitusjonar

Dette er fordringar med kort løpetid og flytande rente. Her legg ein til grunn at verkeleg verdi er tilnærma lik amortisert kost.

Utlån til og fordringar på kundar

Flytande rente til kundar blir justert ut frå rentenivået i marknaden. Utlån blir vurdert og skreve ned i samsvar med reglane i IFRS 9. Neskriving i trinn 1 er ein modellberekna nedskriving som truleg ikkje vil ha innverknad på verdsetjinga ved eit eventuelt sal. Verkeleg verdi på utlån til amortisert kost blir difor vurdert å vere lik amortisert kost med tillegg av steg 1.

Gjeld til kredittinstitusjonar

Dette er gjeld der renta iflg låneavtale blir endra i samsvar med utviklinga i 3-måneders NIBOR. Her legg ein til grunn at verkeleg verdi er tilnærma lik amortisert kost.

Innskot frå kundar

Dette er innskot med kort løpetid og flytande rente. Her legg ein til grunn at verkeleg verdi er tilnærma lik amortisert kost.

Gjeld stifta ved utsteding av verdipapir

Dette er gjeld der renta iflg låneavtale blir endra i samsvar med utviklinga i 3-måneders NIBOR. Her legg ein til grunn at verkeleg verdi er tilnærma lik amortisert kost.

Finansielle instrument målt til amortisert kost i balansen	31.12.2025		31.12.2024	
	Balanseført verdi	Verkeleg verdi	Balanseført verdi	Verkeleg verdi
Kontantar og fordring på sentralbank	80 825	80 825	79 072	79 072
Utlån til og fordring på kredittinstitusjonar	321 427	321 427	291 503	291 503
Utlån til og fordringar på kundar	1 099 050	1 229 856	1 012 666	1 017 937
Sum finansielle eigendeler målt til amortisert kost	1 501 302	1 632 108	1 383 241	1 388 512
Gjeld til kredittinstitusjonar	80 241	90 352	80 256	80 256
Innskot frå kundar	4 007 724	4 007 724	3 678 990	3 678 990
Gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	135 703	135 703	211 048	211 048
Sum finansielle forpliktingar målt til amortisert kost	4 223 668	4 233 779	3 970 294	3 970 294

Verdsetjingshirarki for finansielle instrument målt til verkeleg verdi

Tabellen nedanfor analyserer finansielle instrument balanseført til verkeleg verdi etter verdsetjingsmetode. Verdsetjingsmetodane blir delt inn i tre nivå.

Nivå 1

Verkeleg verdi blir målt ved bruk av kvoterte prisar frå aktive marknader for identiske finansielle instrument. I aktive marknader vil transaksjonar for eigendeler og forpliktingar vere så mange at marknaden gir kontinuerleg prisinformasjon. I denne kategorien inngår børsnoterte aksjar, fondsandelar, sertifikat og obligasjonar.

Nivå 2

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av verdsetjingsteknikkar der forutsetningane er basert direkte eller indirekte på observerbare marknadsdata.

Nivå 3

Verdipapir

Verdipapir i denne gruppa blir verdsett på grunnlag av vurderingar der observerbare marknadsdata ikkje inngår. Dei fleste av banken sine aksjar er ikkje notert på aktive marknader og er difor blitt klassifisert i denne gruppa. På nokre av aksjane er det utarbeida verdivurderingar og då blir desse lagt til grunn. Dersom ein ikkje har noko anna, er andel av bokført eigenkapital nytta.

Utlån til kundar målt til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader

Utlån til kundar klassifisert til verkeleg verdi med verdiendring over andre inntekter og kostnader blir verdsett til pålydande saldo inkl. påløpte renter og forventa tap. Utlån utan vesentleg auke i kredittrisiko sidan

førstegongsinnrekning blir verdsett til pålydande saldo. Utlån med vesentleg auke i kredittrisiko etter førstegongsinnrekning (trinn 2 og 3) blir verdsett til saldo fråtrekt berekna tap over levetida til instrumentet.

31.12.2025				
Finansielle eigendeler	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Sum
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi	0	0	2 904 565	2 904 565
Obligasjonar	262 884	0	0	262 884
Pengemarknad og obligasjonsfond	221 766	0	0	221 766
Aksjar	11 169	0	197 896	209 065
Sum	495 819	0	3 102 461	3 598 280

Avstemming nivå 3 aksjer og eigenkapitalbevis		Nivå 3
Inngåande balanse		185 306
Realisert vinst/tap		366
Urealisert vinst/tap ført mot resultatet		5 546
Urealisert vinst/tap ført mot utvida resultat		0
Investering		7 433
Tilbakebetalt aksjekapital		0
Salg		-755
Utgåande balanse		197 896

Avstemming nivå 3 utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi		Nivå 3
Inngåande balanse 01.01		2 857 721
Netto endringar		-70 508
Nye engasjement		906 461
Frårekna engasjement		-789 109
Utgåande balanse utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi		2 904 565

31.12.2024				
Finansielle eigendeler	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Sum
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi	0	0	2 857 721	2 857 721
Obligasjonar	262 804	0	0	262 804
Pengemarknad og obligasjonsfond	82 590	0	0	82 590
Aksjar	8 794	0	185 306	194 100
Sum	354 188	0	3 043 027	3 397 215

Avstemming nivå 3 aksjer og eigenkapitalbevis		Nivå 3
Inngåande balanse		167 099
Realisert vinst/tap		872
Urealisert vinst/tap ført mot resultatet		12 091
Urealisert vinst/tap ført mot utvida resultat		0
Investering		8 539
Tilbakebetalt aksjekapital		-1 245
Salg		-2 050
Utgåande balanse		185 306

Avstemming nivå 3 utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi		Nivå 3
Inngåande balanse 01.01		2 655 441
Netto endringar		-70 687
Nye engasjement		1 069 128
Frårekna engasjement		-796 161
Utgåande balanse utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi		2 857 721

Note 23 Klassifikasjon av finansielle instrument i balansen

31.12.2025	Verkeleg verdi over resultat	Verkeleg verdi over utvida resultat	Amortisert kost	Totalt
Kontantar og fordring på sentralbank	0	0	80 825	80 825
Utlån til og fordring på kredittinstitusjonar	0	0	321 427	321 427
Utlån til og fordring på kundar	0	2 904 565	1 099 050	4 003 615
Renteberande verdipapir	484 650	0	0	484 650
Aksjer og andre eigenkapitalinstrument	209 065	0	0	209 065
Sum finansielle eigendeler	693 715	2 904 565	1 501 302	5 099 582
Gjeld til kredittinstitusjonar	0	0	80 241	80 241
Innskot frå kundar	0	0	4 007 724	4 007 724
Gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	0	0	135 703	135 703
Sum finansielle forpliktingar	0	0	4 223 668	4 223 668

31.12.2024	Verkeleg verdi over resultat	Verkeleg verdi over utvida resultat	Amortisert kost	Totalt
Kontantar og fordring på sentralbank	0	0	79 072	79 072
Utlån til og fordring på kredittinstitusjonar	0	0	291 503	291 503
Utlån til og fordring på kundar	0	2 857 721	1 012 666	3 870 387
Renteberande verdipapir	345 394	0	0	345 394
Aksjer og andre eigenkapitalinstrument	194 100	0	0	194 100
Sum finansielle eigendeler	539 494	2 857 721	1 383 241	4 780 456
Gjeld til kredittinstitusjonar	0	0	80 256	80 256
Innskot frå kundar	0	0	3 678 990	3 678 990
Gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	0	0	211 048	211 048
Sum finansielle forpliktingar	0	0	3 970 294	3 970 294

Note 24 Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er definert som risikoen for at banken ikkje er i stand til å innfri forpliktingar og/eller ikkje evnar å finansiere auke i eigendeler, blant anna ønska vekst i utlån, utan at det oppstår vesentlege auka kostnader i form av prisfall på eigendeler ein må realisere, eller i form av auka finansieringskostnader. Luster Sparebank har som mål å halde ein låg likviditetsrisiko og styret har fokus på dette. Forfall på innlån blir fordelt jamt framover i tid. Banken har pr 31.12.2025 ein innskotsdekning på 99,32 %. Pr 31.12.2024 var innskotsdekninga på 94,39 %. Det blir kvartalsvis gjennomført stresstestar for å analysere om banken klarar å dekke sine likviditetsbehov under stress. Banken har pr 31.12.25 ein LCR på 198 % (282 % pr 31.12.2024).

Likviditetsforfall

2025	0-1 mn.	1-3 mn.	3 mn. - 1 år	1-5 år	Over 5 år	Utan løpetid	Totalt
Kontantar og kontantekvivalentar	81 083	0	0	0	0	0	81 083
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	221 304	0	3 071	16 378	78 850	0	319 603
Brutto utlån til og fordringar på kundar hovedstol	25 362	50 724	228 260	1 217 386	6 086 928	0	7 608 660
Obligasjonar	1 014	2 028	9 126	48 672	243 360	0	304 200
Pengemarknadsfond	218 005	0	0	0	0	0	218 005
Aksjer, andeler og andre eigenkapitalinstrument	0	0	8 000	32 000	160 000	209 065	409 065
Sum eigendeler	546 768	52 752	248 457	1 314 436	6 569 138	209 065	8 940 616
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	0	30 956	51 190	0	0	0	82 146
Innskot og andre innlån frå kundar	2 725 107	847 402	362 853	113 718	0	0	4 049 080
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	0	1 784	63 768	81 943	0	0	147 495
Sum gjeld	2 725 107	880 142	477 811	195 661	0	0	4 278 721
Nettosum alle postar	-2 178 339	-827 390	-229 354	1 118 775	6 569 138	209 065	4 661 895

Likviditetsforfall

2024	0-1 mn.	1-3 mn.	3 mn. - 1 år	1-5 år	Over 5 år	Utan løpetid	Totalt
Kontantar og kontantekvivalentar	79 353	0	0	0	0	0	79 353
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	196 090	0	3 402	18 144	78 850	0	296 486
Brutto utlån til og fordringar på kundar hovedstol	25 166	50 333	226 498	1 207 991	6 039 957	0	7 549 945
Obligasjonar	1 135	2 271	10 218	54 496	272 480	0	340 600
Pengemarknadsfond	82 934	0	0	0	0	0	82 934
Aksjer, andeler og andre eigenkapitalinstrument	0	0	6 566	26 264	194 100	194 100	421 030
Sum eigendeler	384 678	52 604	246 684	1 306 895	6 585 387	194 100	8 770 348
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	0	1 076	3 227	82 438	0	0	86 741
Innskot og andre innlån frå kundar	2 629 782	670 902	303 430	114 114	0	0	3 718 228
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	0	2 753	156 168	61 593	0	0	220 514
Sum gjeld	2 629 782	674 731	462 825	258 145	0	0	4 025 483

Note 25 Renterisiko

Renterisiko er ein konsekvens av at rentebindingstida for dei forskjellige postane på banken si eigendelside og gjeldsside ikkje er lik.

2025 Tidspunkt fram til avtalt/ truleg endring av rentevilkår	Rente-binding 0-1 mnd.	Rente-binding 1-3 mnd.	Rente-binding 3 mnd. - 1 år	Rente-binding 1 år-5 år	Rente-binding Over 5 år	Utan rente-eksponering	Sum
Kontantar og kontantekvivalentar	77 472	0	0	0	0	3 353	80 825
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	315 577	0	0	0	0	5 850	321 427
Utlån til og fordringar på kundar	3 365	3 976 843	0	54 895	0	0	4 035 103
Renteberende verdipapir	0	484 650	0	0	0	0	484 650
Aksjer og andre eigenkapitalinstrument	0	0	0	0	0	209 065	209 065
Sum renteberande eigendelar	396 414	4 461 493	0	54 895	0	218 268	5 131 070
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	0	80 241	0	0	0	0	80 241
Innskot og andre innlån frå kundar	107 078	3 340 827	263 604	306 215	0	0	4 017 724
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	0	135 703	0	0	0	0	135 703
Sum renteberande gjeld	107 078	3 556 771	263 604	306 215	0	0	4 233 668
Netto renteeksponering i balansen	289 336	904 722	-263 604	-251 320	0	218 268	897 402

2024 Tidspunkt fram til avtal/ truleg endring av rentevilkår	Rente-binding 0-1 mnd.	Rente-binding 1-3 mnd.	Rente-binding 3 mnd. - 1 år	Rente-binding 1 år-5 år	Rente-binding Over 5 år	Utan rente-eksponering	Sum
Kontantar og kontantekvivalentar	74 591	0	0	0	0	4 482	79 072
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	285 653	0	0	0	0	5 850	291 503
Utlån til og fordringar på kundar	5 311	3 821 322	0	70 870	0	0	3 897 503
Renteberende verdipapir	0	345 394	0	0	0	0	345 394
Aksjer og andre eigenkapitalinstrument	0	0	0	0	0	194 100	194 100
Sum renteberande eigendelar	365 555	4 166 716	0	70 870	0	204 432	4 807 573
Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	0	80 256	0	0	0	0	80 256
Innskot og andre innlån frå kundar	90 421	3 186 374	178 443	223 752	0	0	3 678 990
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	0	211 048	0	0	0	0	211 048
Sum renteberande gjeld	90 421	3 477 678	178 443	223 752	0	0	3 970 294
Netto renteeksponering i balansen	275 134	689 038	-178 443	-152 882	0	204 432	837 279

Renterisiko

Renterisiko er risiko for tap som oppstår ved endringar i rentenivået dersom rentebindingstida for banken sine forpliktingar og fordringar ikkje er sammenfallande. Ved å inngå avtalar om fastrenteutlån, fastrenteinnskot og innlån der renta inneheld fastrentelement, påtek banken seg renterisiko.

Berekning av renterisiko tek utgangspunkt i Baselkomiteens retningslinjer for renterisikostyring (IRRBB) spesifisert EBA sine retningslinjer for styring av renterisiko i bankporteføljen (GL 2022/14). Luster Sparebank nyttar forutsetningane gitt av forenkla standardisert metode.

Rente risikoen skal ifølge Baselkomiteen målas ved to metodar.

EVE-metoden

Renterisiko blir vurdert ved EVE-metoden (Economic Value of Equity) på bakgrunn av eit stresstestscenario der heile rentekurva får et parallelt skift på 2 prosentpoeng, samt ein vurdering av korleis 6 stresstestscenarioer med ulike vridningar i rentekurven påvirkar banken sine posisjoner. Det tilfellet som gir størst tapspotensial blir lagt til grunn ved måling av renterisikoen. Styret har sett ei ramme på 5,5 mill for renterisiko målt ved EVE-metoden.

NII-metoden

Banken vurderer også renterisiko etter Net Interest Income (NII- metoden). Denne metoden bereknar effekten på netto renteinntekter for alle eigendeler og gjeld ved eit rentesjokk på 2 prosentpoeng innanfor ein tidshorisont på 1 år. Styret har sett ei ramme på kr 5,5 mill. for renterisiko målt etter NII-metoden. Den konkrete utrekninga av renterisiko etter EVE-metoden og NII-metoden skjer i egne berekningsprogram som blir køyrt kvar dag.

Pr. 31.12.2025 hadde banken følgende renterisiko:

- EVE: kr 4,7 mill.
- NII: kr 5,0 mill.

Note 26 Valutarisiko

Luster Sparebank har ikkje lenger kontantbeholdning i valuta og dermed ingen valutarisiko.

Note 27 Kursrisiko

Kursrisiko på verdipapir er risikoen for tap som kjem ved endringar i verdien på obligasjonar og eigenkapitalpapir som banken har investert i. Banken har etablert rammer for investeringar.

Note 28 Renterisiko i utlånsporteføljen

Banken sine utlån og finansiering er i all hovudsak i flytande rente. Dette fører til ei avgrensa eksponering mot endringar i marknadsrente. Banken har totalt 54,8 mill. kroner i fastrenteutlån per 31.12.2025. Dette utgjør 1,36 % av brutto utlån til kundar.

Note 29 Store Engasjement

Pr 31.12.2025 utgjorde dei 10 største konsoliderte kredittengasjementa i morbank 12,68% av brutto engasjement. (2024: 12,64 % av brutto engasjement). Banken hadde per 31.12.2025 tre konsoliderte engasjement som utgjorde meir enn 10 % av ansvarleg kapital. Høvesvis på 13,71 %, 12,40 % og 11,16 %.

Store engasjement	2025	2024
10 største kredittengasjement	557 559	537 480
Brutto engasjement	4 396 696	4 252 850
i % av brutto engasjement	12,68 %	12,64 %
Ansvarleg kapital	726 912	675 027
i % av ansvarleg kapital	76,70 %	79,62 %
Største konsolidert engasjement utgjør (av ansvarleg kapital)	13,98 %	15,70 %

Brutto engasjement inkluderer utlån til kundar før nedskriving, unyttet kredittar, lånetilsagn og garantiar.

Note 30 Verdipapirer til verkeleg verdi over resultatet

31.12.2025 Renteberande verdipapir til verkeleg verdi over resultatet			Kostpris	Bokført verdi
Obligasjonar etter utsteder				
Kommuner			100 309	101 093
Boligkredittforetak			144 805	145 415
Anna			16 440	16 376
Sum obligasjonar til verkeleg verdi			261 554	262 884
			Org-nummer	Volum
Obligasjons- og pengemarknadsfond				
Borea Fondsobligasjon A			936 208 266	100 000
Borea Nordic High Yield A			836 208 242	100 000
Borea Likviditet			907 888 272	50 573
Dnb Likviditet			982 736 919	52 685
Odin Likviditet A			980 146 650	502 890
Storebrand Likviditet B			977 555 779	4 082
Sum obligasjons- og pengemarknadsfond til verkeleg verdi			216 884	221 766
Sum renteberande verdipapir til verkeleg verdi over resultatet				484 650

31.12.2025 Aksjer og egenkapitalbevis	Eigarandel	Org-nummer	Volum	Kostpris	Bokført verdi
DNB ASA	Uvesentleg	981276957	15 942	420	4 488
Gjensidige Forsikring ASA	Uvesentleg	995568217	11 193	997	3 380
Flekkefjord Sparebank	0,66 %	937894627	9 853	1 069	1 196
Lerum Brygge AS	10,00 %	918064907	4 000	5	347
Sogn Sparebank	1,20 %	837897912	7 600	769	2 105
Balder Betaling AS	0,82 %	918693009	210 423	5 471	7 195
Brage Finans AS	1,56 %	995610760	2 176 253	38 637	73 431
Eiendomskreditt AS	1,85 %	979391285	99 222	10 149	15 082
Frende Holding AS	0,54 %	991410325	40 986	7 686	24 674
Luster Energiverk AS	17,47 %	933297292	1 395	11 508	18 135
Norne Securities AS	0,63 %	992881461	119 758	965	1 023
Verd Boligkreditt AS	3,00 %	994322427	52 056	53 788	56 569
VN Norge AS	0,69 %	821083052	*)	0	176
Visa Inc	Uvesentleg	Utenlandsk	40	0	0
Kredittforeningen for Spb.	0,92 %	986918930	460	474	618
Andre selskap				422	646
Sum aksjar og egenkapitalbevis til verkeleg verdi over resultatet				132 360	209 065

*) Luster Sparebank eig 707.235.617.231.085 aksjar i VN Norge AS

31.12.2024 Renteberande verdipapir til verkeleg verdi over resultatet			Kostpris	Bokført verdi
Obligasjonar etter utsteder				
Kommuner			84 180	84 722
Boligkredittforetak			152 830	153 300
Anna			24 719	24 782
Sum obligasjonar til verkeleg verdi			261 729	262 804
	Org-nummer	Volum	Kostpris	Bokført verdi
Pengemarknadsfond				
Odin Likviditet A	980146650	28 773	29 033	30 360
Storebrand Likviditet B	977555779	4 930	50 000	52 230
Sum pengemarknadsfond			79 033	82 590
Sum renteberande verdipapir til verkeleg verdi over resultatet				345 394

31.12.2024 Aksjer og egenkapitalbevis	Eigarandel	Org-nummer	Volum	Kostpris	Bokført verdi
DNB ASA	Uvesentleg	981276957	15 942	420	3 617
Gjensidige Forsikring ASA	Uvesentleg	995568217	11 193	997	2 250
Flekkefjord Sparebank	0,66 %	937894627	9 853	1 069	1 104
Lerum Brygge AS	10,00 %	918064907	4 000	5	2 396
Sogn Sparebank	1,20 %	837897912	7 600	769	1 824
Balder Betaling AS	0,82 %	918693009	210 423	5 471	7 195
Brage Finans AS	1,64 %	995610760	2 176 253	38 634	68 081
Eiendomskreditt AS	1,85 %	979391285	99 222	10 149	17 119
Frende Holding AS	0,54 %	991410325	40 986	7 686	21 313
Luster Energiverk AS	15,69 %	933297292	1 359	11 214	17 862
Norne Securities AS	0,63 %	992881461	117 095	965	557
Verd Boligkreditt AS	4,02 %	994322427	45 543	46 866	49 303
VN Norge AS	0,69 %	821083052	*)	0	495
Visa Inc	Uvesentleg	Utenlandsk	40	0	0
Kredittforeningen for Spb.	0,92 %	986918930	460	474	591
Andre selskap				204	393
Sum aksjar og egenkapitalbevis til verkeleg verdi over resultatet				124 923	194 100

*) Luster Sparebank eig 707.235.617.231.085 aksjar i VN Norge AS

Note 31 Andre eigendeler

Forskotsbetalte, ikkje påløpne kostnader og opptente, ikkje mottekne inntekter	2025	2024
Overtekne eigendeler	308	308
Pensjonsmidlar	14 177	14 203
Opptjente, ikkje mottekne inntekter og forskotsbetalte kostnader	6 532	3 998
Andre eigendeler	47	195
Sum forskotsbetalte, ikkje påløpne kostnader og opptente, ikkje mottekne inntekter	21 064	18 704

Note 32 Innlån frå kredittinstitusjonar og finansforetak

Innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	2025	Rente	2024	Rente
Innlån utan avtalt løpetid til amortisert kost	0		0	
Innlån med avtalt løpetid til amortisert kost	80 241	5,13 %	80 256	5,36 %
Sum innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	80 241		80 256	

Rentesats er berekna utfrå gjennomsnittleg behaldning av innlån.

Endringar i innlån frå kreditt- institusjonar i perioden	Balanse 31.12.2025	Nye innlån	Forfall	Betalt rente	Kostnadsført rente	Balanse 31.12.2024
Innlån frå kredittinstitusjonar til amortisert kost	80 241	0	0	-4 119	4 104	80 256
Sum innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	80 241	0	0	-4 119	4 104	80 256

Rentesats er berekna utfrå gjennomsnittleg behaldning av innlån.

Endringar i innlån frå kreditt- institusjonar i perioden	Balanse 31.12.2024	Nye innlån	Forfall	Betalt rente	Kostnadsført rente	Balanse 31.12.2023
Innlån frå kredittinstitusjonar til amortisert kost	80 256	0	-65 000	-7 453	6 285	146 424
Sum innlån frå kredittinstitusjonar og finansieringsforetak	80 256	0	-65 000	-7 453	6 285	146 424

Rentesats er berekna utfrå gjennomsnittleg behaldning av innlån.

Note 33 Innskot frå og gjeld til kundar

Innskot	2025	2024
Innskot frå og gjeld til kundar til amortisert kost	4 007 724	3 678 990
Sum innskot kundar	4 007 724	3 678 990
Gjennomsnittleg rentesats	3,20 %	3,17 %
Innskot fordelt på geografisk område	2025	2024
Luster	2 644 894	2 511 046
Sogn og Fjordane	455 947	420 468
Landet ellers	906 883	747 476
Sum innskot kundar	4 007 724	3 678 990

Innskot fordelt på sektor og næring	2025	2024
Lønstakarer	2 933 439	2 696 060
Offentleg sektor	197 332	195 573
Finans og andre sektorar	123 947	99 258
Næring		
Jordbruk og tilknytta tenester	72 252	71 580
Skogbruk og tilknytta tenester	14	279
Bergverksdrift og utvinning m.m	588	0
Industri	27 619	28 694
Kraftproduksjon	122 737	151 828
Vannforsyning, avløp og renovasjon	2 245	2 231
Utvikling av byggeprosjekter	4 984	5 260
Bygg og anleggsverksend ellers	113 773	106 783
Varehandel og reparasjon av motorvogner	43 268	49 710
Transport og lagring	11 229	15 718
Hotell og restaurantdrift	41 940	30 321
Informasjon og kommunikasjon	10 611	4 652
Omsetnad og drift av fast eigendom	163 527	86 513
Fagleg tenesteyting	40 723	58 574
Forretningsmessig tenesteyting	32 837	35 931
Tjenesteyting ellers	64 659	40 025
Sum næring	753 006	688 099
Sum innskot kundar	4 007 724	3 678 990

Endringar i innskot i perioden	Balanse 31/12/2025	Auke innskot = innbet innskot + kapitaliserte renter	Netto Innskot innbetalt frå kundar	Renter kapitalisert på inn-skotskonto	Balanse 31/12/2024
Innskot og renter på kunden sin konto	3 996 136	327 259	203 637	123 622	3 668 877
Periodiserte renter ikkje kapitalisert på kundekonto	11 588				10 113
Sum innskot frå kundar	4 007 724				3 678 990

Endringar i innskot i perioden	Balanse 31/12/2024	Auke innskot = innbet innskot + kapitaliserte renter	Netto Innskot innbetalt frå kundar	Renter kapitalisert på inn-skotskonto	Balanse 31/12/2023
Innskot og renter på kunden sin konto	3 668 877	301 062	191 868	109 194	3 367 815
Periodiserte renter ikkje kapitalisert på kundekonto	10 113				5 161
Sum innskot frå kundar	3 678 990				3 372 976

Note 34 Verdpapirgjeld

Gjeld stifta ved å utstede verdipapir

Sertifikat og obligasjonslån til amortisert kost	Låneopptak	Forfall	Pålydende	Rente	2025	2024
NO0010993033	04.05.2021	04.05.2026	60 000	3MN + 0,61 %	60 480	60 513
NO0011036766	25.06.2021	25.06.2025	0	3MN + 0,53 %	0	60 044
NO0011036766	27.04.2022	25.06.2025	0	3MN + 0,53 %	0	20 015
NO0011150534	11.11.2021	11.11.2025	0	3MN + 0,51 %	0	70 518
NO0013643767	04.09.2025	04.09.2028	75 000	3MN + 0,54 %	75 267	0
Over/underkurs					-44	-41
Sum sertifikat og obligasjonslån til amortisert kost			135 000		135 703	211 048

Endringer i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 31/12/2025	Emittert	Forfalt	Betalt rente og O/U-kurs	Kostnads-ført rente og O/U-kurs	Balanse 31/12/2024
Sertifikat og obligasjonar til amortisert kost	135 703	75 000	-150 000	-9 189	8 844	211 048
Sum gjeld stifta ved å utstede verdipapir	135 703	75 000	-150 000	-9 189	8 844	211 048

Endringer i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 31/12/2024	Emittert	Forfalt	Betalt rente og O/U-kurs	Kostnads-ført rente og O/U-kurs	Balanse 31/12/2023
Sertifikat og obligasjonar til amortisert kost	211 048	0	0	-11 206	11 302	210 952
Sum gjeld stifta ved å utstede verdipapir	211 048	0	0	-11 206	11 302	210 952

Note 35 Anna gjeld

Anna gjeld	2025	2024
Skattetrekk	1 124	0
Arbeidsgiveravgift	1 186	481
Meirverdiavgift	8	43
Formuesskatt	2 886	2 502
Avsette feriepenger	2 437	2 108
Avsett bonus	1 050	975
Leverandørgjeld	2 518	2 974
Andre periodiseringer	5 588	8 389
Sum anna gjeld	16 797	17 472

Note 36 Garantiar og pantsetjingar

Garantiar	2025	2024
Betalingsgarantiar	17 633	14 540
Kontraksgarantiar	33 573	29 792
Skattegarantiar	150	1 650
Anna garantiansvar	3 903	3 489
Sum garantiansvar overfor kundar	55 259	49 471
Pantsetjingar		
Virkeleg verdi av verdipapir pantsatt til fordel for Norges Bank	251 338	228 393
Sum pantsetjingar	251 338	228 393

Verd Boligkreditt AS

Luster Sparebank har avtale om juridisk sal av utlån med høg sikkerhet og pant i eigendom til Verd Boligkreditt AS (Verd) som blir eigd av 18 frittstående sparebankar. Etter inngått forvaltningsavtale med Verd står dei enkelte sparebankane for forvaltning av utlåna og opprettheld også kundekontakten. Bankane mottok eit vederlag i form av provisjon for dei plikter som følgjer med forvaltning av låna. Luster Sparebank har vurdert dei rekneskapsmessige konsekvensane slik at det vesentlege av risiko og fordeler ved eigarskap knytt til dei selde utlåna er overført, og det har som konsekvens full frårekning. Motteke vederlag for lån overført til Verd tilsvarar bokført verdi av hovudstol inkl. påløpte renter og blir vurdert å samsvare med låna sin verkelege verdi på overføringstidspunktet. Eigarbankane innrekner alle rettar og plikter som blir skapt eller beholdt ved overføringa separat som eigendel eller forplikting. Dersom Verd får tap på overtekne lån har dei ein viss motrekningsrett i provisjonar frå alle banker som har overført lån. Det føreligg dermed ein begrensa attverande involvering knytt til selde utlån ved mogleg begrensa avrekning av tap mot provisjon. Denne motrekningsretten er ikkje vurdert å vere av ein slik karakter at den endrar på konklusjonen om at det

vesentlege av risiko og fordeler ved eigarskap er overført. Dersom Luster Sparebank ikkje er i stand til å betene kundane, kan Verd overføre forvaltningsansvaret til ein eller fleire andre eigarbankar. Retten til provisjon vil i ein slik situasjon felle vekk. Videre har Luster Sparebank ein rett til å kjøpe tilbake utlån under gitte vilkår. Bankens eigerandel i Verd går fram av note 30 .

Verd Boligkreditt AS har konsesjon som kredittforetak med rett til å utferde obligasjonar med fortrinnsrett (OMF), og erverve utlån med pant i bustad og utferde OMF innanfor gjeldande regelverk. Verd Boligkreditt AS sine OMF-ar har ein rating frå Moody's Ratings på Aaa frå 18. juni 2024. Dette er den høgast rating det er mogeleg å få. Lån seld til Verd er sikra med pant i bustad innanfor 75 prosent av dokumentert verdi på bustad.

Selde lån er juridisk eigd av Verd, og Luster Sparebank har ingen rett til bruk av låna, utover retten til å stå for forvaltning og å motta provisjon, samt rett til å overta helt eller delvis nedskriven verdi. Eigarbankane forvaltar dei selde utlåna og mottek provisjon basert på nettoen av avkastninga på utlåna banken har seld og kostnadene i Verd. Totalt er det frårekna bustadlån til Verd for kr 982 mill. ved utgangen av rekneskapsåret. Motteke vederlag for lån overført frå banken til Verd tilsvarar nominell verdi på overførte utlån og er vurdert tilnærma samanfallande med låna sin verkelege verdi ved utgangen av 2024 og 2025. Luster Sparebank pliktar å finansiere inntil 10 % av lånevolumet banken har overført Verd, og pr 31.12.25 utgjør denne finansieringa kr 96 mill. Beløpet inngår i balanseposten Utlån og fordringar på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak til amortisert kost. Låna overført til Verd er godt sikra og risikoen for tap er liten. Banken har også inngått ein aksjonæravtale med aksjonærane i Verd Boligkreditt AS. Denne inneber blant annet at banken skal bidra til at Verd Boligkreditt AS til ein kvar tid har ein rein kjernekapitaldekning (Core Tier 1) som er i samsvar med dei krav som styresmaktene fastset (inkl. krav til bufferkapital og Pilar 2 utrekningar), og eventuelt å tilføre kjernekapital om den fell til eit lågare nivå.

Note 37 Hending etter balansedagen

Det har ikkje førekome hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av eller tilleggssopplysningar i rekneskapet eller i notar til rekneskapet.

Nøkkeltal

RESULTATANALYSE (i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital)	2025	2024
Renteinntekter og liknande inntekter	5,19	5,40
Rentekostnader og liknande kostnader	2,79	2,88
Netto renteinntekter	2,40	2,52
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	0,41	0,36
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-0,05	-0,05
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrument	0,18	0,14
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	0,35	0,47
Andre driftsinntekter	0,00	0,00
Sum andre inntekter	0,89	0,92
Løn og andre personalkostnader	0,59	0,57
Andre driftskostnader	0,67	0,65
Av-/nedskrivingar, verdiendringar og vinst/tap ikkje-fin. eigendeler	0,01	0,01
Sum driftskostnader	1,27	1,23
Resultat fra videreført verksemd før tap	2,02	2,21
Kredittap på utlån, garantiar mv og renteberande verdipapir	0,11	0,08
Resultat før skatt fra videreført verksemd før tap	1,91	2,13
Skatt på resultat fra videreført verksemd	0,41	0,45
Resultat før andre inntekter og kostnader	1,50	1,68
Andre inntekter og kostnader	0,02	-0,03
Totalresultat for regnskapsåret	1,52	1,65
Gjennomsnittleg forvaltningskapital (NOK 1.000)	5 021 937	4 691 953
ANDRE NØKKELTALL		
Lønsemd		
Eigenkapitalavkastning etter skatt	9,17 %	10,53 %
Kostnadsprosent ekskl verdiendring verdipapir	43,17 %	41,36 %
Soliditet		
Egenkapital i % av forvaltningskapital	16,67 %	16,33 %
Uvekta kjernekapital (LR)	14,14 %	14,00 %
Soliditet konsolidert		
Uvektet kjernekapital (LR) etter innkonsolidering av		
Verd Boligkreditt AS og Brage Finans AS	13,32 %	12,75 %
Likviditet		
LCR	198 %	282 %
NSFR	138 %	141 %
Tap og misleghald i % av brutto engasjement (utlån, unytta kredittar og garantiar)		
Bokført tap i % av brutto engasjement	0,13 %	0,09 %
Brutto misleghaldne engasjement (> 90 dager) i %		
av brutto engasjement	0,99 %	0,85 %
Brutto tapsutsette engasjement i % av brutto engasjement	0,71 %	0,83 %
Vekst, innskotsdekning, storleik		
Endring forvaltningskapital	6,71 %	7,10 %
Endring forvaltningskapital inkl Verd Boligkreditt	6,36 %	9,21 %
Utlånsvekst på eigen bok	3,53 %	5,88 %
Utlånsvekst inkl Verd Boligkreditt AS	3,73 %	8,58 %
Innskotsdekning	99,32 %	94,39 %
Innskotsdekning inkl Verd Boligkreditt AS	79,88 %	76,06 %
Innskotsvekst	8,94 %	9,07 %

Signering av Årsmelding og rekneskap 2025 Luster Sparebank.pdf

Dette dokumentet er signert digitalt av:

Tom Dyrdal	13.03.2026	med Norsk BankID
Gry Høyheim	13.03.2026	med Norsk BankID
Thomas Dalsøren	13.03.2026	med Norsk BankID
Anette Stegegjerdet Norberg	13.03.2026	med Norsk BankID
Jermund Lien Molland	13.03.2026	med Norsk BankID
Svein Ove Slinde	13.03.2026	med Norsk BankID



Til generalforsamlinga i Luster Sparebank

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Luster Sparebank som er samansett av balanse per 31. desember 2025, resultatrekneskap, endring i egenkapital og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og gjev årsrekneskapen eit rettvisebilde av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2025, og av resultata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Vår konklusjon er konsistent med vår tilleggsrapport til revisjonsutvalet.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane) som gjeld for revisjon av rekneskap til føretak av allmenn interesse, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Vi er ikkje kjend med at vi har levert tenester som er i strid med forbudet i revisjonsforordninga (EU) No 537/2014 artikkel 5 nr. 1.

Vi vart første gang valt som revisor for Luster Sparebank før 1995 og har no vore revisor i ein samanhengande periode på minst 31 år.

Sentrale tilhøve ved revisjonen

Sentrale tilhøve ved revisjonen er dei tilhøva vi meiner var av størst betydning ved revisjonen av årsrekneskapen for 2025. Desse tilhøva blei handtert då revisjonen vart utført og då vi danna oss ei meining om årsrekneskapen totalt sett, og vi konkluderer ikkje særskilt på desse tilhøva.

Sentrale tilhøve ved revisjonen

Korleis vi i vår revisjon handterte sentrale tilhøve ved revisjonen

Verdsetjing av utlån til kundar

Vi fokuserer på verdsetjing av utlån til kundar fordi utlån utgjer ein vesentleg del av verdien av egedelane i balansen. Dessutan tek verddivurderinga av utlån utgangspunkt i dei omfattande rekneskapsreglane i IFRS 9, og prosessane i banken omfattar mellom anna eit modellbasert komplekst rammeverk med element som krev at leiinga nyttar skjønn. For utlån der det ligg føre objektive indikasjonar på verdifall, nyttar leiinga skjønn for å fastsetje verdien. Rekneskapsreglane, rammeverket, mengda data og skjønnsutøvinga aukar den ibuande risikoen for feil.

Vi tileigna oss ei forståing av prosessane og det modellbaserte rammeverket leiinga nyttar for å rekne ut verdien av utlån og korleis lån vert klassifiserte i trinn. Vi drøfta konsekvensen av den makroøkonomiske utviklinga og om den påverkar verdien av utlån framover med leiinga.

For den delen av utlån der verdien vert rekna ut ved hjelp av eit modellverk, tok vi først stilling til om modellen var i samsvar med rekneskapsreglane. Vi vurderte og testa om kriteria banken har for inndeling i trinn, vart følgde. Deretter vart utrekningane i modellen og fullstendigheit og nøyaktigheit til data som var nytta i modellen testa.

Note 2, 3, 5, 16, 18 og 19 er relevante for skildringa av modellverket og korleis verdien av utlån vert estimert.

Testane våre omfatta vurdering av rimelegheit av estimat for tapsgrad. Vi vurderte og utfordra rimelegheit i sentrale skjønnsmessige føresetnader i drøfting med leiinga i banken.

For eit utval av lån der det låg føre objektive indikasjonar på verdifall, tileigna vi oss ei forståing av føresetnadene leiinga la til grunn for å fastsetje verdien av utlåna. Vi henta inn både interne og eksterne bevis for å underbygge verdien av låna og eventuell trygd (pant). Bevis og dei sentrale skjønnsmessige føresetnadene var gjenstand for drøfting med dei ansvarlege i banken.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer verken informasjonen i årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga, annan ytterlegare informasjon og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvise bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvika.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.

- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi på om leiinga si bruk av framleis drift-føresetnaden er formålstenleg og, basert på innhenta revisjonsbevis, om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betyding om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, krevjes det at vi i revisjonsmeldinga gjer merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer konklusjonen vår. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta fram til datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje kan halde fram drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisebilde.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde innhendet i revisjonen, tidspunkt for revisjonsarbeidet, og eventuelle vesentlege funn i revisjonen, irekna vesentlege svakheiter i den interne kontrollen som vi avdekkjer gjennom revisjonen.

Vi gjev ein uttalelse til revisjonsutvalet om at vi har etterlevd relevante etiske krav til uavhengigheit, og kommuniserer med dei alle relasjonar og andre tilhøve som innanfor rimelege grenser kan tenkjast å kunne påverke uavhengigheten vår, og, der det er relevant, om iverksette tiltak for å eliminere trugslar eller tekne åtgjerder.

Av dei tilhøva vi har kommunisert med styret, tar vi standpunkt til kva for tilhøve som var av størst betyding for revisjonen av årsrekneskapen for den aktuelle perioden, og som derfor er sentrale tilhøve ved revisjonen. Vi omtaler desse tilhøva i revisjonsmeldinga om ikkje lov eller forskrift hindrar at tilhøvet vert gjort offentleg, eller dersom vi, i ekstremt sjeldne tilfelle, avgjer at eit tilhøve ikkje skal omtalast i revisjonsmeldinga sidan ein må rekne med at dei negative følgjene av ei slik offentleggjering innanfor rimelege grenser oppveg allmenta si interesse av at tilhøvet vert omtala.

Bergen, 13. mars 2026

PricewaterhouseCoopers AS

Marius Kaland Olsen
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

Securely signed with Brevio

This document is electronically signed and sealed with Brevio under **eIDAS**, valid in all EU states. Signatures comply with **eIDAS** and **PAdES** standards.

The identities of the signers are listed below: